

Årsrapport 2014

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Innhold

I - Fylkesmannens beretning	Side 3
II - Introduksjon til embedets hovedtall	Side 5
III - Årets aktiviteter og resultater	Side 8
IV - Styring og kontroll i embedet	Side 17
V - Vurdering av framtidsutsikter	Side 19

I - Fylkesmannens beretning

Kommunereforma har prega arbeidet hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2014. Vi har brukt mykje tid og ressursar på å formidle nasjonale mål og forventningar til kommunane, og opplever at nabopraten er godt i gang. Kommunereforma fører til mykje debatt mellom politikarane i fylket vårt, og vi er spente på korleis utgreiingane vil engasjere vanlege folk.

Både embetet og fylket elles har i 2014 vore mykje prega av diskusjonane om strukturreformer på ulike område. Sogn og Fjordane er eit fylke som presterer godt på dei fleste levekårsindikatorane som kriminalitet, skuleresultat, fråfall i vidaregåande skule, gjennomstrøyming i høgare utdanning og levealder. Vi meiner viktigaste grunnen er at vi har eit særst godt samarbeid mellom dei sentrale aktørane, altså Fylkesmannen, fylkeskommunen, Nav, Høgskulen i Sogn og Fjordane, politiet, NHO, LO, KS og kommunane. For å bruke moderne språk, har vi «robuste samarbeidsstrukturar», der ulike etatar er vande med å arbeide tett i lag for å nå felles mål.

Vi har lagt merke til at diskusjonen kring dei ulike reformene i stor grad går på å bli større og meir robuste, utan at innhald og kvalitetar i dagens struktur er med i reknestykket. Til dømes ligg, som nemnt, studentane ved høgskulen i fylket i toppen i gjennomstrøyming. Frå ein samla studentmasse der 40 prosent kjem frå fylket, vel heile 77,5 prosent av dei ferdige studentane på velferdsutdanningane å bli verande i fylket etter avslutta utdanning. Desse ferdige studentane er heilt avgjerande for at kommunane skal kunne levere gode tenester til innbyggjarane.

Overordna har Fylkesmannen i 2014 hatt ei god måloppnåing. Vi har stort sett klart å oppfylle embetsoppdraga våre. På somme område har vi måtta prioritere ned, medan vi på somme område legg inn større tyngd enn det ei nøktern lesing av embetsoppdraget skulle føre til. Særskilt prioriterte område i strategiplanen for 2014 til 2017 er:

- kriseberedskap både i eigen organisasjon og i fylket
- rettleiing, tilsyn og klagehandsaming for å sikre rettane til innbyggjarane og god kvalitet på kommunale tenester
- oppdaterte og gode planar i kommunane
- samhandling med nasjonale styresmakter, nabofylka og organisasjonar i fylket til beste for Sogn og Fjordane
- dialog og god kommunikasjon
- kompetanse og trivsel hjå dei tilsette

Diverre har krisehandtering vore stadig viktigare for oss dei siste åra, men vi får gode tilbakemeldingar på arbeidet vårt. I 2014 var dei mest alvorlege akutthendingane brannen i Lærdal og flaumen i Indre Sogn. I brannen vart nesten 700 personar evakuerte, medan 42 bygningar gjekk tapt og 71 personar mista bustadhusa sine. Brannen skadde også tele- og internettsambandet. I flaumen måtte innbyggjarar evakuerast både i Årdal, Lærdal og Aurland. Han råka verst i Flåm i Aurland, der seks hus og tre bruer gjekk tapt, og rundt 200 personar måtte evakuerast. Under begge krisene sette Fylkesmannen krisestab og kalla inn til møte i fylkesberedskapsrådet for å samordne dei ansvarlege etatane. I tillegg tok vi del i den kommunale kriseleiinga under brannen i Lærdal, ettersom delar av kriseleiinga sjølve var råka av brannen. Krisene medfører mykje arbeid i ettertid, med å evaluere, å formidle læringspunkt og å hjelpe kommunane med å få økonomisk kompensasjon.

For rettleiing, tilsyn og klagehandsaming og på planområdet har vi hatt desse særskilte satsingane siste åra:

- *sjumilssteget*, om å ta i bruk barnekonvensjonen til beste for barn og unge
- *læringstilsyn* der nabokommunar utfører eigentilsyn under rettleiing og parallelt med at vi har tilsyn med ein kommune
- *rettstryggleiksløftet*, om å etterleve grunnleggjande sakshandsamingsreglar
- *planløftet*, med vekt på gode kommuneplanar

Satsingane gjer at medvitet til kommunane blir sterkare på områda. Dei tek med stor interesse i bruk ulike praktiske verktøy vi har utarbeidd, som framlegg til sakshandsamingsrutinar og kunnskapsbankar. På planområdet merkar vi klar framgang i arbeidet med at kommunane reviderer kommuneplanane.

I 2014 har vi hatt ein markant auke i gode søkjarar til ledige stillingar. Vi har hovudkontor i ein liten kommune med 2 200 innbyggjarar, men vi rekrutterer frå eit felles bu- og arbeidsområde i Indre og Midtre Sogn med sju kommunar med til saman 25 000 innbyggjarar. Særleg er det mange av dei nyttilsette hjå oss som bur i Sogndal, 20 minuttar reisetid frå Leikanger. I tillegg tilbyr vi kontorplass i Førde for somme stillingar, der det felles bu- og arbeidsområdet utgjer 35 000 innbyggjarar.

Vi set stor pris på at det i prosjektet om styring av fylkesmennene er lagt opp til mindre detaljert styring og meir tillit. Likevel ser vi stadig døme på at somme av oppdragsgjevarane våre ber om rapporteringar eller kallar inn til konferansar og møte utan tanke for korleis dette passar i vårt fylke og for våre kommunar. Eitt døme er Bufetat, som rett før jul påla oss å arrangere ein konferanse i januar om å styrke skulesituasjonen for barn og unge i barnevernet. Vi er samde i at føremålet er godt, men gjennom eit godt samordningsarbeid i sjumilssteget over fleire år, hadde vi alt planlagt fleire møteplassar for den same målgruppa i 2015 der dette temaet kunne vore teke opp. Slike pålegg som kjem på kort varsel utan rådføring med fylkesmennene, skaper mykje ekstra ressursbruk både for oss og kommunane.

Med stadig trongare økonomiske rammer og auke i saksmengd, må vi prioritere hardare. Vi opplever at det er varierende grad av forståing for dette hjå oppdragsgjevarane våre. Til dømes kjem Helsetilsynet med prioriteringsråd i oppdragsbrev, men det er vanskeleg å sjå kva som kan prioriterast ned, jf. prioriteringsavsnittet:

«Høyeste prioritet har hendelsesbaserte tilsynssaker og rettighetsklager hvor det er viktig å gripe inn raskt, klagesaker etter pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A hvor det er av spesiell betydning for brukeren at saken behandles raskt og gjennomgang/overprøving av tvangstiltak etter pasient- og brukerrettighetsloven og helse- og omsorgstjenesteloven kapittel... Prioriteringsrekkefølgen innebærer ikke at alle klage- og tilsynssaker skal sluttbehandles før embetet igangsetter planlagt tilsyn. Embetet forventes å komme så nær saksbehandlings- og volumkrav som mulig for alle oppgavene. Dersom kravene ikke kan oppfylles, er det viktigst å oppfylle kravet til leveringstid for de prioriterte sakene, og dernest volumkrav for planlagt landsomfattende tilsyn.»

Samstundes får vi signal om at vanleg planlagt tilsyn må prioriterast opp. Like eins skal pasienttransportsaker, som har hatt lågare prioritet enn topp, no handsamast med prioritet som andre rettighetssaker.

I 2014 gjekk vi samla med eit overskot på 242 426 kr. Rekneskapstala viser at vi isolert sett gjekk om lag 720 000 kr i underskot i 2014. Vi hadde likevel god kontroll på økonomien, i og med at heile underskotet vart dekt inn av overskotet året før. For 2015 er løyvinga vår redusert med 461 000 kr. Dette kjem i tillegg til reduksjonar i løyvingane for 2013 og 2014. Vi må innrette drifta etter dette, og legg opp til å redusere med to stillingar i 2015. Vi ser føre oss at dette vil føre til vanskelege diskusjonar om prioriteringar mellom fagområde og avdelingar, og i neste omgang til misnøye frå oppdragsgjevarane våre på områda vi prioriterer ned.

Anne Karin Hamre (sign.)

II - Introduksjon til embetets hovedtall

Ei kort omtale av samfunnsoppdraget og overordna mål for verksemda

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Fylkesmannen er:

1. Å vere **sektorstyresmakt** på ei rekkje område, på oppdrag frå elleve departement og ni direktorat og tilsyn
2. Å vere **regional samordningsstyresmakt** for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
3. Å vere **rettstryggleikshandhevar** som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyresmakt for kommunane
4. Å verke til **gagn og beste for fylket** og å ta dei initiativ som er påkravde
5. Å **orientere sentrale styresmakter** om viktige spørsmål i fylket, og å **formidle relevant informasjon** til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ

Omtale av embetet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane held til på Leikanger, med unntak av landbruksavdelinga i Førde. Anne Karin Hamre er fylkesmann, og Gunnar O. Hæreid er assisterande fylkesmann. Ved siste årsskiftet var vi 134 tilsette og hadde 116,3 årsverk. Vi har seks avdelingar:

- Miljøvern
- Landbruk
- Administrasjon (med IKT-seksjon)
- Utdanning
- Helse- og sosial
- Juridisk (med verjemål)

I tillegg er fagområda beredskap, kommuneøkonomi, kommunereform og kommunikasjon samla i staben til fylkesmannen.

Samanlikna med andre embete er det to særtrekk hjå oss. Det eine er at vi har to kontorstader. Dette har sine ulemper med reisetid mellom kontora og at landbruksavdelinga lever åtskilt frå resten av embetet. På andre sida ser vi også fordelar. Største fordelen er at vi har ein lyttepost i ein annan del av fylket, som gjer oss betre i stand til å ha ein god dialog med kommunane som ligg lengre frå hovudkontoret. Dernest rekrutterer vi frå ein større arbeidsmarknad når vi for somme stillingar kan tilby kontorplass i to delar av fylket. Ulempa med avstand er kraftig redusert av utstrekkt bruk av videomøte. Når vi også tek omsyn til risikoen for å øydeleggje eit sær kompetent fagmiljø i landbruksavdelinga, er det lite aktuelt for oss å samle embetet på ein stad.

Det andre særtrekket er at vi har nasjonale oppgåver innanfor IKT. IKT-seksjonen arbeider med utvikling og drift av intranett, eksterne nettsider og FM-nett for fylkesmennene og KMD, og med utvikling og drift av fullintegreerte sakshandsamingsløysingar som til dømes fritt rettsråd og partistøtte. Vi kjem meir inn på dei nasjonale oppgåvene innanfor IKT i del III.

Kort omtale av samarbeid med andre embete og andre verksemdar der samarbeidet har verka inn på resultatoppnåinga i eiga eller andre verksemdar

Våren 2014 tok vi initiativ til eit tettare samarbeid med embeta i Hordaland og Rogaland, der vi mellom anna ser på om vi kan løyse oppgåver for kvarandre, om vi kan ta ansvar for å vere ressursembete for kvarandre, og om det er oppgåver som betre kan løysast på eit lågare nivå enn i dag, til dømes ved overføring av oppgåver til kommunane. Vi vart samde med Hordaland om å gå vidare inn og konkretisere spørsmåla om å løyse oppgåver for kvarandre, medan alle dei tre embeta samarbeider vidare om dei andre problemstillingane.

Vi har meir eller mindre formaliserte faglege nettverk med andre fylkesmenn mellom anna på desse fagområda:

- Kystsonenettverk i plan og bygg, med Rogaland og Hordaland
- Verjemål, med Rogaland, Hordaland, Vest-Agder og Aust-Agder

- Nettverk for velferdsfag, med Rogaland og Hordaland
- Landbruksnettverk som følger opp forskning frå Bioforsk Furuneset fagsenter, med Hordaland og Møre og Romsdal
- Sørvest-nettverket på barnehage og utdanning, saman med Hordaland, Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal
- Barnevernnettverk, med Rogaland og Hordaland
- Nav- og sosialnettverk, med Rogaland og Hordaland
- Nettverk om helse og omsorgstenestlova kap. 9, med Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag.
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland og Hordaland
- Helsetilsynet i vest-nettverk, med Rogaland og Hordaland

I tillegg har vi mykje uformell kontakt med kollegaer både på leiar- og sakshandsamarnivå på ulike fagfelt, særskilt med vestlandsfylka.

Vi har stort utbytte av samarbeid med andre fylkesmenn, både for å få felles tilnærmingar til prinsipielle problemstillingar og å samordne praksis i embeta.

Innanfor fylket har Fylkesmannen eit utstrekt samarbeid med andre verksemdar. Vi er ikkje i tvil om at ein av grunnane til at fylket gjer det godt på mange landsfemnande statistikkar, er dei gode og tette relasjonane på mange område mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen, KS, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Nav, Vestlandsforskning og kommunane, og stundom med næringslivet og fagrørsla. Vi trur at dei robuste samhandlingsstrukturane i fylket langt på veg erstattar og stundom fungerer betre enn store og robuste einingar med definerte ansvarsområde. Store einskildverksemdar har ofte vanskar med å sjå heilskap og kompleksitet, og dei er mindre innretta på å samhandle med andre.

Vi har som hovudregel seks drøftingsmøte i året med leiinga i fylkeskommunen, to med KS og eitt kvar med politimeisteren og Nav. Vi har òg eitt årleg møte med UDI, IMDi, Nav og KS, der vi drøftar problemstillingar på asyl- og flyktningområdet. I kommunereforma har vi etablert eit endå tettare samarbeid med KS. Til dømes har vi felles statusmøte på video annakvar veke, ved sida av at KS, saman med regionrådsleiarane, er med i den fylkesdekkjande referansegruppa for reforma. Dessutan er KS, avhengig av kapasitet, ofte med når vi drøftar reforma med einskilte kommunar.

Vi planlegg alltid kommunekonferansen om våren og rådmannssamlinga om hausten i samråd med KS. Samlingane er viktige møtepunkt for å informere om statleg politikk, få innspel til sentrale styresmakter og å skape eit godt samarbeidsklima.

Nokre av dei formelle fagnettverka vi har teke initiativ til eller deltek i, og meiner fungerer godt til beste for fylket, er:

- Forum for folkehelse, helse og omsorg, saman med regionråda, Helse Førde, høgskulen, fylkeskommunen, Nav, brukarrepresentant og samhandlingskoordinator
- Arbeidsgruppe om rus og helse, saman med Helse Førde, Nav, fylkeskommunen, RVTS, Bergensklinikkene og Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helse og rus
- IT-forum Sogn og Fjordane, saman med mellom andre fylkeskommunen, høgskulen, NHO, KS, Vestlandsforskning, Sparebanken Sogn og Fjordane, Hydro Aluminium, Sogndal Fotball og Lerum
- Forum for skule og barnehageutvikling, saman med KS, høgskulen, Utdanningsforbundet og Skolelederforbundet
- Nettverk for kommunar med asylmottak, saman med UDI, Nav og KS (under oppstart)
- Regionalt plannettverk, saman med fylkeskommunen og KS (under oppstart)
- Kontaktutval for rovviltsaker, saman med beitenæringa

- Styringsgruppe for oppfølging av regional klimaplan, saman med fylkeskommunen og KS
- Fylkesgeodatautvalet for Sogn og Fjordane, saman med Kartverket og fylkeskommunen
- Økonominettverk for økonomiansvarlege i kommunane, saman med KS og kommunane
- Stat-næring-samarbeidet, saman med høgskulen, Nav, Skatt Vest, Innovasjon Noreg, NHO og LO
- Nynorsk forum, saman med mellom andre fylkeskommunen, avisa Firda, KS, LNK, Nynorsk mediesenter, Utdanningsforbundet, Lerum, Alexandra hotell, Sparebanken Sogn og Fjordane, NHO, LO og høgskulen
- (Det tidlegare) landbruksselskapet, saman med bondeorganisasjonane, Tine, Nortura, landbruksrådgjevinga, dei lokale forskingsinstitusjonane i landbruket og KS
- Næringsutvikling i landbruket, saman med skogeigarlaget, fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og kommunane

Eit døme på at samarbeidsstrukturane fører til konkrete resultat, er IT-forum Sogn og Fjordane. IT-forum har sidan oppstarten i 1995 stått bak [mange satsingar](#). Den siste store satsinga som er fullført, er [elektronisk utveksling av pasientopplysningar mellom sjukehus, legekontor og helse- og omsorgssektoren i kommunane](#). Både Riksrevisjonen og kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget har i 2014 vore opptekne av at landet ligg langt bak nasjonale målsetnader på området. I Sogn og Fjordane vart prosjektet ferdig i juni 2014.

Eit anna døme er at skuleelevane i Sogn og Fjordane år etter år ligg i landstoppen, både målt ut frå nasjonale prøver, standpunkt- og eksamenskarakterar og grunnskulepoeng. Vanlegvis vert gode resultat hjå elevar forklart med høgt utdanningsnivå hjå foreldra. For Sogn og Fjordane slår ikkje dette til. Ei medverkande årsak til resultatane er truleg det tette samarbeidet i Forum for skule og barnehageutvikling. Høgskulen i Sogn og Fjordane har fått tildelt midlar frå Forskningsrådet til eit omfattande forskingsprosjekt for å forske nærare på årsakene. Forskningsprosjektet går over tre-fire år, og inneber mellom anna ei samanlikning med Nord-Trøndelag, Oppland og Aust-Agder.

III - Årets aktiviteter og resultater

Sentrale politiske føringar

Sentrale politiske føringar går fram av tildelingsbrevet frå KMD for 2014 punkt 2:

«De sentrale politiske føringene for Fylkesmannens arbeid i 2014 er knyttet til generelle iverksettings-, samordnings- og veiledningsoppgaver rettet mot kommunene. Dette gjelder modernisering av offentlig sektor, velferd, helse, sosiale tjenester, personlig tjenesteyting, oppvekst, familiepolitikk, barnehage, opplæring, plan- og byggesaker, landbruk og næringsutvikling, naturressursforvaltning, miljøvern, samfunnsikkerhet og beredskap.»

Alle embetenes oppdragsgivere, både departementer, direktorater og tilsyn, vil understreke betydningen av at sektorovergripende oppgaver løses gjennom samarbeid mellom berørte fagavdelinger i embetene. Videre er oppdragsgiverne opptatt av at læring og erfaringsutveksling vektlegges i oppgaveløsningen, både mellom fagavdelingene internt i embetet og mellom embetene.»

I tillegg fekk fylkesmennene i juli, som varsla i tildelingsbrevet, i oppgåve å vere prosessrettleiarar i kommunereforma.

Samla vurdering av måloppnåing

Vi har god måloppnåing på sektorområda våre. Vi meiner vi har god dialog med kommunane og at vi formidlar statleg politikk. Jamt over oppfyller vi måltala for tilsyn, opplæringstiltak og klagehandsaming.

Samla har vi god kvalitet på vedtaka vi gjer i klagesaker. På somme område har vi framleis for lang handsamingstid. I 2014 har vi ikkje fått kritikk frå Sivilombudsmannen eller fått underkjent vedtak i domstolane. Klart og godt språk er høgt prioritert, med vekt på rettskriving, korte setningar, tydelege konklusjonar og forbod mot flosklar og klisjear. Vi håpar årsrapporten avspeglar dette. Likevel er det alltid noko vi burde ha gjort betre, men dette er også eit spørsmål om kor mykje arbeid vi skal leggje ned i kvar sak.

Vi arbeider målretta med å kunne løyse oppgåvene våre meir effektivt og med betre læringsutbyte. Til dømes legg vi stor vekt på digitalisering og bruk av IKT-verktøy, og vi prøver ut nye måtar å føre tilsyn på, som aukar læringsutbytet i kommunane.

Utoverretta verksemd mot publikum

For å nå meir ut med informasjon til publikum og kommunar, har vi sidan 2009 stått bak fylkesmannsbloggen. Der tek vi opp allmenne problemstillingar som vi meiner er viktige å løfte fram, stort sett annankvar veke. I 2014 har vi mellom anna teke opp

- busetjing og integrering
- landbruksfylket Sogn og Fjordane
- tidstjuvar
- behovet for verjer
- barnekonvensjonen
- barnevernet
- marin forsøpling
- folketal
- rettstryggleik
- inntektssystemet for kommunane
- varsling på beredskapsområdet
- helsekrav til førarkort

- sakshandsamingstid
- IKT-fylket Sogn og Fjordane
- naturmangfald
- kommunereforma

Somme av bloggane er også trykte i avisene i fylket. I 2014 hadde bloggen i gjennomsnitt 6 000 treff kvar måned, fordelt på i underkant av 1 300 unike gjester.

Vi har også skrive kronikk om kommunereforma som er trykt i avisene i fylket. Dessutan har vi lagt ut mange informasjonssaker på nettstaden vår innanfor alle fagfelt, både aktuelle klage- og tilsynssaker og generell informasjon.

Sakshandsaming og innsynskrav

I 2014 registrerte vi 14 288 inngåande journalpostar, ein auke med 307 frå 2013 og med 665 frå 2012. Talet på utgåande journalpostar var 9 031, ein oppgang på 606 frå året før. (For ordens skuld må vi presisere at post som gjeld verjemål, ikkje er med i tala.)

I 2014 fekk vi 2 843 innsynskrav, 585 færre enn i 2013. Talet på innsynskrav har dermed gått noko ned att, etter den store auken som kom i 2010 då offentleg elektronisk postjournal vart innført.

Avvik

Ein auke i forventningane på visse område, saman med noko nedgang i ressurstilgangen, gjer at vi må prioritere mellom arbeidsoppgåvene våre. Vi har framleis for lang sakshandsamingstid for nokre viktige sakstypar:

- Fråsegner til plansaker: I alt 77 (av 484) fråsegner vart sende etter høyringsfristen først fastsett av kommunen (minst fire veker), der dei fleste kom ein til to dagar over fristen og alle etter særskilt avtale med kommunen.
- Klagesaker i plan og bygg (både reguleringsplan og byggesak): I alt 66 av 134 saker vart avslutta etter fristen på tre månader, men vi hadde per årsskiftet så låg restanse at vi forventar betring.
- Hendingsbaserte tilsynssaker på helseområdet: I alt 17 av 85 saker vart avslutta etter fristen frå Statens helsetilsyn på fem månader, på grunn av ein kraftig auke i talet på saker.
- Dispensasjon frå helsekrav til førarkort: I alt 70 av 857 saker vart avslutta etter fristen frå Helsedirektoratet på seks veker.

På andre viktige område har vi stort sett akseptable sakshandsamingstider, sjølv om det kan vere einiske saker som av ulike grunnar tek tid.

I 2014 gjorde vi mellom anna desse prioriteringane:

- Vi prioriterer ned deltaking på sentrale samlingar og konferansar, på den måten at færre av dei tilsette reiser på kvart møte, og vi etterspør som regel strøyming på video.
- På grunn av vakansar på landbruksavdelinga prioriterte vi ned arbeidet med utvalde kulturlandskap i jordbruket, der vi ønskjer å følgje sterkare opp i 2015.
- På utdanningsområdet har vi i periodar med vakansar prioritert ned rettleiing, oppfølging og motivering, men vi meiner vi likevel nådde måla.
- For klagesaker i plan- og bygg prioriterte vi ned rettleiing og opplæring av kommunane, for å kunne forkorte sakshandsamingstidene.
- På miljøområdet har vi prioritert ned oppgåver der det er delt ansvar med andre etatar, og der vi meiner vi har eit uklart oppdrag, til dømes der fylkeskommunen har ansvar for friluftsliv, tettstadsproblematikk, konseptvalutgreiingar for større vegsamband, og samfunnsdelen til kommuneplanen.
- På grunn av behovet for auka innsats for utvalde naturtypar og andre prioriterte naturmangfaldoppgåver, har vi brukt mindre ressursar på å gje fråsegner til ulike inngrepssaker (t.d. landbruksvegar, nydyrking, mindre

kraftliner).

- På grunn av vakanse på beredskapsområdet måtte vi utsetje nokre tilsyn med kommunane til 2015.
- Vi prioriterte ned arbeidet med atomberedskap, mellom anna fordi vi ventar på at Statens strålevern skal kome med nytt plangrunnlag for den kommunale atomberedskapen.

I tillegg har vi på helseområdet fått stor auke i oppgåvene siste året utan å få meir ressursar. På fem år har vi fått dobbelt så mange hendingsbaserte helsetilsynssaker, og siste året åleine var auken 25 prosent. Helse- og omsorgsdepartementet har bede oss prioritere lovpålagte oppgåver innanfor rammene, særleg dei som gjeld rettane til enkeltpersonar. I tråd med prioriteringsinstruksen frå Helsetilsynet er det nokre tilsyn vi ikkje har utført. Dette er delvis kompensert med gjennomførte *læringstilsyn*, der vi også har gjort ei evaluering av utbytte målt i forbetra tenesteyting. Vi kjem meir inn på læringstilsyn under «Velferd, helse og personleg tenestyting».

Kort omtale og vurdering av kvart sektorområde

Kommunereform

Sidan vi fekk oppdraget i juli 2014, har vi nytta mykje ressursar på arbeidet med kommunereforma. Vi fekk raskt på plass prosessretteleiar frå eigne rekkjer, som kom frå fagfeltet kommuneøkonomi og analyse. I februar 2014 etablerte vi ei referansegruppe med deltaking frå dei fire regionråda, KS, fylkeskommunen og distriktssenteret. Frå hausten har vi etablert eit tett samarbeid med KS om å rettleie kommunane. Hausten 2014 la vi stor vekt på å informere om reforma, mellom anna i dei fire regionråda og i 17 av 26 kommunestyre.

I første halvåret av reforma har vi kome så langt som vi burde. Nabopraten er godt i gang i alle delar av fylket, og dei fleste kommunane har avklara kven dei vil greie ut ny struktur saman med. Berre ein kommune ønskjer ikkje å greie ut saman med andre. Likevel ser vi at somme kommunar har valt å greie ut så mange og så store alternativ at vi lurar på realismen. I mange kommunar er det open skepsis til reforma.

Vi får tilbakemeldingar frå kommunane om at det er vanskeleg å gå inn i ein prosess når dei i stor grad må nytte eigne ressursar, når dei ikkje veit kva som vil skje med inntektssystemet, dei ikkje veit kva oppgåver nye kommunar skal få, og at det er utydelege mål for reforma. Noko av dette var vi inne på i årsrapporten i fjor. Når vi i 2015 lyser ut skjønsmidlar til fornying i kommunane, er midlar til utgreiing av nye kommunar eit prioritert område.

Så langt har vi nytta meir ressursar på kommunereforma enn den ekstratildelinga vi fekk frå september 2014, til løn, reiser rundt i fylket og leiarstøtte. I embetet prioriterer vi kommunereforma, og dette kan føre til mindre merksemd og mindre ressursar på andre område.

Kommuneøkonomi

Ved utgangen av 2014 var sju av 26 kommunar i fylket registrerte i Robek. Selje, Askvoll og Høyanger vart melde inn i 2014, medan Vik, Bremanger, Lærdal og Årdal var der frå før. I samarbeid med KS har vi invitert Robek-kommunane til eit særskilt nettverk der målet betre styring av økonomien for å få ned kostnadene. Gjennom skjønsmidlane for 2015 dekkjer vi delar av kostnadene til deltaking i nettverket. KS har hatt gode resultat frå slike nettverk i andre fylke.

I statsbudsjettet for 2014 vart det samla for kommunesektoren lagt opp til ein nominell vekst i frie inntekter frå 2013 på 4,1 prosent. Gjennomsnittet for Sogn og Fjordane vart på 3,8 prosent. Realvekst i frie inntekter vart på 0,8 prosent for fylket vårt, medan landsgjennomsnittet vart 1,1 prosent. Sju av kommunane i fylket kom ut med ein vekst som var lågare eller lik løns- og prisauken.

Brannen i Lærdal i januar og flaumen i slutten av oktober, er begge hendingar som fører med seg mykje ekstra arbeid og aktivitetar med registrering, kontroll og oppfølging etter katastrofane, for fagområda kommuneøkonomi og beredskap.

Kommunal planlegging og klagesaker på plan- og byggområdet

Vi har også i 2014 prioritert rettleiing, informasjon og kompetanseheving innan planområdet. For sjuande året på rad har vi arrangert ei stor plansamling for kommunane. Det er gledeleg å sjå at dei fleste av kommunane som har eldre arealplanar, no er i gang med å revidere dei. Vi har vidareutvikla samarbeidet med fylkeskommunen, og kommunane er langt meir aktive med å melde inn saker til det regionale planforumet. Vi har gitt høyringsfråsegn til åtte kommuneplanar eller større kommunedelplanar.

Totalt har vi i 2014 gitt fråsegn til om lag 500 kommunale plan- og dispensasjonssaker. Vi fremja motsegn til ti av desse planane. Dette er færre enn i 2013. Motsegnene har vore grunnjevne i vesentlege konfliktar med nasjonale eller regionale interesser knytt til strandvern, vassdrag, naturmangfald, jordvern eller manglande risiko- og sårbarheitsvurderingar. Vi har gode erfaringar med å kome til semje med kommunen. I 2014 var det såleis ikkje nødvendig med formell mekling, og vi sende heller ingen saker vidare til avgjerd i departementet.

Vi ønskjer spesielt å trekkje fram arbeidet med revisjon av arealdelen i kommuneplanen i Vik kommune. Planframlegget var godt gjennomarbeidd, og kommunen hadde undervegs i planprosessen lagt vekt på god dialog med Fylkesmannen, fylkeskommunen og andre regionale etatar, til dømes gjennom presentasjonar og drøftingar i det regionale planforumet. Fylkesmannen gav ros til Vik kommune for at mange store byggeområda både langs strandkanten og i fjellet vart tilbakeførte til LNF-område. Desse endringane gjer at allmenne interesser langs sjøen og naturmiljø på fjellet (mellom anna villreininteresser), blir betre ivaretekne. Fylkesmannen hadde ingen motsegner til planframlegget til ny kommuneplan for Vik.

Vi har i 2014 lagt ned meir ressursar i klagesaker på plan- og byggområdet, for å arbeide ned restansane og for å kome under fristen i lova på tre månader. Med ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 99 dagar, er vi ikkje heilt i mål. Likevel var saksmengda ved årsskiftet historisk låg, og vi håpar å nå målet i 2015.

Ureining

Vi fører tilsyn med ureiningsfare, kjemikaliebruk og avfallshandtering. Særleg viktig er det at farleg avfall vert handtert forsvarleg, og at næringsavfall vert levert til godkjend mottakar. Vi har følgd opp vår eigen tilsynsstrategi på området. Innsatsen har vore spesielt retta mot avfallsmottak, bilverkstader, asfaltverk, båtprodusentar, lufthamner og akvakulturanlegg.

I 2014 gjennomførte vi to revisjonar og 54 inspeksjonar eller andre kontrollar. Som tidlegare år har vi også delteke i fellesaksjonane til Miljødirektoratet. I 2014 deltok vi i tre slike aksjonar der vi kontrollerte kommunale avløpsanlegg, skipsverft og mekaniske verkstader og avfallsdeponi. Vi nytta i underkant av tre årsverk til gebyrbelagt arbeid, og av dette om lag to årsverk direkte til tilsyn.

Naturmangfald

Trass i reduksjonar i nivået på fagmidlar til prioriterte naturmangfaldsoppgåver, har vi hatt høg aktivitet i 2014. Vi har arbeidd med utarbeiding av forvaltningsplanar i totalt ti mindre verneområde; fem av desse planane vart ferdig godkjende i 2014. Vidare har vi gjennomført opplæring for kommunane i naturmangfaldlova, og vi prioriterer oppfølging av utvalde og andre viktige naturtypar.

Vi held fram med dei gode prosessane vi over mange år har utvikla for samarbeid med grunneigarar og andre brukarar av dei naturverna områda. Fylkesmannen tok tidleg på 2000-talet initiativ til ei ny tilnærming til verneprosessar gjennom eit eige naturbruksprosjekt. Erfaringane frå prosjektet har vore brukte i seinare verneplanprosessar i fylket, og har også etter kvart vore mal for verneprosessar elles i landet. I Sogn og Fjordane får vi stadig mange positive tilbakemeldingar om korleis forvaltninga fungerer for dei om lag 100 naturreservata og andre mindre verneområda som vi er ansvarlege for. Same inntrykket har nasjonalparkstyra og verneområdeforvaltarane. I ei avhandling (hausten 2013) frå Ph.D. Eivind Brendehaug ved Vestlandsforskning, er spesielt verneplanprosessen for opprettinga av Breheimen nasjonalpark nøye [omtalt og drøfta](#).

Den største enkeltsatsinga vår på klimatiltak i 2014, har vore eit klimaprojekt i Sætremyrane naturreservat i Hornindal. I dette prosjektet, der vi har engasjert NTNU og Bioforsk, ser vi både på karbonbinding i myr og tiltak som er gunstige for naturmangfald.

Gardbrukarar i to område i fylket har i 2014 hatt ekstremt store saueta. I fjella mellom Årdal og Lærdal tok jerv 547 lam og sauer, og i Naustdal tok ulv 158 lam og sauer. I tillegg var det store jerveskadar i Luster og Stryn. Dette har også kravd stor innsats frå oss på rovviltområdet, med fleire skadefellingsløyve, tilskot til førebyggjande arbeid og kontakt med Statens naturoppsyn, beitelaga og eit eige fylkesfellingslag. Med samla utbetaling på om lag 3,1 mill. kr, vart det i 2014 klar rekordnotering i erstatningar for skader påførte av freda rovvilt. Etter initiativ frå bufenæringa vedtok Klima- og miljødepartementet hausten 2014 å flytte sekretariatsfunksjonen for rovviltnemnda region 1 til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane er blant dei fylka som har klart flest søknader om utbygging av vasskraft. I 2014 har vi gitt høyringsfråsegn til fleire "pakkar" av søknader om utbygging av små kraftverk (i Sogndal, Jølster og Gloppen). Vi har også hatt større vasskraftsaker på høyring (Østerbø, Jølstra og Gjengedal). I fråsegnene legg vi spesielt vekt på nasjonale og regionale interesser knytt til naturmangfald og friluftsliv. Samstundes er vi opptekne av at prosjekt med små konfliktar med allmenne interesser, kan gjennomførast, for å gje positive bidrag til utbygging av

fornybar energi. Det er positivt at NVE i stor grad følger opp dei faglege innspela våre.

Landbruk

På landbruksområdet har vi stort sett gjort det som var planlagt, og i samsvar med embetsoppdraget. Vi har eit godt samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg om næringsutvikling, både innan tradisjonelt landbruk og foredling. Det er stor interesse for å investere i tradisjonelt landbruk, til dømes nye driftsbygningar for mjølkeproduksjon, og det skjer også ei positiv utvikling innan frukt og bær. I 2014 vart det i fylket investert for bortimot 150 millionar kroner i nye driftsbygningar og til å modernisere frukt- og bærproduksjonen.

Vi har i over ti år hatt eit eige utviklingsprosjekt i samarbeid med næringa for å modernisere mjølkeproduksjonen. I utgangspunktet er det mange små gardsbruk, men mange har likevel satsa enten i fellesskap eller åleine og investert i nye og moderne fjøsar. Meir enn 25 prosent av produksjonen skjer no i fjøsar der kyrne går laust og vert mjølka med robotar. Det gjev faktisk både betre produksjon og dyrevelferd, og langt lettare arbeidsforhold for bonden.

Dei siste ti åra har morellproduksjonen auka frå knapt 25 til 250 tonn, og 75 prosent av bringebæra i landet vert hausta her i fylket. Begge delar er resultat av eit godt samarbeid mellom produsentane, offentlege og private fagmiljø og foredlingsindustrien.

Det skjer altså ei stadig effektivisering i landbruket ved at det blir færre og større bruk, samstundes som produksjonsvolumet held seg relativt stabilt. Det siste er viktig av omsyn til foredlingsindustrien her i fylket, som utgjer ein vesentleg del av industrisysselettinga.

Vi har gjennomført dei kontrollane vi skal på området, både retta mot kommunane og enkelte landbruksføretak.

Statistikken for omdisponering av dyrka jord viser at det årleg vert bygt ned om lag 300 dekar. Det er ikkje illevarslande mykje. Samtidig er det noko av den beste jorda kring bygdebyane og kommunesentera som er mest utsett. På grunn av topografien og større fare for skred og flaum ved klimaendringar, er det kamp om dei verdifulle og brukbare areala. God arealplanlegging er derfor viktig også i Sogn og Fjordane.

Oppvekst, barnehagar og opplæring

Vi meiner vi i stor grad har lukkast med å oppfylle sentrale politiske føringar på området. Som nemnt er ein viktig faktor i arbeidet det tette og forpliktande samarbeidet vi har med andre sentrale aktørar i fylket. Det er innarbeidd faste møtepunkt med kommunane, fylkeskommune, KS, Nav, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fagorganisasjonane. Vi arbeider ut felles årshjul for fleire av aktørane, noko som gjer det lettare å samordne og å unngå å «konkurrere» om mottakarane i sektoren. Gjennom møtestaden *Forum for barnehage- og skuleutvikling* får vi drøfta sentrale saker. Dette gjer oss i stand til å sameine kreftene for ein best mogleg barnehage og skule ut frå sentrale føringar og lokale føresetnader.

Alle kommunane i fylket kan tilby barnehage til alle barn som oppfyller retten til plass. Alle kommunar har fått midlar til lokale utviklingstiltak. Midlane er forvalta i tråd med kompetansesatsinga, og vi har følgd opp temaet i fleire møte med kommunane som barnehagemyndigheit. Vi har også arbeidd aktivt med rekrutterings- og kompetansehevingstiltak, i tett samarbeid med tilsette i sektoren, høgskulen, kommunane, fylkeskommunen og Utdanningsforbundet. Vi har gjennomført dei planlagde tilsyna og arbeidd aktivt med å rettleie kommunane i plikter og oppgåver som barnehagemyndigheit.

På utdanningsområdet har vi gjennomført planlagde tilsyn (felles nasjonale og eigeninitierte). Vi har lagt vekt på at lovbrot blir retta. Arbeidet i *Forum for barnehage- og skuleutvikling* gir oss høve til å prioritere, planlegge og koordinere innsatsen i sektoren ut frå dei sentrale føringane. Spesielt viktig har det vore å skape forståing for og samanheng mellom dei ulike satsingane i sektoren, t.d. vurdering for læring, ungdomstrinnsatsinga, kompetanse for kvalitet, rettleiarkorps og læringsmiljøarbeidet.

Verjemål

I tråd med embetsoppdraget og interne føringar har vi i 2014 prioritert verjemål, mellom anna ved å auke sakshandsamarressursen med ei halv stilling og å mellombels tilsette to personar som kunne avlaste sakshandsamarane med ryddeoppgåver.

Størstedelen av ryddeoppgåvene har samanheng med at vi har måtte føre manuelle system fordi det sentrale sakshandsamingssystemet ARVE enno ikkje fungerer som planlagt. Etter som ARVE etter kvart har fungert betre og betre, har vi gått vekk frå dei manuelle systema. Vi er godt i rute med å leggje inn opplysningar frå dei manuelle systema inn i ARVE, og håpar å kunne vere i mål første kvartal 2015.

Ved årsskiftet var vi godt i rute i sakshandsaminga, slik at vi får unna det som hastar, som til dømes søknader om godtgjersle frå verjer, søknader om bruk av kapital til dei verjetrengande og rekruttering og oppnemning av verjer. Vi har også etter kvart fått til ei god oppfølging av kapitalforvaltninga.

Overtaking av verjemålsområdet har ført til 30 prosent auke i inngåande post til embetet, altså ei monaleg høgare belastning for arkivet.

Samla meiner vi at vi brukar meir ressursar på verjemål enn vi har fått tildelt. Prioriteringa er medviten fordi det er det einaste området der vi har eit førstelinjeansvar for ei svak gruppe. Likevel er det uheldig at oppgåva ikkje er finansiert betre. Dette gjer at vi ikkje er ajour med det arkivfaglege arbeidet innanfor verjemål.

Integrering av flyktningar

Vi deltek i eit forpliktande samarbeid med KS, fylkeskommunen og Nav for å styrke integreringa gjennom tiltak for språkopplæring, arbeid og busetjing. Vi har rettleidd kommunane om innhaldet i introduksjonslova, og vi har ført tilsyn i tråd med oppdraget. Vi ser at behovet for rettleiing er større enn vi har ressursar til å dekkje.

Velferd, helse og personleg tenesteyting

På velferdsteneste- og helseområdet har vi i hovudsak nådd måla våre.

Gjennom embetsprosjektet *sjumilssteget* har vi gjort ein tverrfagleg og koordinert innsats for barn og unge i fylket. Vi har sett barnekonvensjonen på dagsordenen, mellom anna ved at kommunane har kartlagt eigne tenester for barn og unge med sikte på å betre dei og å samarbeide mellom sektorane. For å betre samhandlinga har vi også slege saman faste konferansar for barnevern og barnehage til ein ny barnekonferanse. *Sjumilssteget* vart avslutta ved årsskiftet, men arbeidet for utsette barn og unge går vidare i embetet.

Dei siste tre åra har vi brukt det vi kallar *læringstilsyn* med kommunar på utdannings- og helse- og sosialområdet. Læringstilsyn går ut på at medan vi utfører systemrevisjon med utvalt tilsynskommune, utfører nabokommunane «eigentilsyn» etter rettleiing. Til slutt går vi gjennom erfaringane saman med alle kommunane og peikar på kva som må forbetrast. På denne måten femner vi om fleire kommunar. Kommunane sjølve gir uttrykk for at dei lærer meir av «eigentilsyn» enn av at Fylkesmannen fører tilsyn. Ei evaluering frå i haust stadfestar at kommunane er nøgde og effekten på tenestekvalitet er på nivå med det vi ser ved vanleg tilsyn. For oss er utfordringa at vi brukar klart meir ressursar på eit læringstilsyn med fire-fem kommunar enn eit vanleg tilsyn med éin kommune, og at vi ikkje nødvendigvis får godskrive ekstrainsatsen for måltala våre. Vi er i dialog med oppdragsgjevarane våre om dette.

Vi har gjennomført planlagde tilsyn med

- barnevern
- kvalifiseringsprogrammet
- folkehelse
- rehabilitering i sjukeheim
- legemiddelhandtering i bustader til psykisk utviklingshemma
- samhandling mellom spesialisthelseteneste og kommunal spesialisthelseteneste

Graden av avvik varierer frå område til område. Vi finn at kommunen berre i avgrensa grad har fungerande internkontrollsystem og styring av det faglege arbeidet som skjer i ulike tenesteeiningar.

På barnevernsområdet har vi handsama 32 hendingsbaserte tilsynssaker, noko som er ein auke med fem frå året før. I 16 av sakene peika vi på brot på eit eller fleire lovkrav. I tillegg gav vi rettleiing i nokre saker, medan vi ikkje hadde merknader i ni av sakene. Lovbrota og rettleiinga handla om

- handsaming av meldingar
- plikta til å gjennomføre undersøking
- iverksetjing av hjelpetiltak

- oppfølging av hjelpetiltak
- barns rettar under sakshandsaminga
- oppfølging etter omsorgsovertaking
- bruk av forvaltningslova
- kravet til forsvarleg handsaming

I nokre av sakene har vi konkludert med at lovbrota samla sett representerer eit alvorleg brot på forsvarlegkravet.

Erfaringar frå både tilsynssaker og systemrevisjonar viser at barnevernstenestene har utfordringar med dokumentasjon, særleg for barnevernsfaglege vurderingar. Vi ser òg at fleire kommunar bryt fristar for gjennomgang av meldingar og gjennomføring av undersøkingar, og vi følgjer desse opp med brev etter kvar halvårsrapportering. Dette året har vi følgd særleg opp ein kommune, der vi har bede om månadleg rapportering for alle fristar.

Etter tilsyn med barn og ungdom i institusjon ser vi at det er særlege utfordringar med bruk av elektroniske kommunikasjonsmiddel ved den av institusjonane våre som har plasseringar etter barnevernslova §§ 4-24 og 4-26. Vi har handsama 21 klagesaker på bruk av tvang, jf. *forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphold i barneverninstitusjon*, og brukt mykje tid både i samband med individtilsyna og elles, på rettleiing om forskrifta.

På helse- og omsorgsområdet handsama vi 124 hendingsbaserte tilsynssaker, ein auke på 25 prosent siste år. Grunnen til den store auken er truleg at innbyggjarane, som ein trend i samfunnet, har høgare forventningar til helsetenester, at vi har fleire saker frå pasient- og brukarombodet enn gjennomsnittet i landet. I tillegg tek vi opp fleire saker sjølv. Om lag 30 til 50 prosent av sakene har samanheng med dårleg kommunikasjon mellom helsepersonell og pasient eller pårørande.

Samhandlingsreforma femner om førebyggjande og kurativ helse, omsorg, sosiale tenester og utdanning. Kommunane viser stort sett at dei er i stand til å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Alle kommunar er i gang med å planleggje akuttplassar i eigen kommune eller i samarbeid med nabokommunar i interkommunale lokalmedisinske senter. Tilbod er etablert interkommunalt i Nordfjord (fem kommunar), i Gloppen, Sogndal og Luster. Fylkesmannen har av faglege grunnar tilrådd at etableringa skjer i samarbeid med andre kommunar der det ligg til rette for det.

Overfor kommunane legg vi stor vekt på at velferdsteknologi kan vere eit godt verkemiddel for å møte eldrebølgja. Vi har difor sett opp velferdsteknologi som eit prioritert område når vi fordeler fornyingsmidlar til kommunane, i tillegg til at vi er pådrivarar og deltakarar i konferansar og i den fylkesdekkjande prosjektgruppa.

Samfunnstryggleik og beredskap

På same måte som året før, vart også 2014 sterkt prega av fleire store uønskte hendingar. Embetet var tungt involvert i handteringa av brannen i Lærdal laurdag 18. til søndag 19. januar heilt frå dei første timane etter utbrotet. Ettersom delar av kriseleiinga sjølv var råka av brannen, tok medarbeidarar frå Fylkesmannen del i den kommunale kriseleiinga. I samråd med den kommunale kriseleiinga henta vi dessutan inn rådmenn og ordførarar frå nabokommunane for å avlaste når kreftene tok slutt. Alt tele- og internettsamband i bygda var nede, med unntak av at internett fungerte på sjukehuset der kriseleiinga hadde base. Bruk av satellittelefonar i bygda er problematisk på grunn av retninga på dei høge fjella. Frå våre folk var på plass i kriseleiinga natt til søndag og til måndag, var lync-sambandet gjennom Fylkesmannen sine berbare datamaskiner i praksis einaste fungerande telefonsamband med omverda. Vi arbeider framleis med den økonomiske oppfølginga av brannen.

Tysdag 28. oktober var det store og til dels dramatiske flaumar i fylket. Det var først og fremst Aurland, Lærdal og Årdal som vart råka, og i alle tre kommunane var det nødvendig å evakuere innbyggjarar. Situasjonen var særleg dramatisk i Flåm i Aurland, der seks hus og tre bruer vart tekne av vassmassane. Vi var tungt involverte i handteringa, og hadde tett kontakt med kommunane, politiet, Statens vegvesen og andre aktørar gjennom heile situasjonen. Vi hadde mellom anna to møte i fylkesberedskapsrådet i løpet av kvelden, og i det første av møta tok politiet avgjerd om evakuering.

Ei viktig rolle for fylkesmennene er å formidle varsel frå ulike instansar, jf. retningslinjer for varsling og rapportering på samordningskanal. I 2014 formidla vi sær mange varsel, særleg frå NVE. Etableringa av jordskredvarslingstenesta har ført til langt fleire varsel som vi er forventa å formidle til kommunane. Vi har formidla ein sterk uro både til DSB og NVE for at det oppstår ein "ulv-ulv"-effekt av så mange varslingar. Det er difor gledeleg at NVE no ser ut til å ville endre nivået på varsling.

Vi har vore involvert i evalueringa av fleire av dei større uønskte hendingane, og vore ein pådrivar for å omsetje erfaringar og tilrådingar til konkrete forbetringar i rutinar og system.

No ser vi tydelege positive resultat av læringsnettverket for beredskapsplanlegging som vi i 2013 gjennomførte med ti kommunar. Gjennom fleire av tilsyna har vi sett at kommunane har gjort konkrete og viktige betringar i kvaliteten på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet sitt. Vi har fått fleire konkrete ønskje om å jobbe vidare med denne typen tiltak.

Vi har hatt god dialog med Direktoratet for nødkommunikasjon om innføringa av naudnett i fylket. Ferdigstillinga er dessverre utsett, men i løpet av 2015 skal det vere på plass. Vi ser fram til ein viktig diskusjon om andre brukarar enn naudetatane i nettet, mellom andre kommunal kriseleing og Fylkesmannen.

Som vi har rapportert om tidlegare, har det dei siste åra vore ein auke i omfanget av oppgåver på ansvarsområdet til Justis- og beredskapsdepartementet. Denne auken har halde fram i år òg, og det er krevjande når det ikkje følgjer med ein tilsvarande auke i ressursar.

Nasjonale oppgåver innanfor IKT

Som nemnt under del II har vi nasjonale oppgåver innanfor IKT. IKT-seksjonen arbeider med utvikling og drift av intranett, eksterne nettsider og FM-nett for fylkesmennene og KMD, og med utvikling og drift av fullintegreerte sakshandsamingsløysingar som til dømes fritt rettsråd og partistøtte.

Bakgrunnen for at vi har oppgåvene, er ein tanke om at det er enklare og meir effektivt å utvikle digitale løysingar når utviklarkompetansen og fagkunnskapen sit under same tak. Då kjem ideane til nye digitaliseringsprosjekt gjerne i ein samtale i lunsjen, og det er kort veg frå idestadiet til utprøving og gjennomføring. I utviklingsfasen arbeider fagfolket og utviklarane så tett saman at vi sikrar oss at løysingane blir praktisk innretta for å løyse konkrete behov. Samstundes har vi ein klar filosofi om at vi i størst mogleg grad skal gjenbruke digitale løysingar som alt finst på marknaden, på nye område. Når arbeidsmengd og trong for kompetanse tilseier det, brukar vi private firma som underleverandørar i samsvar med rammeavtalar etter anbod.

På den måten leverer vi gode digitale tenester til ein langt rimelegare pris og med mykje lågare risiko for havari, enn mange andre offentlege digitaliseringsprosjekt. Til dømes utvikla vi "Trippelnett" til ein samla kostnad på 7,1 mill kr. Trippelnett er

- ny hovudsida fylkesmannen.no og nye nettsider for 18 fylkesmenn etter felles mal
- nye intranettsider for 18 fylkesmenn
- nytt FM-nett, altså nettside for styringsdialog frå departement og direktorat til fylkesmennene

Vi tvilar på om det finst liknande prosjekt som har ein så låg kostnad.

I 2014 var dei viktigaste prosjekta oppgradering av rettsrad.no og partistøtteportalen. Partistøtteportalen nyttar fleire felleskomponentar og har fått gode tilbakemeldingar frå brukarane. Vi presenterte løysinga for anti-korrupsjonsgruppa i Europarådet (GRECO) på eit møte i Strasbourg. Gjennom fleire kartleggingsprosjekt har vi spelt inn ei rekkje framlegg til ulike digitaliseringsløysingar til ulike departement og direktorat, som vi forventar effektiviseringsgevinstar av. Responsen er varierande. Likevel arbeider vi no med nye prosjekt saman med KMD i prosjektet Digital Teneste Utvikling. Ambisjonen er at eksisterande tenester skal blir lettare å finne, og at vi skal kunne lage fleire nye tenester.

For å få full effekt av digitaliseringsprosjekta er det dessutan viktig at både oppdragsgjevarane våre og dei andre fylkesmennene gjer sitt for å få brukarane til å nytte dei digitale løysingane. Vi meiner at fleire av dei digitale løysingane burde vere obligatoriske. Eit døme er fritt rettsråd, der berre 58 prosent av innsende søknader frå advokatar er elektroniske. I fleire år har vi bede Justis- og beredskapsdepartementet om å gjere den digitale løysinga obligatorisk, utan hell så langt.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Klima- og miljødepartementet	kr 9 554 751,74	kr 2 587 000,95
Landbruks- og matdepartementet	kr 10 849 232,12	kr 7 742,00
Kunnskapsdepartementet	kr 5 225 368,72	kr 1 925 258,04
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 2 416 807,52	kr 489 040,25
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 2 390 463,88	kr 3 729 661,16
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	kr 39 521 924,83	kr 328 511,28
Arbeids- og sosialdepartementet	kr 1 052 015,86	kr 980 082,53

Årsrapport 2014 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Innhold:

Helse- og omsorgsdepartementet	kr 7 425 722,45	kr 2 186 915,99
Andre	kr 1 986 612,22	kr 0,00
Sum:	kr 80 422 899,00	kr 12 234 212,00

IV - Styring og kontroll i embetet

Utgreiing av vesentlege tilhøve ved planlegginga i embetet, gjennomføring og oppfølging inkludert risikostyring og internkontroll, som ikkje vert rapportert i vedlegget

Renteutgifter	10 320	0
Agiotap	0	21
Andre finansutgifter	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	10 320	21
<i>(*) Bør spesifiseres ytterligere dersom det er vesentlige poster som bør fremgå av regnskapet</i>		

Note 5 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten 2014

	201414	201314
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0

Note 6 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten 2014

	201414	201314
Tilskudd til kommuner	0	33 360 058
Tilskudd til fylkeskommuner	0	1 306 333
Tilskudd til kommuner	47 478 243	0
Tilskudd til fylkeskommuner	2 731 300	0
Tilskudd til private	6 157 657	4 529 488
Tilskudd til organisasjoner	121 397 371	124 241 668
Tilskudd til statsforvaltningen	1 588 000	1 436 794
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	179 352 571	164 874 341

Note 7 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen 2014

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	201414	201414	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Finansielle anleggsmidler*	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	202 534	0	202 534
Andre fordringer	-59 363	-59 363	0
Kasse og bank	0	0	0
Sum	143 171	-59 363	202 534
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-153	0	-153
Skyldig skattetrekk	-3 571 737	-3 571 737	0
Skyldige offentlige avgifter	-2 077	-2 077	0
Annen kortsiktig gjeld	-2 898 432	-2 896 432	-2 000
Sum	-6 472 399	-6 470 246	-2 153
Langsiktige forpliktelser			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Sum	-6 329 228	-6 529 609	200 381

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 7 B

Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Forretnings-	Ervervsdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
Aksjer								
Selskap 1								
Selskap 2								
Balanseført verdi 31.14.2014								0

* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

Innhold

Kongehuset	Side 2
Klima- og miljødepartementet	Side 2
Landbruks- og matdepartementet	Side 8
Kunnskapsdepartementet	Side 18
Statens Helsetilsyn	Side 34
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 38
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 44
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Side 51
Arbeids- og sosialdepartementet	Side 59
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 61
Samferdselsdepartementet	Side 72
Utenriksdepartementet	Side 73
Kulturdepartementet	Side 73
Andre	Side 74

Fylkesmannsembetene utfører fagoppgaver for flere departementer og direktorater/tilsyn. Hvert departement er faglig overordnet embetene på det aktuelle fagområdet. I årsrapporten del III er det gitt en kort omtale og vurdering knyttet til hvert departementsområde. Nedenfor følger embetets mer utførlig resultatrapportering knyttet til embetsoppdraget for de ulike departementene.

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

HH.MM. Kongen og Dronninga var på offisielt besøk i Lærdal 23. januar, for å sjå på skadane etter brannen og for å møte involverte og skadelidne. Besøket var veldig vellukka, og det kom svært mange positive tilbakemeldingar på at kongeparet på denne måten viste medkjensle.

H.M. Dronninga hadde eit vellukka besøk til Fjaler kommune og Gaular kommune 3. og 4. april. Dronninga besøkte både United World College i Flekke (Fjaler) og Åmot gard i Bygstad (Gaular).

00.2 Saksforberedelse av tildeling av ordener og medaljer

Ingen rapporteringskrav.

Klima- og miljødepartementet

Resultatområde 01 – 06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning

Heilskapleg vassforvaltning

01-06.1 Bidra i arbeidet med fastsettelse av miljømål og unntak i utarbeidelsen av regionale vannforvaltningsplaner

Vi har hatt tett dialog med sektormynde og vassregionmynde.

01-06.2 Bistå vannregionmyndigheten i å foreta en samlet vurdering av om foreslåtte tiltak vil gjøre det mulig å nå miljømålene innen 2021 eller om det er nødvendig å gi utsatt frist.

Vi har bidrege etter behov. Dei ulike sektorstyresmaktene har kome relativt kort i sine omtalar.

01-06.3 Bistå andre sektorer med miljøfaglig rådgivning knyttet til utarbeidelse av tiltaksprogrammene

Vi har mellom anna hatt nært samarbeid med NVE Region Vest og kraftselskapa om regulerte vassdrag. Vi har elles bidrege etter behov.

01-06.4 Gi innspill til miljøforbedrende tiltak til vannregionmyndigheten innanfor eget sektoransvar

Vi har gitt innspel om tiltak i regulerte innlandsvassdrag og framande arter i ferskvatn. Vi har hjelpt Miljødirektoratet med innspel om regulerte laksevassdrag. Framlegg til tiltak hjå verksemdar med utslepp til område som er sett i risiko, er levert inn for både Miljødirektoratet og Fylkesmannen sine verksemdar.

01-06.5 Gi eget høringsinnspill til regionale vannforvaltningsplaner og tiltaksprogram som sektormyndighet

Forvaltningsplanen er lagt ut på høyring.

01-06.6 Melde inn eventuelle behov for nye virkemidler eller behov for styrking av eksisterende virkemidler/regelverk innen miljøforvaltningens ansvarsområde som er nødvendige for å nå målene i vannforvaltningsplanene

Vassforvaltninga i Norge verkar framleis fragmentert. Nokre sektorstyresmakter synest å ha endra forvaltning i mindre grad enn andre. Det synest også å vere eit relativt stort sprik mellom behov for overvaking og tildelte midlar. Tildelingar til miljøovervaking bør ha lengre tidshorisont enn eitt og eitt år, og bør som eit minimum vere klare ved starten av året, slik at vi kan ha ein forsvarleg prosess med prioritering og disponering av desse midlane.

01-06.7 Delta på fagmøte innanfor ansvarsområdet naturforvaltningsvilkår i vassdragskonsesjoner, der temaene nye føringer, formidling og bruk av ny kunnskap og erfaringsutveksling vektlegges.

Vi deltok med tre fagpersonar på fagmøtet om naturforvaltningsvilkår i vassdragskonsesjonar.

01-06.9 Ha ansvaret for drift og vedlikehold av vannportalen. Dette ansvaret vil bli flyttet over til Miljødirektoratet innen utgangen av 2014. Eventuell bistand i overføringen vil eventuelt bli behandlet i et eget prosjekt.

IKT-gruppa hjå Fylkesmannen driv Vannportalen.

01-06.13 Delta i redaksjonsgruppen for Vannmiljøsystemet

Vi deltek med ein person i gruppa.

Naturoppsyn

Vi har tett og godt samarbeid med SNO. Det er bra at SNO-tilsett i Fjærland no har flytt kontorplass til rådhuset i Gaupne. I Gaupne er det eit samla og slagkraftig kompetansemiljø innan naturforvaltning med m.a. to SNO-tilsette og tre nasjonalparkforvaltarar (Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen). Det er likevel uheldig og tungvint at nasjonalparkforvaltaren for Jotunheimen ikkje har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som arbeidsgjevar.

Laksefisk

Påverknad frå akvakultur

Oppdrettsnæringa er nok framleis ein vesentleg årsak til svak attendevandring av laks mange stader. Lusepåslag er mistenkt for å vere ei hovudårsak til prematur attendevandring og nedgang i mange sjøaurestammer. Vi står truleg framfor nok eit år med vesentlege lusepåslag.

Fisketrapper

Mange fisketrapper er i dårleg stand, og behovet for vedlikehald er mykje større enn statlege ressursar kan tilgodesjå. Akutte skadar vert ikkje reparerte. Det rår til dels stor uvisse om kven som eig eller har ansvar for enkelte fisketrapper.

01-06.18 videreutvikle Lakseregisteret og stå for vedlikehold, drift og brukerstøtte.

Vi deltek aktivt i arbeidet, og vi er ajour etter planen.

01-06.31 melde inn begrunnet behov for midler til lokale kalkingsprosjekter for 2014

Utført.

01-06.32 rapportere kalkforbruk samt bruk av og begrunnet behov for midler til kalkingsprosjekter i laksevassdrag per 31.7 og 31.12

Utført. Hovuddoseraren i Flekke- og Guddalsvassdraget har vore stengt fire månader om sommaren.

01-06.34 sørge for at alle akvakulturanlegg blir plassert i risikoklasse og vurdere endring av risikoklasse for eksisterende anlegg ihht "Retningslinje for fastsettelse av risikoklasse for akvakulturanlegg etter forurensningsloven" som ligger på FM-nett

Gjennomgangen av risikoklasse for akvakulturanlegg er under arbeid.

01-06.35 lage en oversikt over antall tillatelser hvor fylkesmannen har stilt vilkår om C-undersøkelser – og hvor mange pålegg om C-undersøkelser som er gitt etter forurensningsloven § 51 – de siste tre årene (2011-2013). Fylkesmannen skal i tillegg lage en sammenfatning av resultatene av gjennomførte C-undersøkelser, herunder sammenstille resultatene av kobberanalyser i C-undersøkelsene og sende kopi av alle undersøkelsene.

Oversikt over krav om og rapporterte C-undersøkingar i akvakulturanlegg i perioden 2011-13 er levert til Miljødirektoratet. Vi jobbar også vidare med å systematisere alle fristar for C-undersøkingar, for lettare å kunne purre opp manglande rapportering til Fylkesmannen. Purring og varsel om tvangsmulkt for manglande rapportering eller gjennomføring av C-undersøkingar til nokre selskap etter tilsyn i fjor, har utløyst at også andre har fått fortgang i å planlegge sine manglande undersøkingar i år.

01-06.36 sørge for at alle utslippstillatelser til akvakulturanlegg (både matfisk og settefisk) legges inn i Forurensning

Innlegging av alle løyva for akvakulturanlegg er under arbeid, og vi er i det vesentlege ajour.

01-06.38 sende rapport om hvor mange av frarådingene vedrørende endringer eller tillatelser i akvakultursaker som blir tatt til følge av fylkeskommunen

Vi har hatt få løyvesaker på akvakultur hittil i år (men mange endringar i arealbruk). Vi brukar framleis fråråding på vilkår ("betinga") i saker i Sognefjordområdet, i forsøk på å oppnå at det vert sett eller vidareført vilkår om tiltak som ivaretek vill anadrom fisk og betrar kunnskapsgrunnlaget. Fylkeskommunen tek ikkje lenger desse til følge. Dokument om fråråding er sendt til Miljødirektoratet

Avløp

Vi har fire kap. 14-anlegg i dag: Førde, Byrkjelo i Gloppen, og Florø/Brandsøy i Flora. I tillegg er vi i dialog med Stryn kommune om Loen, der påsleppa frå næringsmiddelindustrien no medfører at anlegget vil måtte flyttast frå kap. 13 til 14. Kommunane Førde og Gloppen ligg godt an for å stette alle krav, mens Flora enno har ein veg å gå.

01-06.41 sørge for å følge opp de kommuner som har krav til primærrensing innen 31.12.2015 for å sikre at de kommer i mål innen fristen 31.12.2015, eventuelt har en akseptabel framdrift fram til ferdigstillelse.

Flora kommune har mykje att før primærreinsekravet er fullt ut oppfylt for heile tettstaden Florø/Brandsøy, og vil ikkje komme i mål innan fristen.

Rovviltforvaltning

Ny erstatningsforskrift vedteken 30.05.2014 av Klima- og miljødepartementet vart teken i bruk i 2014. Vi fekk i 2014 omfattande jerveskader i fjellområda mellom Årdal og Lærdal, i tillegg til skadar i Luster og Stryn. For første gong sidan 2001 vart det også stort omfang av ulveskader, spesielt i Naustdal, men også i Førde og Sogndal. Ein ulv vart felt i Naustdal i lisensjaktperioden. Fylkesfellingslaget deltok i fellingsforsøk på ulv og eit på jerv.

Erstatningsutbetalingane var rekordhøge i 2014: kr. 3.136.671. Det vart erstatta 878 sau eller lam pga jerv og 158 sau eller lam pga ulv. Totalt vart det utbetalt erstatning for nærare 1200 sau eller lam pga freda rovvilt.

01-06.75 delta aktivt i gjenstående del av planprosessene for Nordfjella, Ottadalen og Dovrefjell

Vi har delteke aktivt i planprosessen for Nordfjella. Desse planane krev relativt mykje ressursar, og vi har difor ikkje kunne prioritert Ottadalen som har vore under utarbeiding på same tid.

Skogvern

01-06.44 melde oppstart av vern på frivillig vern områder (inkl. områder i Osломarka) der det er inngått avtaler med berørte grunneiere, sende verneplaner på lokal og sentral høring og oversende tilråding til Miljødirektoratet. Aktuelle områder for 2014 avklares med hvert enkelt fylke.

Mogleg utviding av Drægnismorki naturreservat: Vi avventar eventuell samkøyring av utviding både på Drægni og Yttri.

Verneområde

Status for arbeid med forvaltningsplanar i 2014:

Eikevolltjønmyra NR: Godkjent
Sakrisøy NR: Under arbeid, skal sendast på høyring i haust
Gåsvær NR: Halvferdig utkast, usikkert om det kan bli høyring i haust
Gåsøy NR: Godkjent
Nærøyane NR og DFO: Godkjent
Sørværet NR: Ikkje slutført i 2014 (ikkje vore på høyring enno)
Nigardsbreen NR: Godkjent
Bøyaøyra NR: På høyring

Vetle fjordsøyra NR: Godkjent

Personalendingar har gjort dette arbeidet ekstra krevjande.

01-06.48 samle inn rapporteringsskjemaer fra kommuner som har delegert forvaltningsmyndighet og sende disse til Miljødirektoratet.

Utført. Gjeld berre Luster kommune.

01-06.49 etablere 5 nye bevaringsmål (for ett eller flere verneområder) med fastsatt overvåkningsmetodikk og gjennomføre første overvåkingsomdrev i samarbeid med lokalt SNO. Oppdraget vil bli utdypet i eget brev.

Det er utvikla tre bevaringsmål for kvar av dei tre verneområda Gåsøy, Nærøyane og Vetle fjordsøyra. Første overvåking er planlagt gjennomført i 2015 i staden for 2014. Vi ønskjer at overvåkinga av alle bevaringsmåla for eit verneområde vert gjennomført i same kalenderår, noko det reint praktisk ikkje har vore mogleg å få til i 2014.

01-06.53 etterregistrere eldre vedtak i Miljøvedtaksregisteret.

Eldre vedtak (som spesifisert i oversikt frå Miljødirektoratet) er etterregistrerte. Alle nye vedtak blir registrerte i tråd med retningslinene.

Kulturlandskap

01-06.78 utarbeide en oversikt over status (hevd/tilstand, grunnlag for drift/hevd osv) i de mest verdifulle kulturlandskapene i fylket. Oppdraget skal gjennomføres etter nærmere mal og dialog med Miljødirektoratet, og forventes i hovedsak løst uten feltarbeid.

Vi har noko etterslep. Dette er ei stor oppgåve som heng nært saman med oppgåva å kvalitetssikre opplysningar og verdivurdering i Naturbasen.

01-06.79 bistå Miljødirektoratet i arbeidet med gjennomgang og omstrukturering av kulturlandskapsmodulen i naturbase (oppdrag videreført fra 2013)

Oppdatering av grenser for utvalde kulturlandskap i Naturbasen er ikkje gjort. Dette må utsettast noko på grunn av manglande personalressursar.

Trua artar og utvalde naturtypar

Det er ingen nye vedtekne prioriterte artar i fylket. Elles er arbeidet stort sett i rute. Vi er elles koordinerande fylkesmann for purpurmariland, fossesprøytoner og oseanisk nedbørsmyr.

01-06.83 videreføre arbeidet med oppfølging av handlingsplan for slåttemark med hhv. 5 (FI, TR, SF, HE, OP, BU) og 3 (NO, TE) nye slåttemarker i drift.

Vi har vanskar med å telje område, av di vi på den eine sida har område der vi har avtalar, men der brukaren likevel ikkje rekk å slå kvart år, eller skjøtte så mykje som ønskjeleg, og på den andre sida område der skjøtsel vert vellukka gjennomført utan at vi har inngått formell skjøtelsavtale. Om vi i staden tel område som vart skjøtta med handlingsplanmidlar, har dette gått opp frå ni i 2013 til 14 i 2014 (for 2014 med atterhald om at dette er sannsynleg tal i påvente av endelege rapportar). Det er ei generell utfordring at brukarane har knapp tid i skjøtelsesongen, og at det i mange tilfelle er vanskeleg å få nokon til å gjere arbeidet.

01-06.85 videreføre arbeidet med oppfølging av handlingsplan for kystlynghei med 2-3 nye områder.

Det ser ut til at talet på lokalitetar som vert skjøtta, er det same som i fjor (sju). Sjølv om det har kome til ein ny lokalitet, er det også ein i fjor som fall ut i fjor (pga. manglande søknad). Inngåing av avtalar har gått litt tregt, men tendensen er at brukarane brenn og beitar også om ikkje avtale er på plass. Vi har generelt ei positiv utvikling for lyngheskjøtsel i fylket. Dette er truleg resultat av både handlingsplanen og innsats frå Norsk landbruksrådgeving, som gjer at potensielle brukarar oppfattar positive signal frå samfunnet.

01-06.86 videreføre arbeidet med oppfølging av handlingsplan for høstingsskog med 1-2 nye områder, herunder forekomster av høstingsskog i naturtypelokaliteter som ikke er registrert som høstingsskog.

Fylkesmannen har engasjert Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF). Vi ser det som viktig at naturtypen og verdiskalaen for han er best mogleg definert. Vi planlegg felles synfaring med HiSF, der vi diskuterer dette for dei same områda som vi lagar skjøtelsplan for.

Framande organismar

Dette arbeidet har ikkje kome skikkeleg i gang, ettersom tildelte midlar i stor grad måtte gå til intern løn og slutføring av sjølve handlingsplanen. Vi søkte om midlar (435 000 kroner) for tiltak mot 14 artar, og fekk tildelt 300 000 kroner. Fjerning av vestamerikansk hemlokk er gjennomført, i tillegg til eit geografisk avgrensa kartleggingsprosjekt som rettar seg mot fem artar.

Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv

Ivaretaking av attraktive friluftsområde

Dette blir vektlagt gjennom innspel i plansaker og i forvaltninga av dei store verneområda.

Fylkesmannen som grunneigar på vegner av staten

Vi har fått inn tre forvaltningsplanar for statleg sikra friluftsområde, som vi grunna manglande personalressursar (skifte i personale og vakanse i nokre månader) ikkje har vurdert og godkjent.

Tilrettelegging for jakt og fiske

Arbeidsområdet er nedprioritert etter overføring av oppgåver.

Resultatområde 09 Giftfritt miljø

Skipsverft og sediment

09.01 pålegge undersøkelser ved de siste verftslokalitetene, avklare behov for tiltak på land og i sjø ved aktuelle lokaliteter, avklare behov for tiltaksplan i forurenset grunn ved aktuelle lokaliteter

Vi er ajour.

09.02 pålegge tiltaksplan for opprydding i forurenset grunn i aktuelle lokaliteter.

Dei som er komne så langt, har fått krav om opprydding.

Grunnureining

Vi har i sommar gått gjennom registreringar i Grunnforurensning (databasen) for heile landet, og på bakgrunn av samanstilte data gjort oss mange refleksjonar om kvalitet, forvaltning, behov og betringspunkt. Funna vert gjerne presenterte for Miljødirektoratet, og data gitt vidare til Klima- og miljødepartementet. Kommunane nyttar ikkje databasen.

Avfall og gjenvinning

Utviklinga går generelt i rett retning. Vi har måtte nytte mykje ressursar på oppfølging av ein part i Sunnfjord etter kontrollaksjonen i 2013. Vi ventar på klageavgjerd i Miljødirektoratet.

Farleg avfall elles: Merksemda i næringa og i kommunane er på avfall som har volum og som har dei største verdiane eller kostnadene. Dermed fell "farleg avfall" vekk. Det er behov for betydeleg betre prioritering av farleg avfall frå kommunesektoren, andre avfallsaktørar og forvaltninga.

09.18 behandle mottatte avfallsplaner for eksisterende havner jf. forurensningsforskriften kap 20 som trådte i kraft 3.10.2013. Anløpshavner bør ha høyeste prioritet.

Vi er forseinka grunna dårleg respons etter brev frå Miljødirektoratet i nov. 2013. Etter purrebrev og telefonoppfølging i løpet av våren er det kome inn hamneoversikt frå 21 av 24 aktuelle kommunar. Det er kome inn felles avfallsplan for ni kommunar. Vi har tidlegare fått avfallsplanar frå større cruise, industri og hamnevesen.

Resultatområde 11 Stabilt klima

Vi er med i styringsgruppa for oppfølging av regional plan for klima. Internt har vi eit godt samarbeid mellom miljøvern, beredskap og landbruk, men opplever tidvis uklare signal frå departement og direktorat.

Ved handsaminga av kommunale planar kontrollerer vi at kommunane tek klimaomsyn. Vi er særleg aktive med å peike på tilpassingar til endra klima og sikre at nye område for utbygging tek omsyn til ras og flaumfare.

Klimaprojektet for restaurering av myr (i Sætremyrane naturreservat i Hornindal) held fram. Prosjektet er finansiert ved hjelp av fylkeskommunale klimamidlar.

Resultatområde 12 Tverrgående virkemidler

12.1 Miljøhensyn i planlegging

Kunnskapsgrunnlaget/Kartlegging og overvåking av naturmangfold

Vi har i tråd med tildelingsbrevet lagt vekt på kvalitetssikring av innkomne data, og har ikkje sett i verk nye kartleggingsprosjekt i 2014.

Vi viser elles til omtale av planområdet under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling

Tilsynsgruppa (ureining, avfall, tilsyn o.l.) består av fem personar (for tida i overkant av fire årsverk). Med full bemanning er det etter ureinings- og avfallsrisikovurdering i praksis grunnlag for tilsyns- og konsesjonsarbeid som genererer 1,1 til 1,5 millionar kroner (teoretisk behov ca. 2,4 mill.). Det er til vanleg ikkje tilstrekkeleg inntening til å dekkje fullt ut to årsverk. Såleis klarar vi å halde på fem personar berre når det ikkje vert arbeidd fullt årsverk, eller tilsette også gjer anna arbeid. Vi har erfaring med at færre personar gir lågare aktivitet og lågare inntektsgrunnlag.

I 2014 har ein tilsett slutta, og ein er i langvarig sjukefråvær. Vi har tilsett ein ny person for den som slutta.

Inntektsgrunnlaget for Sogn og Fjordane (og truleg dei andre kystfylka nordover) er også knytt til relativt hyppige strukturendringar i akvakulturnæringa. Framleis skjer hyppige endringsbehov for utsleppsløyva (men noko mindre enn siste åra).

To revisjonar og 54 inspeksjonar eller andre kontrollar er utførte.

12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon

Naturbase

12.3.02 i 2014 implementeres nye kvalitetssikringsrutiner og nye tekniske løsninger for innlegging av data i

Naturbase. Fylkesmannen må sette seg inn i de nye kvalitetssikringsrutinene og ta i bruk de nye tekniske løsningene.

Den nye løysinga for innlegging av data i Naturbase er teken i bruk.

12.4 Internasjonalt samarbeid

Ingen aktivitet ut over fagtur til Skottland for avdelinga og hospitering for ein tilsett hjå Miljøstyrelsen i Danmark.

Ressursrapportering

Verneområdeforvaltarane vart flytta frå prosjektmidlar til 052501 frå 2014. Plan og bygg vart flytta frå resultatområde 121 til 660 i 2014. Ut frå vår vurdering er avvika i samsvar med forventa endring.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
01-06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning	kr 6 906 469,31	kr 1 440 278,30
09 Giftfritt miljø	kr 225 274,73	kr 0,00
11 Stabilt klima	kr 167 327,69	kr 0,00
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 2 099 612,49	kr 1 146 722,65
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 156 067,52	kr 0,00
Andre oppgaver under KLD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 9 554 751,00	kr 2 587 000,00

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Matsikkerhet

21.1 Økt matproduksjon og trygg mat

Halde oppe volumet av matproduksjon i Sogn og Fjordane

Klimatisk var 2014 eit godt år. Vi fekk ein tidleg vår og høge temperaturar gjennom sommaren. I delar av fylket var det periodevis tørt. Likevel har vi fått høge avlingar mellom anna fordi store delar av enga vart fornya etter vinterskaden i 2013. Ei frostnatt i mai øydela fruktbløminga og gav reduserte avlingar i nokre bygder. Dei høge temperaturane gav tidleg modning, og avlinga måtte haustast på svært kort tid. Dette gav redusert kvalitet.

Det matproduserande arealet i fylket er i tilbakegang. Dei siste ti åra har kjøtproduksjonen på sau og storfe gått ned med nokre få prosent. Men vi har ein stabil mjølkeproduksjon på ku og geit og ein aukande produksjon av frukt og bær. Gjennom Regional næringsplan (RNP) er det sett mål og tiltak for å auke produksjonen. Dette vert gjort i samarbeid med faglaga og foredlingsbedriftene og ved målretta bruk av BU-midlane. Dette har vore prioritert i 2014:

- Arena Frukt og bær med utviklingsarbeid på frukt og grønt (særleg bringebær, morellar og plommer)
- Prosjektretta arbeid med sanering av mjølkegeitbuskapane og fornying av geitefjøsa
- Nybygg, modernisering og utviding av mjølkefjøs til ku
- Mobilisering og nyttenking kring fjøs til sau
- Utviklingsarbeid for auka foredling og lokal omsetnad av økologisk lammekjøt
- Føregangsfylket økologisk frukt og bær som pådrivar for meir kunnskap og auka produksjon

Vi har arbeidd for å få fleire matbedrifter med lokal foredling, og fire bedrifter er med i vekstprogrammet. Lokalmatbedriftene hadde ein omsetnad på over 120 mill. kroner i 2013, med eit gjennomsnitt på 1,8 mill. kroner.

Det er etablert eit godt samarbeid med Mattilsynet. Vi hadde møte med region- og distriktsleiar der landbruk, miljø og beredskap deltok. Beitegruppa har hatt sine vanlege møte der det vert arbeidd for å redusere tap på utmarksbeite. Det er også lagt til rette for eit betre samarbeid mellom Mattilsynet, oss og kommunane om oppfølging av saker som gjeld dyrevelferd.

Gjennom kontroll av produksjonstilskot har vi arbeidd med kva som vert forventa ved "normal jordbruksproduksjon" Vi har arbeidd med avdrott per ku og sau og informert søkjarar som har svært låg avdrott. Med klare forventningar til bonden trur vi mange vil auke produksjonen per dyr slik at den totale matproduksjonen i fylket går opp.

Vi har starta opp eit internt utgreiingsarbeid for å sjå på potensiale for auka matproduksjon. Her har vi funne fram til areal som er gått ut av drift, dyrkingsareal er kartfesta og vi har sett på potensialet for auka avlingar. Dette arbeidet vil halde fram i 2015, der vi mellom anna skal kartfeste område som er eigna for produksjon av frukt og bær.

Resultatområde 22 Landbruk over hele landet

Den generelle utviklinga dei siste ti åra er 25 prosent nedgang i tal gardsbruk som søker produksjonstilskot, 8 prosent nedgang i totalt jordbruksareal i drift, og 17 prosent nedgang i fulldyrka jord i drift. Produksjonen av dei viktigaste matvarene har likevel vore nokolunde stabil, både på mjølk og kjøt. Fruktdyrkinga har også endra seg med mindre eple og pære, men auka volum og verdi frå bringebær og morellar. Det har såleis skjedd ein kraftig effektivisering i primærproduksjonen. Ser vi på utviklinga i fylket, er det sterkare nedgang i tal bruk, areal og produksjon i kystkommunane enn inne i fjordbygdene.

22.1 Bruk av landbruksarealer

Beitebruk

Talet på sau og lam på utmarksbeite gjekk litt ned i 2014, til 189 000 dyr, som er på same nivå som 2012. Sauetalet har gått ned dei ti siste åra, men vi fekk ein auke i 2013 og deretter ein nedgang i 2014. Det kan ha samanheng med at sommaren 2013 ga svært dårlege avlingar slik at mange reduserte dyretalet til 2014.

Beitesommaren 2014 var jamt over god, men vi fekk svært høge tap til jerv i delar av Indre Sogn og Nordfjord, og til ulv i Naustdal. Totalt vart det gjeve rekordhøg erstatning for nesten 1200 sau og lam i det som skal vere prioriterte beiteområde. Dette er svært krevjande for beitenæringa, og skaper usikkerheit rundt om vi greier å gjennomføre det vedtekte rovviltforliket. Det har synt seg svært vanskeleg å få effektiv jakt på jerv i desse fjellområda, både i beiteperioden og i lisensfellingsperioden om hausten og vinteren.

Vi har godt samarbeid, både internt i embetet og med beitenæringa, om beitetap til freda rovvilt og med andre årsaker. Vi har hatt felles informasjonsmøte med beitelag, vi har drøfta konkrete forvaltningstiltak, og vi starta utvikling av ei ny SMS-basert varslingsteneste for rovviltobservasjonar. Det er ikkje så vanleg å ha samfinansiering mellom miljø- og landbruksmidlar på same tiltaket. Det er heller slik at vi deler på det ved at ulike tiltak blir finansiert frå ein av desse, alt etter kva som er mest relevant.

Geovekstsamarbeidet

Vi deltek i Geovekstsamarbeidet på fylkesnivå. Det er svært arbeidssparande å ha oppdaterte kart og ortofoto, til dømes for å sleppe synfaringar og for å auke kvaliteten i forvaltninga. Heile embetet har nytte av dette, men kanskje mest i arealsaker, landbruk, miljøforvaltning og beredskap. Frå 2013 vart til dømes digitale kart brukte i søknader til regionalt miljøprogram for å kartfeste og rekne ut bratt areal og steinmurar.

I alt 17 kommunar i Sogn og Fjordane har levert kontinuerleg ajourhald av arealressurskart (AR5) i 2014. Data er levert med god kvalitet. I desember 2014 var det kurs i ajourhald av AR5 ved bruk av GISLINE programvare, med 28 deltakarar frå 19 kommunar.

Ekstra midlar til landbruksområdet

Den ekstra tildelinga på 95 000 kroner til landbruksoppgåver over kap. 1144 post 77, vart brukt til informasjonsmøte om verdsarvområdet, møte i samband med arbeidet med berekraftig reiseliv og diverse kurs for landbruksforvaltninga i kommunane.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2013	2012
FMSF	60905	96912	85	3	6,3	4,4	4,2
Sum	60905	96912	85	3	0	0	

22.2 Eiendom og bosetting

Vi har kurs for kommunane om reglane i konsesjonslova og jordlova når vi finn grunn til det, og informerer også ein del per telefon. Vi har ikkje noko godt grunnlag for å seie noko sikkert om kommunane si handtering av slike saker, sidan vi berre får inn klagesakene. Vi har til no ikkje funne grunn til å be om få tilsendt alle vedtak etter jordlova og konsesjonslova i ein kommune for å følgje nærmare med på praktiseringa, jamfør jordlova § 3.

Vi har inntrykk av at kommunane generelt handterer dette regelverket på forsvarleg vis. Vi ser at ikkje alle legg like stor vekt på å bruke buplikta som verkemiddelet for å fremje busetnaden i bygdene.

22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Kontrollarbeid

Vi har hatt forvaltningskontroll hjå fem kommunar, derav eit felles landbrukskontor for tre kommunar slik at kontrollen i alt omfatta sju ulike kommunar. Kontrollen gjaldt forvaltning av ulike økonomiske støtteordningar.

Det generelle inntrykket ut frå kontrollrapportane er at kommunane vanlegvis gjer ein forsvarleg jobb, men fleire melder at dei ikkje har tid til å gå grundig inn i alle saker. Det er relativt få formelle avvik, men vi har gjeve ein del merknader på rutinar og praksis som bør betrast.

Dei aktuelle fagfolka og avdelingsleiinga deltek i utarbeiding av den årlege kontrollplanen, og dei same personane deltek også på kontrollane. I 2014 var sju ulike personar med på kontrollen i kommunane, med ein samla tidsbruk på om lag eit halvt årsverk til saman.

Landbruksvikar

Alle kommunane i fylket har landbruksvikartilbod. I starten av 2014 var det ni avløysarlag, men frå 1. oktober gjekk Hornindal Avløysarlag saman med Vest landbrukstenester, slik at det vart åtte avløysarlag ved slutten av året. I 2014 fekk vi tildelt 20 årsverk og om lag 5,4 mill. kroner som er fordelte til desse avløysarlaga. I 2014 heldt vi tilbake ti prosent, tilsvarande to årsverk. Tanken var at avløysarlaga kunne søkje på resten av midlane etter 1. november, men heile potten vart ikkje brukt opp. Vi rapporterer på bruken av midlane til Landbruksdirektoratet. Administrasjon av ordninga krev mykje manuelt arbeid.

Tidlegpensjon

Vi hadde svært få søknadar om tidlegpensjon i landbruket i 2013, men i 2014 fekk vi om lag 20 søknadar, noko som kanskje hadde samanheng med at det var forslag om å fjerne heile ordninga. Vi har sjekka at dei som har fått tidlegpensjon ikkje står oppført med jordbruksinntekt, og data frå Skattedirektoratet vil også gje oss grunnlag for å sjekke dette nærare komande år.

Erstatningsordningane

Vinteren, våren og sommaren 2013 var det mykje dårleg ver. Derfor fekk vi inn mange søknadar om avlingssvikt hausten 2013 som vart behandla i 2014. Omfanget og erfaringane med dette er rapportert til Landbruksdirektoratet. Vi fekk også elleve klager på vedtaka. Ni av dei vart tekne til følgje og to avslått. I ettertid har regelverket for avlingsskade på gras vorte forenkla, noko vi synest er bra, men førebels har vi ikkje hatt erfaring med dette.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2014 - antall

Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordningar	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått

3	4	0	1	0	1
---	---	---	---	---	---

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
33	0	1	0	0	0	19	0	0

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2014

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,5

Antall personer: 7

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	Flora kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og avløysartilskot i 2013
Registrerte avvik:	Ingen avvik, men fire merknadar. Mangla mellom anna dokumentasjon på at dei har vurdert avkorting, og rutinar for varsling til brukarane ved endring av vedtak.
Oppfølging av avvik:	Kommunen skulle betre rutinane og gje tilbakemelding.

Kommune:	Hornindal kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og avløysartilskot i 2013. Regionalt miljøprogram og SMIL.
Registrerte avvik:	Eitt avvik, på at kommunen ikkje har gyldig tiltaksstrategi for SMIL. To merknader på rutinar for kontroll dokumentasjon på at eventuell avkorting er vurdert.
Oppfølging av avvik:	Kommunen skulle lukke avviket og betre rutinane.

Kommune:	Hyllestad kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, avløysartilskot, RMP og SMIL.
Registrerte avvik:	Eitt avvik, på at naturmangfaldlova ikkje blir vurdert ved handsaming av SMIL-søknadar. Seks merknadar på forbetningspunkt innanfor PT om mellom anna formulering av vedtak, bruk av kontrollskjema, dokumentasjon og arkivrutinar.
Oppfølging av avvik:	Kommunen skulle betre rutinane og gje tilbakemelding til Fylkesmannen.

Kommune:	Lærdal kommune
Orninger/omfang:	Felles landbrukskontor for Lærdal, Årdal og Aurland. Produksjonstilskot og avløysartilskot.
Registrerte avvik:	Eitt avvik, på brot på offentleglova. To merknadar på bruk av kart og vurdering av bruk av avkorting.
Oppfølging av avvik:	Kommunen lova å utbetre feila og manglane.

Kommune:	Vik kommune
Orninger/omfang:	NMSK, skogkultur

Registrerte avvik:	Ingen formelle avvik, men ein merknad på vurdering av kostnadsnivå på skogkultur. Kommunen peikte også på ein del vanskar med bruk av IT-løysinga Web-Skas.
Oppfølging av avvik:	Kostnadsnivå på skogkulturtilskot blir korrigert og forslag til forbetringar på Web-Skas blir teke med i kurs og opplæringstiltak.

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Foretak:	To foretak i Gloppen.
Orninger/omfang:	Vurdering av driftsfellesskap mellom to bruk der eigarane er sambuarar. Kontrollen skjedde via dokumentkontroll og brev.
Hjemmel for kontroll:	PT-forskrifta.
Registrerte avvik:	Ingen dokumenterte avvik, men bruka ligg i gråsona for kva som var lovleg innanfor dåverande regelverk.
Oppfølging av avvik:	Vi avslutta saka utan avvik, men bad dei vurdere drifta ut frå nytt regelverk for PT frå 2015. Blir sjekka seinare.

Foretak:	Fem samdrifter i Jølser
Orninger/omfang:	Vurdering av driftsfellesskap. Samdrifter der enkelte medlemmar også dreiv med andre husdyr (sau) i egne føretak. Kontrollen skjedde ved innsending av rekneskap m.m.
Hjemmel for kontroll:	PT-forskrifta.
Registrerte avvik:	Ingen dokumenterte avvik, men fleire dreiv i grenseland for kva som kunne akseptert innanfor dågjeldande regelverk.
Oppfølging av avvik:	Vi avslutta sakene utan avvik, men bad brukarane vurdere drifta ut frå nytt regelverk frå 2015. Blir sjekka seinare.

Foretak:	Eit føretak i Sogndal
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, august 2014
Hjemmel for kontroll:	PT-forskrifta
Registrerte avvik:	Spørsmål om feil i dyretal i ammekuproduksjon.
Oppfølging av avvik:	Saka vart ikkje ferdig avslutta i 2014.

4. Andre kommentarer/ innspill:

22.4 Regionalt tilpasset innsats

Fagsamlingar og kurs for kommunane i 2014:

- Produksjonstilskot (august)
- Skogsamling for Vestlandet (juni, saman med Hordaland)
- Fylkessamling landbruk (oktober)
- Ajourhald av kart i AR5 (desember)
- Informasjon om Inn på tunet til fagleiarar og politisk leiing
- Kommuneprosjektet - førstelinjetenesta for næringsutvikling (saman med fylkeskommunen)

Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU) vert følgt opp med ein årleg handlingsplan der utmålingsreglar for ulike ordningar blir bestemt. Styringsgruppa for dette arbeidet består av Fylkesmannen (leiar), fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, KS, Bondelaget, Småbrukarlaget og Skogeigarlaget. Partane har vist stor vilje til å finne fram til ein felles plan. Det er stor aktivitet med investeringar og omstilling på landbruksområdet og innan lokal mat. Det er mindre interesse for nyskaping innan tenesteproduksjon.

Det var om lag 40 årsverk i den kommunale landbruksforvaltninga per januar 2015, og 18 årsverk ved landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen. I den kommunale forvaltninga er det variasjon i kunnskap og kapasitet på desse oppgåvene, og særleg innan skogbruk er det ganske mangelfullt i fleire kommunar. Vi har teke dette opp med dei og argumentert for interkommunale løysingar, delvis etter mal frå den gongen fylket var delt inn i skogbruksdistrikt.

22.5 Ei livskraftig reindrift

Dette resultatområdet er ikkje relevant for oss. Eit tamreinslag i Valdresområdet har visst nok litt av beiteområdet inne i vårt fylke, men dette blir handtert av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

Resultatområde 23 Økt verdiskaping

23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

Næringsklynga frukt og bær (Arena)

Vi satsar på dette området ved å ha ein fylkesgartnar som stort sett skal jobbe med næringsutvikling. Her er det eit godt samarbeid mellom produsentar, rådgjeving, forskning, høgskulen og marknadsaktørar. Det vert arbeidd med ulike planter, dyrkingsmåtar, produktutvikling og marknadstiltak. Gjennom Regionalt Forskningsfond Vestlandet er det sett i gang fleire brukarstyrte prosjekt. I 2014 støtta Innovasjon Noreg planting av 206 dekar fordelt på 26 søkjarar. Førstehandsverdi av produkta inn til mottak var på 120 mill. i 2014, mot 102 mill. i 2012 og 117 mill. i 2013. Dei vekstane som bidreg mest i denne omsetnaden, er bringebær og morellar. Det vert no arbeidd aktivt med fornying av eplehagar, konsentrert planting av ny pæresort og auka volum av plomme.

Husdyrhald og fôrproduksjon

Det er stor interesse for bygging av nye fjøsar og å ta i bruk moderne teknologi i husdyrhaldet. Dette gjeld mjølkeproduksjon med ku og geit og kjøtproduksjon på storfe og sau. Vi ser dette som avgjerande for rekruttering og for å halde oppe produksjonen. Arbeidet er organisert i fleire prosjekt i samarbeid med faglaga, Tine, Norsk Landbruksrådgiving og Sau og geit. I 2014 støtta Innovasjon Noreg bygging av 49 fjøs til ein samla kostnad på 147 mill. Det er større etterspurnad etter investeringsstøtte enn tilgangen på BU-midlar. Dette er status innan husdyrhaldet:

- Mjolk: Produksjonen over år er stabil på kring 105 mill. liter. Vi har no 78 robotar i fylket og 1/3 av mjølka vert produsert av kyr i lausdrift.
- Geitemjolk: Saneringsprosjektet har omstrukturert og modernisert næringa.
- Storfekjøtt: Vi har ein svakt fallande produksjon på 5000 kroner per tonn. Spesialisering i mjølkeproduksjonen gjev trong for etablering av fleire føretak som kjøper kalv til oppføring.
- Sauekjøtt: Produksjonen er svakt fallande på vel 2000 tonn. Produksjonen per sau går opp.
- Svinekjøtt: Vi har ein stabil produksjon på 1700 tonn.

Inn på tunet

Fylkesmannen har i samarbeid med Innovasjon Noreg tilsett ein prosjektleiar for å utvikle næringa og følgje opp den fylkesvise handlingsplanen. Hovudmålet er å utvikle kvalitetssikra og samfunnsnyttige velferdstenester med garden som møteplass. I 2014 har vi arbeidd med informasjon til kommunane, landbruksnæringa, høgskulen, IPT-bedrifter, nettverksbygging og kvalitetssikring. Arbeidet vert gjort i tett samarbeid med referansegruppa for prosjektet som har representantar frå Fylkesmannen (landbruk, utdanning, helse og sosial), fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, Nav, KS, Bondelaget og tilbydarnettverket. Naustdal kommune har fått støtte gjennom Inn på tunet-løftet og er i ferd med å avslutte prosjektet sitt. Førebels er det ikkje starta konkrete tilbod. Hovudgrunnen

er at kommunen ikkje ser økonomisk rom til å starte opp utprøving.

Lokal mat

Vi har oppretta eit formelt samarbeidsforum mellom Fylkesmannen, Innovasjon Noreg og Kompetansenavet Vest. Arbeidet med mobilisering, oppfølging av bedrifter, nettverksarbeid og kurs, vert koordinert i dette nettverket. Det er utarbeidd ein felles handlingsplan for arbeidet. Dei vel 50 lokalmatbedriftene i Sogn og Fjordane hadde ein omsetnad på over 120 mill. i 2013, med ei snittomsetnad på 1,8 mill. Vi har no fem bedrifter med i det nasjonale vekstprogrammet, inkludert eit bedriftsnettverk.

Økologisk landbruk

Saman med Hordaland driv vi Føregangsfylket frukt og bær. Det vert arbeidd for auka areal, volum og omsetnad av økologisk frukt og bær. Det har vore viktig å ha dei økologiske dyrkarane med også der dei konvensjonelle dyrkarane møtest. Vi viser også til kap 24.5.

23.2 Skogbruk

For tredje år på rad vart det hogstrekord i Sogn og Fjordane, med over 180 000 m³ kommersielt omsett tømmer. Av dette var heile 169 000 m³, eller 92 prosent, gran, 13 000 m³ furu (7 prosent) og under tusen m³ lauvvirke. Vi estimerer at det i tillegg vart hogd kring 20 000 m³ ved til eige bruk. Det aktive skogbruket har no lagt orkanen Dagmar bak seg, sjølv om det framleis er eit etterslep på løyving og utbetaling av tilskot til vegar og skogsdrift utløyst av orkanen.

Ifølgje landsskogtakseringa kan det hoggast i underkant av 120 000 m³ gran no, og dette kvantumet kan meir enn doblast alt om ti år og vil så flate ut til om lag 300 000 m³ i året. På grunn av det låge avverkningsnivået i fylket fram til 2011, er det ikkje problematisk med denne overavverkninga av gran dei næraste åra. Men det er sjølv sagt viktig at skogen er hogstmoden.

For furu har det vore dårleg avsetnad dei siste åra og dette gjer at under 10 prosent av mogleg kvantum vert avverka. Furuvirket har i motsetnad til grana stor kvalitetsskilnad, men eignar seg og svært godt til lokal vidareforedling. Fylket har rike tradisjonar innan bruk av furu, men det er dessverre vanskeleg å få til nyetableringar av slik lokal vidareforedlende industri.

Saman med Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Treteknisk Institutt har vi vurdert lønsemda i større sagbruksdrift på kysten av Vestlandet med sjøen som sentral transportåre, både for tømmer inn og vidareforedla produkt ut. Kritisk storleik på eit slikt sagbruk vert noko i underkant av ein million m³ per år, det vil seie at det må skjjerast både gran og furu dersom virkestrongen skal dekkjast med vestlandstømmer.

For at skogeigarane i fylket skal få maksimalt ut av skogressursane, trengst det omfattande utbygging av vegnett og utstrekt nabosamarbeid. Rundt 40 prosent av granarealet er i taubaneterreng, og dette arealet treng eit tett vegnett. Utrekningar viser at vegdekning på 3,5 til 4 meter veg per dekar i taubaneterrenget gjev mest optimal vinsjelengd og maksimerer nettoen ved hogst til skogeigar. Det er difor viktig med aktiv driftsplanlegging og utnytting av fordelane med skogfondet. Og det er definitivt store utfordringar på forskings- og utviklingsida for å få fram både betre driftsmetodar og gode planleggingsrutinar tilpassa Vestlandet.

På tilskotssida har vi i 2014 og vil også i 2015 vere bundne av eit etterslep på orkanrelaterte vegar og skogsdrifter. I samråd med Sogn og Fjordane Skogeigarlag valde vi difor å ikkje gje tilskot til nye drifter i vanskeleg terreng i fjor. For 2015 har vi gjort om taubanetilskotet på gran til ei arealbasert ordning med fast sats per dekar. Dette gjer at taubanetilskotet vil løyse ut mellom 30 og 50 prosent høgare volum, men også at det vert vesentleg lågare tilskot per m³ på dei gode driftene, og der skogeigarane likevel sit att med god realnetto etter hogst. Dei aller dårlegaste taubanedriftene vert mindre lønsame.

Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar

I 2014 er det jobba med områdetakst i Naustdal kommune. Denne vert ferdig i 2015. I taksten er det nytta data frå gamal takst, trehøgder frå laser og nye foto med høg oppløysing gjennom geovekstsamarbeidet. Sidan det i første rekkje er periodisering av tiltak og hogst i den planta grana som er økonomisk interessant i skogbruket, er registreringar ut over dette av låg verdi. Data frå gamle takstar med fysiske alders- og bonitetsregistreringar kombinert med nye flybilete, er godt nok for å gje skogeigarane eit godt planleggingsgrunnlag. Vi ønskjer å nytte dette fullt ut i det vidare arbeidet med skogbruksplanlegging i fylket. Det gjer at vi av viktige kommunar i (skogbruksplan-)hovudplansamanheng står att med Hyllestad, Askvoll og Høyanger og delar av Bremanger og

Sogndal som treng nyregistreringar.

Etter erfaring frå Feiosprosjektet har vi også engasjert oss i å utvikle skogbruksplanen til eit betre driftsplanverkty for skogeigarane. Vi trur dette vil gje skogeigarane eit betre kunnskapsgrunnlag og i tillegg leggje til rette for meir samarbeid på tvers av eigedoms grensene.

Vi kunne ønskje oss ei betre registrering av nye plantefelt som det vert gjeve tilskot til på kart. Dette vil vere til stor hjelp i takstsamanheng, og også gjere det mogleg å gje målretta informasjon om behov for ungskogpleie til skogeigarar.

Planting og skogkultur

Januar 2014 gjorde stor skade grunna tørke. Det var lite og ingen snø og fleire veker med tørr austavind. Dette medførte skade på 400 000 eitt til tre år gamle plantingar som må plantast på nytt. Ein del ståande skog vart også skadd. Dette var truleg ein kombinasjon av tørke og skade på hårrøtene. I 2014 vart det planta 430 000 plantar. Grunna stor aktivitet var det for første gong på mange år for lite midlar til skogkultur. Skogeigarane i Sogn og Fjordane har no ein viktig jobb med å fornye areala som er hogne.

Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

Arbeidet med plansaker er ei prioritert oppgåve hjå Fylkesmannen. Alle fagavdelingane deltek i arbeidet og det blir koordinert av ein plankoordinator i miljøvern avdelinga. Jordvern er det viktigaste for landbruksinteressene, men vi legg også vekt på omsynet til beitebruk og kulturlandskap.

Sjølv om det ikkje er nokon sterk vekst her i fylket, opplever vi likevel konflikt mellom jordvern og andre viktige samfunnsinteresser i arealplanlegginga. Døme på dette er kommunesenter på flate elvesletter slik som i Stryn, Eid og Førde. Klimaendringar med auka rasfare, flaum og vind gjer også at det blir sterkare kamp om dei same areala. Ser vi på det tilgjengelege "nettoarealet" som kan brukast til landbruk og andre intensive føremål, så har vi dei same arealutfordringane som fylke med langt sterkare vekst. På sikt er derfor god arealplanlegging endå viktigare for ei bærekraftig utvikling også her i fylket.

24.1 Jordvern og kulturlandskap

I 2013 vart det omdisponert 290 dekar dyrka jord i fylket, noko som er litt meir enn i 2012. Gjennomsnittleg omdisponering frå 2005 til 2013 var litt over 300 dekar per år. I jordvernstrategien som vart vedteken hausten 2009 av det tidlegare fylkeslandbruksstyret for Sogn og Fjordane, var målet å redusere omdisponeringa til under 250 dekar pr år. Slik sett nærmar vi oss målet, men det kan vere store årlege variasjonar på grunn av store byggjeprojekt og veganlegg. I 2014 har vi hatt fleire nye kommuneplanar på høyring, og vi har utfordringar med jordvern kring fleire av kommunesentera i fylket. Dette vil nok vise att i statistikken for omdisponert jordbruksareal etter kvart som areala blir omregulerte dei komande åra.

Motsegner

Vi har god dialog med kommunane, og i dei aller fleste tilfella kjem vi fram til løysingar for arealplanane utan formell mekling. I 2014 har vi likevel fremja motsegn mot fleire planar med til dømes krav om betre arealutnytting, rekkefølge på utbyggingsområda for å spare dyrka jord lengst mogleg, og i nokre tilfelle kravd at jordbruksareal vert teke ut av planen fordi det ikkje har vore godt nok dokumenterte behov. Så langt ser det ut til at det er mogleg å bli samde med dei aktuelle kommunane.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Vi har to utvalde kulturlandskap her i fylket; Grinde i Leikanger kommune og Hoddevik - Liset i Selje kommune, og vi har i januar 2015 rapportert til Landbruksdirektoratet om erfaringane frå 2014.

Det er utfordringar i forvaltninga av begge områda, også fordi vi har hatt vakanse i ei stilling hjå oss. I Selje kommune har dei ein svært gamal kommuneplan og kapasitetsproblem i kommuneplanarbeidet. Det har gjort at det utvalde kulturlandskapsområdet ikkje har fått den ønskjelege statusen i arealplanen. Vi har også vore nøyddde til å ta mykje av oppfølgingsarbeidet.

På Grinde er det noko uavklart kven som skal ta over eit av dei sentrale gardsbruka, så skjøtselsavtalane har vorte

kortsiktige og ofte år for år. Her prøver vi å få til ei avklaring, og vi ønskjer også at kommunen skal ta ei sterkare rolle i den årlege forvaltninga.

24.2 Samfunnsplanlegging

Om arealplanlegging syner vi til resultatområde 24.1 Jordvern og kulturlandskap.

Verneområda

Dei store verneplanane er vi ferdige med også i dette fylket. Det var eit godt samarbeid mellom miljø- og landbruksavdelingane om dei siste verneplanane, og vi utvikla mellom anna gode prinsipp for å ta omsyn til både bruk og vern av desse områda. Oppfølginga og forvaltninga av verneområda er no lagt til verneområdestyra, med god hjelp frå verneområdeforvaltarar som er tilsette hjå Fylkesmannen. Landbruksavdelinga er derfor ikkje like involvert i forvaltningsarbeidet, men vi har inntrykk av at det er oppretta godt lokalt samarbeid der det også vert teke omsyn til landbruksinteressene.

Beredskap og samfunnstryggleik

Vi deltek i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap gjennom internt samarbeid i embetet. Landbruksdirektøren deltek til dømes på beredskapsøvingar som ein del av beredskapsstaben til Fylkesmannen, og vi er involvert i arbeidet med fylkes-ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse). Her er også landbruket omtala.

24.3 Klimautfordringene

Her i fylket er det per i dag berre eitt større forbrenningsanlegg for bioenergi i form av treflis. Det ligg i Stryn kommune. Elles er det mange små forbrenningsanlegg på gardsbruk og andre små bedrifter. Det har vore jobba med å få fleire større bedrifter til å satse på bioenergi, i form av å støtte utgreiingar, men i praksis viste det seg at det ikkje kunne konkurrere med rimelegare elektrisk kraft eller andre energikjelder. Det har derfor ikkje vore noko framgang i arbeidet i 2014.

I 2013 vart det etablert ei bedrift som satsar på massivtre for bygningar, og dei har kome godt i gang. Parallelt med dette vart det oppretta ei eiga prosjektstilling for å auke bruken av trevirke, men dette arbeidet har på grunn av sjukdom ikkje kome skikkeleg i gang enno.

Andre klimatiltak i landbruket er for vår del hovudsakleg retta mot primærskogbruket og miljøvennleg gjødselhandtering. I skogbruket har vi arbeidd for å auke planting etter hogst dei siste to åra, noko som er viktig for å halde ved like skogen si evne til å binde karbon. Plantetalet har auka frå 130 000 plantar i 2012 til om lag 435 000 plantar i både 2013 og 2014, men det var nok samla opp eit behov etter fleire år med låge plantetal. Samanlikna med hogsten er dette framleis for lågt. Hogstarealet i 2014 er rekna til 3600 dekar, medan plantearealet var på omlag 1800 dekar. I tillegg hadde vi tørkeskader om vinteren som også tilsvarar om lag eitt års planteareal. Det er derfor framleis behov for å auke innsatsen innanfor skogplanting dersom vi skal halde oppe volumet i kulturskogen i framtida, til beste for både klima og framtidig skognæring.

I samarbeid med fagsenteret ved Bioforsk Fureneset har vi dei siste åra arbeidd for å få fram meir kunnskap om korleis praktisk jordbruksdrift kan redusere utsleppa av klimagassar. Dette handlar mellom anna om å redusere gassutslepp frå opne lager, tilstrekkeleg lagerkapasitet, rett gjødselhandtering i vekstsesongen, lite jordpakking og god drenering. Totalt sett vil altså god agronomisk drift gje mindre utslepp av klimagassar, betre avlingar og dermed også betre driftsøkonomi. Denne kunnskapen blir no formidla frå Fureneset fagsenter i samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving.

Vi har ikkje hatt eigne tiltak for biogassanlegg i 2014. For eit par år sidan laga vi ein rapport som viste det teoretiske grunnlaget for å etablere store felles biogassanlegg, men med dagens straumprisar er ikkje dette lønsamt. Det er derfor ikkje etablert slike anlegg her i fylket.

Vi har ikkje eigne tiltak for klima og utslepp av ammoniakk i vårt regionale miljøprogram RMP. Vi viser her til resultatområde 24.4.

Vi har rapportert på bruken av midlar til skogbruksplanlegging med miljøregistrering og andre miljøtiltak i skogbruket, i den årlege rapporten til Landbruksdirektoratet. Vi har også bidrege med opplysningar til Norsk institutt for skog og landskaps årlige rapport om berekraftig skogbruk.

24.4 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensninger

Regionalt miljøprogram RMP

Det har ikkje vore vesentlege endringar i vårt RMP siste året. Vår hovudmålsetnad er å ta vare på det særmerkte kulturlandskapet, og tiltaka er innretta deretter. Dette er døme på konkrete tiltak i RMP der vi ser positiv effekt:

- Skjøtsel av bratt areal, ei ordning som tek halvparten av potten på 25 mill. kroner, hindrar at ein del bratt areal vert lagt ned og at brattlente bruk går ut av drift
- Beite i utmark (tilskot til beitedyr i verneområde) har ført til auka beiting innanfor dei store verneområda, og det bidreg til å ta vare på beitebruken i nokre av dei finaste fjellområda vi har
- Skjøtsel av styvingstre har ført til at langt fleire styvingstre vert styvde
- Drift av stølar med mjølkeproduksjon: Tilskotet er svært viktig for at folk skal ta meirarbeidet og meirkostnaden med stølsdrift, noko som både er kulturhistorisk viktig og bidreg til å auke beitebruk i utmarka
- Drift av beitelag: Tilskotet er ei viktig stimulering til organisert arbeid for mindre beitetap. Det hadde vore vanskelegare å arbeide for reduserte beitetap i utmarka viss vi ikkje kunne samarbeide gjennom desse beitelaga

Det nye fagsystemet for RMP har fungert langt betre i 2014 enn i 2013. Dette har forenkla arbeidet, men framleis er enkelte av funksjonane ikkje gode nok. Det gir både kommunane og oss nokre utfordringar i bereknings- og kontrollarbeidet.

Spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL

Størstedelen av SMIL-midlane går framleis til gamal kulturmark og verneverdige bygningar i kulturlandskapet. Typiske tiltak er rydding og inngjerding for å opne attgrodde beiteareal, og reparasjon av tak og fasadar på gamle låvar og stølshus.

Ved fordeling av SMIL-ramma siste åra har vi oppmoda kommunane om å stimulere til tiltak som ein kan sjå i samanheng med målsetnaden i RMP om å ta vare på det opne og særmerkte kulturlandskapet. I samband med rapporteringa på slutten av året, bad vi kommunane om ei oversikt over korleis dei har jobba med dette.

Miljøplan på gardbruka

Vårt inntrykk er at dei fleste bøndene har ein miljøplan, slik dei har opplyst ved søknad om produksjonstilskot. Men oppfølging og oppdatering av planen varierer. Bøndene har best kontroll på gjødslingsplan og sprøytejournal, som er knytt til sjølve drifta på bruket. Sjekkliste, tiltaksplan og dokumentasjon er dårlegare følgd opp.

Etter at det i jordbruksoppgjere vart bestemt at miljøplanen skal erstattast med konkrete miljøkrav som grunnlag for produksjonstilskot, har vi tona ned informasjonen og kontrollen av miljøplanen.

Plantevernplan

Vi har i mange år hatt ansvar for å lage ein samla plantevernplan som gjev råd om forsvarleg bruk av plantevernmiddel i jord og hagebruk. Dette heftet blir brukt i dei seks fylka frå Agder til Møre og Romsdal. Frå 2015 vert dette ansvaret overført til Landbruksrådgevinga.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2014 etter søknadsomgang 2013 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmiddel	Andre miljøtiltak
FMSF	15875360	3639720	5315017	0	0	0	0	0
Sum	15875360	3639720	5315017	0	0	0		

24.5 Økologisk landbruk

Vi ser arbeidet med økologisk landbruk som ein integrert del av arbeidet med landbruksbasert næringsutvikling. Dette er forankra i RBU i dialog med faglaga. I 2014 vart 330 000 kroner av BU-midlane brukt på tiltak innafor økologisk landbruk.

Sogn og Fjordane er ein aktiv part i Føregangsfylket økologisk frukt og bær, der fylkesgartnaren vår sit i styringsgruppa. Økologisk dyrking er tema på dei ordinære møteplassane for produsentane, og det er sikra omsetnad for produkta m.a. gjennom Balholm sin produksjon av økologisk jus. I 2014 vart det gjort ei kartlegging av avlingsnivå og omsetningskanalar for økologisk frukt i Hordaland og Sogn og Fjordane. Denne kartlegginga er ein del av arbeidet med å finne fram til kva avlingsnivå som kan forventast ved "normal jordbrukproduksjon".

For å løyse praktiske utfordringar i økologisk dyrking av frukt og bær vert det utført fleire FoU-prosjekt i regi av Njøs Næringsutvikling. Dette gjeld m.a. næringstilførsel, kontroll av skadegjerarar og nye driftsmåtar.

Saman med Økoringen Vest har vi starta opp eit prosjekt om omsetnad av økologisk kjøt til forbrukar. Her vert det arbeid med nettverk mellom produsentar, lokal foredling og ulike salskanalar. Prosjektet vert drive i tett samarbeid med Kompetansenavet for lokal mat og matkontakten hjå Fylkesmannen.

Ressursrapportering

Etter vår vurdering er det ikkje vesentlege avvik i ressursbruken vår på landbruksområdet når vi samanliknar 2013 og 2014.

Resultatområde Kapittel 0525 Fagdep.

Oppgaver under LMD kr 10 849 232,12 kr 7 742,00

Sum: kr 10 849 232,00 kr 7 742,00

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Forvaltningsoppgaver - barnehagen og grunnsopplæringen

I 2014 har utdanningsavdelinga i to periodar hatt redusert bemanning – tre månader permisjon (utdanningsdirektør) og fire månader vakanse (rådgjevar). Dette har medført nedprioriteringar på nokre felt i desse periodane, men alle oppdrag og oppgåver er løyste med eit tilfredstillande resultat. Omfordeling av nokre oppgåver og høgare arbeidspress gjekk greitt sidan det var snakk om avgrensa tidsperiodar.

31.1 Tilsyn

Resultatkrav

- Gjennomføre tilsynsaktiviteten i samsvar med aktivitetskrav
- Gjennomføre alle tilsyn etter gjeldande metodehandbok og instruks

Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Tilsynsaktiviteten for 2014 er lagt opp etter ei felles kategorisering av tilsyn, og etter prinsippa som vart lagde til grunn i Utdanningsdirektoratet sitt skriv av 19.11.2013.

Barnehage

Vi vurderer å ha god måloppnåing og gjennomfører tilsynsprosessen på ein effektiv måte. Det er to personar som førebur og gjennomfører tilsyna. Dette kan vere noko sårbart ved sjukdom eller fråvær, men vi vurderer det likevel til å vere tilstrekkeleg bruk av ressursar.

Når det gjeld tilsynsomfanget meiner vi at det for 2014 har vore tilfredsstillande balanse mellom aktivitetskrava og ressursane våre. Vi har auka kompetansen etter god opplæring frå Utdanningsdirektoratet og innføring av ny metodehandbok.

Skule/utdanning

Vi meiner at vi har innfridd resultatkrava på området ut frå dei ressursane vi rår over. Dei tilsette som arbeider

med området har både høgare utdanning, erfaring frå tilsynsarbeid og arbeidserfaring frå kommunal sektor. Vi vurderer om fleire personar skal involverast i tilsynsarbeidet, spesielt for tilsyn med vidaregåande opplæring.

Utdjuping av oppdrag og oppgåver

Barnehage

På barnehageområdet er det gjennomført tilsyn i tråd med planane frå Utdanningsdirektoratet. Vi har gjennomført åtte tilsyn, fem som systemrevisjon og tre dokumenttilsyn som oppfølgingstilsyn. Alle tilsyn var planlagde, og kommunane vart varsla i god tid før gjennomføring. Val av tilsynsobjekt er gjort ut frå kunnskap om kommunen si organisering på skule- og barnehageområdet, tidspunkt, resultat frå førre tilsyn og registreringar i BASIL.

Tema for tilsyn har vore

- kommunen som barnehagemyndigheit (§ 8),
- kommunen som godkjenningssmyndigheit (§§ 10 og 11)
- kommunen sitt tilsyn med barnehagane (§ 16)
- kommunen si handtering av regelverket om pedagogisk bemanning, pedagognorm og dispensasjonar (§ 18)

Val av tema for tilsyna heng saman med satsinga vi har hatt på kommunen som barnehagemyndigheit. Vi har sett på avvik frå tidlegare tilsyn på §§ 10, 11 og 16 for oppfølging. Ut frå (det vi har sett av) rapporteringar i BASIL har vi valt å sjå nærare på § 18 i enkelte kommunar.

Vi har lagt vekt på at lovbrøt blir retta. For å styrkje effekten av tilsyna og etterleving av regelverket, har vi lagt opp til informasjonstiltak på dei ulike møteplassane vi har med kommunane. I tilsyna arbeider vi for å få god dialog og læring. Tilsynsrapportane vert lagde fortløpande på nettstaden vår.

Vi har hatt høg tilsynsaktivitet, med høgare nådde tilsynspoeng enn det oppdraget krev. Alle pålegg om retting er tett følgde opp, og éin kommune har fått utsett frist for lukking etter tilsyn i 2013. Funn frå tilsyna har vore tema på samlingar med kommunane, og det er lagt ut informasjon på nettstaden vår. Vi har delteke på alle samlingane til Utdanningsdirektoratet, og tilsette frå Utdanningsdirektoratet var med som observatørar på eitt av tilsyna våre. Etter eitt års erfaring med ny tilsynsmetode ser vi ei klar forbetring av vår gjennomføring av tilsyn. Det har likevel gått med mykje tid til utarbeiding av eigenvurderingsskjema, nye intervjumalar og omsetjing av dårleg formulerte nynorsktekstar i ferdige malar frå Utdanningsdirektoratet.

Meir om resultatkrav og eigenvurdering

For 2014 vart det utarbeidd eit krav om tilsynsaktivitet etter eigne tilsynspoeng. Vi melde inn aktivitet som var over dette kravet. Med nokre justeringar som vi her gjer greie for, har vi nådd høgare tilsynspoeng enn planlagt.

Tilsyn etter kategori 3

Vi gjennomførte tilsyn med fem kommunar etter barnehagelova §§ 8 jf. 16, og avdekte brot på desse føresegnene i fire av kommunane.

Tilsyn etter kategori 2

Vi hadde planlagt fire tilsyn etter barnehagelova §§ 8 jf. 16, eller berre § 16, og gjennomførte tre av desse. Vi utsette det fjerde tilsynet etter ønske frå kommunen, og opna det i desember slik at resten av prosessen er flytta til 2015.

Tilsynet vart gjennomført som oppfølgingstilsyn. Det vart avdekt lovbrøt i alle kommunane. Nokre av kommunane fekk lovbrøt både på § 8 og § 16.

Vi brukte meir tid på gjennomgang av dokumentasjonen i desse tilsyna enn forventa. Tilsyna vart meir omfattande og kravde meir ressursar til vurdering av informasjonen som vart henta inn. Av den grunn vurderer vi tilsynet etter kategori 2 og ikkje 1 slik vi først hadde planlagt og meldt inn til Utdanningsdirektoratet.

Samla sett gir dette 23 tilsynspoeng.

Skule / utdanning

Meir om resultatkrav

Eigeninitierte tilsyn:

Vi melde inn tilsyn på til saman 17 tilsynspoeng, der 15 av poenga utgjorde tilsyn med fem grunnskular etter kap.

9a. Då vi i februar fekk oppmoding frå Barneombodet om å gjennomføre tilsyn med Naustdal kommune og Naustdal barne- og ungdomsskule, valde vi å ikkje gjennomføre det planlagde tilsynet med ordensreglementet til skulane i Vågsøy kommune. Endringa vart meldt til Utdanningsdirektoratet i slutten av august. Tilsynet med Naustdal var så omfattande at det vart vekta til fire tilsynspoeng. Samla tilsynspoengsum for eigeninitierte tilsyn for 2014 vart difor 19.

Felles nasjonale tilsyn:

Vi melde inn tilsyn med to kommunar og fylkeskommunen, dvs. to grunnskular og ein vidaregåande skule. Til saman utgjer dette 20 tilsynspoeng. Vi vurderte tilsynet med elevanes utbytte til å vere eit omfattande tilsyn, og difor endra vi dette til å føre tilsyn med to grunnskular i kvar av kommunane og to vidaregåande skular. Dette vart gjort i forståing med kommunane og fylkeskommunen. Endringane vart melde til Utdanningsdirektoratet i slutten av august.

Dette betyr at vi i 2014 har gjennomført tilsyn på opplæringsområdet som til saman utgjer 49 tilsynspoeng, altså to poeng over planlagt tilsynsomsfang.

Meir om ressursar og kompetanse

Arbeidet med å planleggje og gjennomføre tilsyn i samband med felles nasjonalt tilsyn (FNT) 2014-17 har vore krevjande. Spesielt gjeld dette det obligatoriske tilsynet, dvs. «korleis skulen arbeider med elevane sitt utbytte». Vi meiner likevel at det har vore tilfredstillande balanse mellom aktivitetskrava for 2014 og ressursane våre.

For å kunne gjennomføre tilsynet sjølv om det skulle oppstå sjukdomsforfall, er vi til vanleg tre personar under planlegginga av stadlege tilsyn.

Vi legg opp til å sikre at vi alltid har tilstrekkeleg og oppdatert kompetanse på tilsynsområdet, dvs. opplæring av nyttilsette og oppdatering av meir erfarne medarbeidarar. I 2014 har fleire av dei tilsette delteke på nasjonale konferansar, t.d. FNT 2014-17, kurs i tilsynsmetode og kurs i ReFlex. I 2014 har det ikkje vore trong for å sende personar på tilsynskurs for nyttilsette.

Vi har framleis ordning med tilsynslag med ansvar for tilsynsarbeidet på barnehage- og grunnopplæringsområdet. På grunn av arbeidet med FNT-tilsynet, har det ikkje vore gjennomført regelmessige møte i 2014.

Risikovurderingar - val av tema, objekt og dimensjonering

Eigeninitiert tilsyn

Fordi vi ser § 9a-1 som ein viktig paragraf i opplæringslova, har vi i alle kommunane i fylket valt å føre tilsyn med arbeidet i skulane med det psykososiale miljøet. Dette arbeidet har stor innverknad på vilkår, vekst og utvikling for den enkelte eleven. Alle fem tilsyna vart gjennomførte med grunnskular etter malen for FNT 2010-14. Ved utgangen av 2014 hadde vi gjennomført 9a-tilsyn i 25 av dei 26 kommunane i fylket. Tilsyn med den siste kommunen vert gjennomført våren 2015.

Val av objekt i 2014 vart bestemt ut frå fleire forhold, m.a. hadde vi i 2013 gjennomført felles formøte for både tilsynskommunen og nabokommunar. På møtet informerte vi både om kontrollspørsmåla og lovforståinga. Det endelege utvalet av aktuelle grunnskular vart også gjort på bakgrunn av data frå Elevundersøkinga, klagebehandlinga vår og intern loggføring.

Tilsyn med Naustdal kommune og Naustdal barne- og ungdomsskule var ikkje eit planlagt tilsyn, men skjedde etter ei alarmerande oppmoding frå Barneombodet. Vi reagerte raskt då oppmodinga kom den 13. januar. Alt 17. februar sende vi tilsynsvarsel til kommunen, og 5. mai låg førebels tilsynsrapport føre. Vi gjennomførte eit omfattande tilsyn som involverte tre personar på avdelinga. Tilsynet omfatta tre hovudtema: Kommunen sitt ansvar, skulen sitt arbeid med spesialundervisning og skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.

Felles nasjonale tilsyn (FNT)

I 2014 har vi gjennomført tilsyn med følgjande tre undertema:

1. «Korleis skulen arbeider med elevane sitt utbytte» har vore tema for tilsyn med to barneskular og éin vidaregåande skule. For grunnskulane valde vi desse faga: mat og helse, religion, livsyn og etikk og matematikk. For den vidaregåande skulen valde vi faga samfunnsfag, matematikk og kroppsøving. Val av praktisk-estetiske fag vart gjort ut frå tidlegare tilsynserfaringar som m.a. viste varierende og noko mangelfull vurderingspraksis. Tre personar har delteke både under planlegging og gjennomføring av dette obligatoriske tilsynet.
2. «Skulebasert vurdering» vart også valt ut frå tidlegare tilsynserfaringar. I 2014 har vi gjennomført tilsyn med to barneskular som er plasserte i dei same kommunane der vi også gjennomførte tilsyn med elevane sitt utbytte.

3. «Forvaltningskompetanse» har vore tema for tilsyn med éin vidaregåande skule. Temaval vart gjort på bakgrunn av at vi tidlegare ikkje har ført tilsyn på dette området med vidaregåande skular.

Vi har ikkje gjennomført felles nasjonalt tilsyn med grunnskular som har ungdomstrinn i 2014, men dette vert prioritert i 2015.

31.2 Klagesaksbehandling

Resultatkrav

- I hovudsak behandle klagesaker innan tre månader

Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Vi vurderer å ha god måloppnåing, og størstedelen av sakene vart handsama innan fristane i serviceerklæringa vår. I serviceerklæringa har vi sett ei saksbehandlingstid på fire veker for klage på spesialundervisning, psykososialt miljø, skyss og standpunkt karakter.

I hovudsak er det juristar som behandlar klagesakene. I tillegg er det fleire med høgare utdanning (pedagogikk og spesialpedagogikk) som kan behandle klagesaker som gjeld spesialpedagogisk hjelp, spesialundervisning, psykososialt miljø og standpunkt karakter ved behov. Sakene vert behandla skriftleg og i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og andre forvaltningsrettslege prinsipp. Vi registrerer sakene som kjem inn, og brukar informasjonen som ein del av grunnlaget for val av tilsynsobjekt. Vi samarbeider om enkeltsaker og brukar klagelaget til å sikre felles lovforståing, god gjennomføring av klagebehandlinga og fordeling av saker. Vi er ikkje blitt kjent med klagesaker gjennom media.

Utdjuping av oppdrag og oppgåver

Det har vore ein nedgang i klager på standpunkt karakter frå 33 i fjor, til 24 i år.

Vi har ikkje fått nokon klager på vedtak om spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp i år. Vi fekk berre ei klage på gjennomføring av vedtak om spesialundervisning og ei klage på tilbod om spesialundervisning tilbake i tid.

Vi har fått fleire klager på vedtak om skyss enn året før. I tillegg fekk vi ei klage som gjaldt usemje mellom kommunen og fylkeskommunen om ansvaret for skuleskyssen etter § 13-4. Vi meiner regelverket for fordeling av ansvaret mellom ein kommune og fylkeskommunen er særskilt uklart, og ønskjer at det vert klargjort.

Vi har fått fleire saker som gjeld det psykososiale miljøet, totalt 16 saker mot ni i fjor. Dei fleste av desse er direktesende klager som vi difor har sendt kommunen/skulen, der mange av sakene har løyst seg på kommunenivå.

Samla saksmengd på utdanningsområdet er tilnærma lik året før.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	22	12	10	0	0	I tillegg 2 trekte klager.
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	1	0	1	0	0	
Skyss, § 7-1	9	3	6	0	0	I tillegg 5 saker der vi ventar på utfyllande opplysningar frå kommunen.
Skoleplassering, § 8-1	4	0	4	0	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	4	2	2	0	0	I tillegg 14 saker som har vore innom oss, som er sendt kommunen for behandling/har løyst seg i kommunen.

Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1099	112	987	0	0
Sum	1139	129	1010	0	

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Sentralt gitt skriftlig eksamen	0	0	0	0	0	
Sum	0	0	0	0		

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10		0	0	0	0
Barnehageloven § 16		0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7		0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5		0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd		2	0	0	2
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4		0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3		0	0	0	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6		0	0	0	0

31.3 Statistikk og kvalitetsvurdering

Resultatkrav:

- Følgje opp og kvalitetssikre data i BASIL
- Følgje opp og kvalitetssikre data i GSI
- Følgje aktivt opp skuleeigaranes bruk av Skoleporten i lokalt kvalitetsvurderingsarbeid
 - Gjennom møteplassar
 - Gjennom brukarstøtte
- Rettleie i bruk av statistikkportalen

Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Vi vurderer at vi har god kompetanse til å løyse oppgåvene våre, og gjennomføringa har gått etter planen. Vi har på etablerte møteplassar gått gjennom verktøy og bruksområde for desse. Vi vurderer at vi har nådd dei måla som er sette for området.

Utdjuping av oppdrag og oppgåver

BASIL

Vi har gjennomført kvalitetskontroll av årsmelding og årsrekneskap innrapportert i BASIL. Der vi har funne feil eller er usikre på rapporteringa, har vi teke kontakt med kommunane for avklaring. Vi inviterte kommunane til dagsamling om endringar og utfylling av skjema, men denne måtte avlysast grunna liten påmelding. Informasjon om endringar i skjema har vorte gitt på felles møteplassar med kommunane, samstundes som informasjon ligg på nettstaden vår.

GSI

For å kvalitetssikre og følgje opp arbeidet med GSI i Sogn og Fjordane har vi dei siste åra gjennomført regionale samlingar. Sidan vi har hatt eit slikt tilbod dei siste åra, var det ikkje interesse frå kommunane for eit slik tilbod i 2014. I staden la vi mykje vekt på å følgje opp kommunane gjennom e-post og telefon. Vi la særleg vekt på dei private skulane som vi tidleg tok kontakt med for å sikre kvaliteten på innsamlinga.

Etter ferdigstilling av GSI-tala har vi arbeidd med å kvalitetssikre og revidere innrapporterte data. Vi har hatt særleg merksemd på vaksenopplærings skjemaet og kulturskuleskjemaet der det har vore rapportert på

interkommunale løysningar.

Vi har delteke på nasjonale samlingar og gjennom sørvestsamarbeidet evaluert GSI-skjema og innsamlinga.

Tal frå GSI blir nytta aktivt ved tilsynsarbeid.

Skoleporten

Vi har tatt opp endringane i, og bruksområda for, Skoleporten på etablerte møteplassar gjennom heile året. Spesielt har vi lagt vekt på dei endringane som er lagde inn i nasjonale prøver og statistikk/resultatvisning i PAS og Skoleporten. Vi har prioritert bruken av verktøy som egne rapportar og tilstandsrapport.

Forståinga av samanhengen mellom ulike "leveransesystem" og Skoleporten har vore tema under rettleiing i bruk og samanstilling av dei data som er tilgjengelege.

Brukarstøtte på dei ulike datasystema

Vi har gjennom året gitt brukarstøtte på Utdanningsdirektoratet sine ulike system. Det har vore alt frå teknisk brukarstøtte, rettleiing i bruk til forslag om korleis skule og skuleeigar kan nytte data frå fleire system (krysskopling) for å setje søkelys på ønska problemstillingar.

31.4 Informasjon, veiledning og kunnskapsinnhenting

Resultatkrav

- Gjere lokale barnehageeigarar, lokal barnehagemyndigheit, skuleeigarar og aktuelle målgrupper kjende med regelverk og nasjonale føringar i utdanningspolitikken
- Rettleie kommunar der klagesaksbehandling og tilsyn avdekkjer manglande regelverksetterleving
- Proaktivt følgje opp kommunar som står i fare for ikkje å oppfylle retten til barnehageplass
- Setje i verk informasjons- og rettleiingstiltak innan nasjonale satsingar
- Medverke til at tilbakemeldingar frå kommunar og innbyggjarar om statleg politikk vert vidareformidla til Utdanningsdirektoratet

Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Heile avdelinga er involvert i arbeidet. Vi har god kompetanse til å løyse oppgåvene våre, og vi har ein god dialog med kommunane. Vi har mange etablerte møteplassar saman med andre viktige aktørar (til dømes Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, Utdanningsforbundet og fylkeskommunen).

På bakgrunn av nasjonale føringar, områdeovervaking og dialog med kommunane vurderer vi kva som er aktuelle område for oppfølging i form av t.d. informasjon, rettleiing og tilsyn.

Samla gir dette oss ei god oversikt over situasjonen i vårt fylke, og høve til å formidle informasjon tilbake til Utdanningsdirektoratet. Vi vurderer at vi har høg måloppnåing på feltet.

Utdjuping av oppdrag og oppgåver

Vi informerer og rettleier på telefon, e-post, gjennom brev og publisering av aktuell informasjon på nettstaden vår. Vi har nytta utdannings- og oppvekstmøta og regionale samlingar til å informere om statlege satsingar og prioriteringar.

Som eit verkemiddel gjennomfører vi årleg regelverksamlingar for barnehage og skule. Samlingane har vanlegvis eitt hovudtema supplert med informasjon om lovkrav og erfaringar frå klagebehandling og tilsyn. I tillegg har vi bedt om innspel frå kommunar, barnehagar og skular. Avdelinga har valt informasjon gjennom aktiv nettstad som prosjekt og vil gjennom prosjektet bli betre på å informere om føringar og lovkrav.

Vi har jamleg vurdert bruken vår av tida til kommunalsjefane. Vi får tilbakemelding om at krav om rapportering, tilsyn og møte til tider er i overkant av kva dei maktar. Dette tek vi på alvor, på same tid som vi treng tilbakemelding om kommunal drift for å støtte krav til rapportering til Utdanningsdirektoratet.

Det er ei utfordring i møte med kommunane å gje barnehagesakene same tid og plass som andre saker i utdanningssektoren.

Reine informasjonssaker vert formidla skriftleg.

Kompetanseløftet for kommunane i rolla som barnehagemyndigheit ser vi på som eit svært godt informasjons- og rettleiingstiltak. Dette har ført til at fleire av kommunane arbeider meir systematisk med kvalitet og kompetanseheving. Vi syner til resultatområde 34.2. Vi opplever at skule- og barnehagefagleg ansvarlege har fått auka kunnskap på barnehageområdet. Dei tek oftare kontakt med Fylkesmannen for informasjon, men òg for å drøfte aktuelle lokale barnehagesaker.

I møte med skule- og barnehagefaglege ansvarlege har vi informert om:

- Innhald og mål i den nasjonale barnehagepolitikken
- Økonomisk likeverdig behandling
- Kompetanse for framtidens barnehage
- Manifest mot mobbing
- Rettleiaren «Barns trivsel, voksnes ansvar»
- Tilsyn og kommunen si rolle som barnehagemyndigheit

Regelverksamlinga i 2014 hadde mindre deltaking enn førre år; fire private eigarar møtte i tillegg til 14 av 26 kommunar.

Årsaka til at så få private eigarar møter, er truleg at informasjonen ikkje vert vidaresendt frå kommunane.

Vi har følgd opp undersøkinga frå Utdanningsdirektoratet. Undersøkinga syner at alle kommunane fyller kravet om å tilby til det. Rett til barnehageplass har ikkje vore tema på møte med kommunane.

Dronning Sonjas skolepris

Fylkesmannen fekk i oppdrag å nominere inntil to kandidatar til Dronning Sonjas skolepris 2014. Det var opp til embetet å finne ein høveleg nominasjonsprosess.

Vi inviterte alle skuleeigarane i grunnopplæringa i fylket til å kome med framlegg til kandidatar, og valde å nominere Flåm skule i Aurland kommune.

Erfaringa vår er at det generelt er vanskeleg å få skuleeigarar til å fremje kandidatar til prisen på eige initiativ. Arbeidet med å finne dei gode kandidatane kan vere ressurskrevjande.

Rettleiarkorpset

Rettleiarkorpset i regi av Utdanningsdirektoratet har eigen kontaktperson i embetet. Første halvår informerte vi kommunane og private skuleeigarar om tilbodet frå Rettleiarkorpset i 2014, både gjennom artiklar på nettsida og i egne skriv. Dette var òg tema på ulike møteplassar mellom oss og kommunane. Arbeidet har vore delt mellom å gje informasjon til alle kommunale, fylkeskommunale og private skuleeigarar om å søkje hjelp frå Rettleiarkorpset, og på den andre sida oppfordre kvalifiserte enkeltpersonar om å søkje jobb som rettleiar. Det var likevel ingen nye skuleeigarar i Sogn og Fjordane som søkte bistand frå Rettleiarkorpset dette året.

Andre halvår fekk Utdanningsdirektoratet nytt oppdragsbrev om Rettleiarkorpset. I september deltok Fylkesmannen på nasjonalt møte etter invitasjon frå Utdanningsdirektoratet, der tema var "Veilederkorpsets innretning og Fylkesmannens rolle". I oktober bad Utdanningsdirektoratet om fråsegner om Rettleiarkorpset som kompensatorisk tiltak og samarbeidet mellom fylkesmannsembeta og direktoratet. Fylkesmannen sende i november høyringsfråsegn om ny innretning på tiltaket rettleiarkorps med særleg vekt på indikatorar og kriterier, Fylkesmannen si rolle og samordning med Læringsmiljøprosjektet.

Inn på tunet

Utdanningsavdelinga har samarbeidd med landbruksavdelinga og helse- og sosialavdelinga om handlingsplan for Inn på tunet i Sogn og Fjordane for perioden 2013-16. Med i arbeidet er også Innovasjon Norge, KS og tilbydarnettverket m.fl.

Hovudføremålet med planen er å utvikle kvalitetssikra og samfunnsnyttige velferdstenester med garden som møteplass. For Sogn og Fjordane er det peika ut seks satsingsområde for planperioden. Arbeidet er koordinert av ein prosjektleiar i 75 prosent stilling.

Sjå elles rapportering på resultatområde 23.1 om næringsutvikling innan jordbruk og bygdenæring.

Utdannings- og oppvekstmøte

I samarbeid med KS arrangerer Fylkesmannen tre todagarsmøte per år for skule- og barnehageansvarlege i kommunane og fylkeskommunen. Informasjon og opplysningar om regelverk og satsingar er fast del av programmet på desse møta. Fylkeskommunen deltek også. Sentrale tema i 2014 har m.a. vore leiing, tilsyn, tilstandsrapport og funksjonar i Skoleporten, rettleiarkorps, læringsmiljø, leiing for eit inkluderande læringsmiljø, forholdet mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring og strategi for ungdomstrinnet.

Den gode skuleeigar

Vi har tidelegare, i samarbeid med KS og Høgskulen, gjennomført eit skuleeigarprogram med deltaking frå fylkeskommunen og 20 av 26 kommunar. Deltakarar har vore politisk og administrativ leiing i kommunane.

Vi har dette året gjennomført første samling etter avslutta program. Målsetjinga er å vidareføre denne arenaen for administrativ- og politisk skuleeigar.

Tema har mellom anna vore å synleggjere og stimulere til bruk av Skoleportens verktøy for kvalitetsvurdering og skuleutvikling. Bruk av tilstandsrapporten som verktøy for sikring og utvikling av kvalitet har vore sentralt.

Forum for skule- og barnehageutvikling

Dette er ein fast møtearena for Fylkesmannen, KS, regionansvarlege i kommunane, fylkeskommunen, høgskulen, Skuleleiarforbundet og Utdanningsforbundet. Her set vi sentrale tema på dagsordenen for å få koordinerte tiltak og prosessar til beste for skulane og barnehagane. Sentrale tema har vore: Vidare- og etterutdanning, leiarutdanning, skuleeigarrolla, strategi for ungdomstrinnet, spesialundervisning og tilpassa opplæring.

I Forum lagar vi eitt felles årshjul som viser aktivitetar, tidspunkt, målgruppe og ansvarleg.

Skuleleiarkonferanse

Fylkesmannen arrangerte i oktober saman med KS, høgskulen og Utdanningsforbundet den årlege skuleleiarkonferansen. Skuleleiarar frå dei fleste skulane i både grunnskule og vidaregåande opplæring deltok, i tillegg til skulefagleg ansvarlege og nokre rådmenn.

Hovudtema for konferansen var forholdet mellom skule og samfunn, og digital kunnskap som grunnleggjande dugleik.

Rektorkonferanse

Dette er ein konferanse der deltakarane er rektorar og skulefagleg ansvarlege på ungdomstrinn og i vidaregåande opplæring. Tema i 2014 var «Meld. St. 22 Motivasjon – mestring – muligheter» og Meld. St. 20 På rett vei – kvalitet og mangfold i fellesskolen». Som undertema sette vi søkelys på bruk og nytte av ståstadanalysen i utviklingsarbeidet i skulen.

Regelverksamling

Over fleire år har vi i slutten av oktober arrangert eiga regelverksamling som ei dagsamling om regelverk i praksis. Vanlegvis har vi hatt eitt hovudtema med eitt hovudinnlegg, gjerne supplert med informasjon om lovkrav, erfaringar frå klagebehandling og tilsynsarbeid. I tillegg har vi også bedt om innspel frå kommunar og skular. Målgruppa for konferansen har vore skuleeigarar, skuleleiarar i grunnopplæringa og PPT.

Då Utdanningsdirektoratet ønskte å arrangere eit dagsmøte om lokalt arbeid med læreplanar, fann vi at det ville vere praktisk å slå saman to dagsamlingar til ei samling med overnatting. Det deltok rundt 160 personar.

Første dagen var temaet mobbing. Vi ønskte å få fram erfaringar etter Høyanger-saka der kommunen i 2014 fekk ei føretaksstraff på 100 000 kroner etter to mobbesaker. Både kommunen og politiet informerte om kva erfaringar dei hadde gjort seg i samband med sakene. Etter desse to innslaga vart det gitt faglege bidrag frå representantar frå Universitetet i Stavanger og Høgskulen i Nesna om tiltak for å førebygge mobbing. Spesielt foreldra si rolle vart framheva. KS informerte deretter om erfaringar med såkalla «Beredskapsteam mot mobbing». Seinare har fire kommunar i Sogn og Fjordane kome med i dette prosjektet. Dagen vart avslutta med ein gjennomgang av rettspraksis i mobbesaker og kva som er nytt på dette området i opplæringslova.

Den andre dagen var temaet lokalt arbeid med læreplanar. Utdanningsdirektoratet hadde hovudansvar for innhaldet. Overskriftene på bidraga var m.a. status i Sogn og Fjordane, kvalitetsvurdering og lokalt arbeid med

læreplanar, endringar i nasjonale prøver, døme frå praksis, læreplanar og vurdering.

Kommunekonferansar og kommunebesøk

I samarbeid med KS inviterer vi til tre samlingar i året, der to er for rådmenn og ordførarar og ei er for rådmenn. Vi har nytta desse samlingane til å ta opp krav til skuleeigarrolla og har gitt ein tilstandsanalyse av sektoren i tråd med sentrale mål i statsbudsjettet. Utdanningsavdelinga deltek også når Fylkesmannen held generelle kommunemøte, og tek opp aktuelle tema innanfor utdanningsområdet.

Områdeovervaking

Gjennom eit eigenutvikla system for områdeovervaking lagar vi oversikt over tilstanden i kommunane for m.a. læringsresultat, læringsmiljø og omfang av spesialundervisning. Til dette hentar vi data frå Skoleporten og kommunale tilstandsrapportar. Vi registrerer også innkomne spørsmål og våre svar i ein eigen logg. Denne samla kunnskapen nyttar vi som grunnlag for dialog på kommunebesøk og som grunnlag for risikovurdering i samband med tilsyn og anna strategisk informasjonsarbeid.

Vi informerer om "betre læringsmiljø" som ressurs på Utdanningsdirektoratet sine sider når dette er aktuelt.

Vi har også utarbeidd kommunebilete med viktige data og informasjon frå ulike avdelingar. Bileta vert gjerne nytta i samband med kommunebesøk.

Det 13-årige skuleløpet

Eit område som har vore drøfta i sørvest-samarbeidet, er kva føresetnader vi har for å følgje opp den vidaregåande opplæringa med god informasjon og rettleiing. Dette er eit område vi er uroa for. Vi har erfart at vi i enkelte situasjonar har mangla informasjon om vesentlege satsingar og tiltak i den vidaregåande opplæringa. Når Fylkesmannen blir "fjern" frå fylkeskommunen kan det føre til at fylkeskommunane ikkje ser tilgangen til den kompetansen vi har og såleis nyttar oss i mindre grad.

Minoritetspråklege elevar

Vi har saman med Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) hatt eit årleg møte for fokuseiningar. Vi har i fylket etablert eit nettverk for skule- og barnehageeiningar som er retta særleg mot minoritetspråklege. Det er også gitt rettleiing til kommunane om regelverk og materiell knytt til minoritetspråklege elevar.

31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Resultatkrav

- Følgje opp avvik eller indikasjonar på avvik ved eksamen, nasjonale prøver og obligatoriske kartleggingsprøver

Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Vi har god kompetanse på området, men som lita avdeling har vi få personar på feltet. Slik sett er vi sårbare når det gjeld gjennomføring av fellessensur grunnskule og klagesensur vidaregåande skule.

Oppdraget er utført etter krava og med godt resultat.

Utdjuping av oppdrag og oppgåver

Prøveadministrasjonssystemet (PAS) og Prøvegjennomføringssystem (PGS)

Embetet har generelt god kompetanse på PAS. IKT-basert eksamen gir større tryggleik og effektivitet. Her er erfaringane gode når kandidatsvara først er komne inn i PAS. Under eksamensavviklinga var det nokre tilfelle der vi måtte yte brukarstøtte for at kandidatsvara skulle bli leverte på rett måte.

Nasjonale prøver

Vi har god kompetanse på feltet. I perioden for gjennomføring av dei nasjonale prøvene har vi noko brukarstøtte og oppfølging ut mot skuleeigarar og skular. Vi følgjer opp skular og skuleeigarar som vi ser ikkje har gjennomført når prøveperioden nærmar seg slutten.

Vi opplever at skuleeigarar og einiskildskular nyttar seg systematisk av resultata for vidare utvikling. Mange har gitt positive tilbakemeldingar på dei nye verktøya i PAS (analyse av grupperesultat). Vi har nytta oss av møteplassane våre for å starte dialogen med skuleeigarane om analyse av egne resultat. Det knyter seg også forventning til bruken av data for å kunne samanlikne med seg sjølv over tid.

Nasjonale prøver for elevane i Sogn og Fjordane syner eit bilete med variasjon i resultat. Når vi samanliknar kommunane i fylket opp mot landssnittet får vi eit bilete av ei viss spreing. For 5. trinn vil ein snittverdi for alle tre dugleikane vise eit bilete på +/- 5 i forhold til snittverdien 50. For 8. trinn er biletet +3/-4 og for 9. trinn +7/-5,5. Fylket sett under eitt skil seg lite frå landssnittet.

Eksamen

I 2014 hadde vi tre sakshandsamarar på området. Den samla kompetansen i embetet på området vurderer vi som god, og gjennomføringa har gått etter planen. I hektiske periodar er vi sårbare, med få sakshandsamarar og absolutte tidsfristar.

Sentralt gitt eksamen i grunnskulen

Eksamen vart gjennomført med god kvalitet og etter gjeldande retningslinjer.

Sogn og Fjordane dannar felles sensorregion med Møre og Romsdal. I 2014 gjennomførte vi felles sensorskulering for dei tre eksamensfaga for begge fylka, medan fellessensuren vart fordelt med norsk til Sogn og Fjordane og matematikk og engelsk til Møre og Romsdal.

Sensurarbeidet i norsk for regionen omfatta 2496 elevsvar til saman i dei tre norsk-kodane. Av desse vart det klaga på karakteren for 59 av eksamenssvara.

Ei god blanding av rutinerte sensorar og engasjerte nykomarar sikrar høg kvalitet på sensuren.

Lokalt gitt eksamen i grunnskulen

Fylkesmannen gir skuleeigarar råd om lover og forskrifter om gjennomføring av munnleg eksamen. Vi har eige møte med dei eksamensansvarlege på dei vidaregåande skulane.

Vi har ikkje i gjennomføringa registrert avvik frå forskrift til opplæringslova.

Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Vi deltok på møte med dei eksamensansvarlege for alle dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

Lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Eksamen vart gjennomført i fylket på forsvarleg måte. Vi har svært god dialog med dei eksamensansvarlege på dei vidaregåande skulane.

Klagebehandling for hausteksamen nasjonal oppgåve

Vi har nasjonalt ansvar for klagebehandling for hausteksamen. For hausten 2013 vart det klagebehandla 1099 klager på dei fagkodane vi har ansvar for. I dette inngjekk også primærsensur av oppgåver.

Vi har god kompetanse på området, men er sårbare sidan vi berre nyttar to sakshandsamarar og oppgåva er tidskritisk.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak		Dei fleste skuleeigarar har liten fritakprosent. Nokre	Grunnar til sprik i prosenttala er: 1. Små kull 2. Nokre	Vi samtalar med skuleeigar for å sjekke kvifor fritaksprosenten er

fra deltakelse på nasjonale prøver		få kommunar viser høg prosentdel fritak (spesielt lesing).	kommunar med fleire framandspråklege elevar	som han er. Samstundes sjekkar vi at enkeltvedtak er skrive.
------------------------------------	--	--	---	--

31.6 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Resultatkrav

- Medverke til og delta i tverrfagleg og tverretatleg nettverk mellom skuleeigarar, pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesten), Statleg spesialpedagogisk støttesystem (Statped), universitets- og høgskulesektoren og andre relevante statlege og kommunale tenester og fagmiljø

Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Vi meiner at vi har innfridd resultatkrava på området på ein tilfredsstillande måte ut frå dei ressursane vi rår over. Dei tilsette som arbeider med området har både høgare utdanning på feltet og lang arbeidserfaring frå kommunal sektor.

Utdjuping av oppdrag og oppgåver

Informasjon og rettleiing

Gjennom året får vi førespurnader frå ulike partar om kva rettar barn og elevar har til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Vi gir svar både på telefon og e-post. I ein del tilfelle gir vi informasjon og rettleiing ut over svar på konkrete spørsmål.

Over fleire år er det etablert faste møteplassar mellom Fylkesmannen og skule- og barnehageeigarar og bestemte målgrupper for informasjon, rettleiing og drøfting. Tilpassa opplæring og spesialundervisning er eit viktig tema på dei ulike møteplassane.

På bakgrunn av eiga områdeovervaking og dialog med kommunane vurderer vi kva som er aktuelle område for oppfølging i form av informasjon, rettleiing eller tilsyn. Som eitt verkemiddel under informasjon og rettleiing gjennomfører vi årleg ei eiga regelverksamling i oktober. Målgruppa er skulefagleg ansvarlege, skuleleiarar og PPT. Sjå meir informasjon om konferansen hausten 2014 under pkt. 31.4.

Tverrfagleg og tverretatleg nettverk

Det er gjort avtale om at det skal vere minimum to møte per år mellom Statped vest og Fylkesmannen for å utveksle informasjon. I 2014 har vi på desse møta prioritert koordinering av arbeidet med SEVU-PPT i region vest. Det har m.a. vore viktig å sikre god forankring av satsinga hos PPT-eigar og i PPT. Det har også vore viktig å få tilbydar av vidareutdanningstilbod for PPT i vår region frå 2015.

Vi har fire faste møte i året mellom utdanningsavdelinga og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Her drøftar vi felles utfordringar overfor skule og barnehagesektoren, og vurderer kva behov sektoren har for tilbod om etter- og vidareutdanning også innanfor det spesialpedagogiske feltet.

Tema som gjeld tilpassa opplæring og spesialundervisning har også vore sentralt i dei faste møta våre i Forum for skule og barnehageutvikling.

I alt 18 av dei 26 kommunane i fylket har inngått såkalla rammeavtale med Statped vest. Statped får også invitasjon og har delteke på møte som Fylkesmannen og KS har med kommunane. Rammeavtalene inneber også at tilsette i skular og barnehagar har tilbod om å delta i ulike nettverk der også PPT deltek.

Les også om vårt arbeid med Strategi for etter- og vidareutdanning av ansatte i PPT (SEVU PPT) under pkt. 32.2.

For skuleåret 2014-15 varierer det totale omfanget av spesialundervisning i grunnskulen i våre kommunar mellom 4,6 og 13,8 prosent. Forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning er eit aktuelt tema både i møte med enkeltkommunar, regionar og på fylkeskonferansar.

I 2014 presenterte vi aktuell statistikk på området på den årlege skuleleiarkonferansen, der dei fleste grunnskulane og vidaregåande skulane i fylket er representerte. Forholdet mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring er eit sentralt tema på ulike møteplassar mellom kommunane og Fylkesmannen.

Vi er opptekne av å presentere data som syner utviklinga av spesialundervisning i fylket over tid. Data syner at fram til sjuande årssteget ligg fylket over landsgjennomsnittet, medan vi på ungdomssteget ligg under landsnittet.

Som ein del av områdeovervakinga vår oppdaterer vi systemet vårt med data etter kvart som det ligg føre nye tal i Skoleporten og i GSI. Når det gjeld område 32.5, følgjer vi særleg med på omfanget av spesialundervisning og fordelingsprofil.

I lag med Kriminalomsorgen har vi etablert eit nettverk for fengselsundervisning på Vestlandet. I 2014 har det ikkje vore møte i nettverket.

Sjumilssteget

Fylkesmannen har hatt siste prosjektåret i embetsprosjektet "sjumilssteget – til beste for barn og unge". Målet har vore å setje i verk FNs barnekonvensjon i kommunane i Sogn og Fjordane. Sjumilssteget skal medverke til at kommunane vert meir medvitne om oppvekstvilkår og å styrke tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge. Satsinga vil frå årsskiftet gå inn i den daglege drifta i embetet.

I 2014 gjennomførte vi i samarbeid med fylkeskommunen sjumilsstegkonferanse med tema "samordna løft for folkehelse, psykisk helse og medverknad for barn og unge". Det var ei brei tverrfagleg deltaking frå kommunane med litt i overkant av 200 deltakarar.

Prosjektmedarbeidarane har delteke på ei nasjonal samling i regi av Fylkesmannen i Troms for å dele erfaringar med andre embete som har starta liknande prosjekt.

Vi ser at ulike prosjekt innanfor sjumilssteget har kome godt i gang i dei kommunane som har fått ei forankring på leiarnivå og utnemnt eigne koordinatorar. Vi har tildelt fornyingsmidlar til interkommunalt prosjektarbeid og gjennomført arbeidsmøte med koordinatorane og dei frivillige organisasjonane for at samhandlinga skal bli betre i den enkelte kommunen. Internt i embetet har alle avdelingane drøfta innhaldet i barnekonvensjonen artikkel 3 ut frå eigne arbeidsoppgåver og oppdrag. Utdanningsavdelinga og juridisk avdeling har hatt felles avdelingssamling med dette som tema.

Utdannings- og helse- og sosialavdelinga starta planlegging av læringsnettverk med tema "psykisk helse for barn og unge". Nettverket er meint som ei vidareføring av sjumilssteget med målsetting om å få til arbeidsmetodar som gir praktisk gjennomføring av tverrfagleg samhandling. Alle kommunar i fylket vil bli inviterte.

31.7 Tilskuddsforvaltning

Resultatkrav

- Forvalte statlege tilskot etter retningslinjer som gjeld for kvar einskild tilskotsordning, mellom anna utbetaling, kontroll og rapportering.

Vurdering av måloppnåing

Samla sett for dei ulike tilskotsordningane vi forvaltar, vurderer vi å ha god måloppnåing. Vi har tett kontakt og dialog med kommunane på aktuelle møteplassar eller enkeltvis. I tillegg rettleier vi kommunane i regelverk og utfylling av skjema.

Utdjuping av oppdrag og oppgåver

Barnehage

Investeringsstilskot barnehage

Vi har kontrollert vedtak om investeringstilskot utbetalt i 2004. Ut frå vår kjennskap til sektoren og gjennomsyn av årsmeldingane, vurderer vi det slik at det ikkje har vore nedlegging eller endring i drift av ordinære barnehagar som fekk investeringstilskot i 2004.

Tiltak i mellombelse lokale har blitt flytta til nybygde lokale og blitt eit permanent barnehagetilbod. Vi har difor ingen indikasjonar på at det er grunnlag for tilbakebetaling av tilskot.

Tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i barnehagen (kap. 231 post 63)

Vi har kontrollert talet på minoritetsspråklege barn per 15.12. Desse er rapporterte inn i BASIL.

Det er gjennomført stikkprøvekontroll i sju kommunar. Kontrollen er utført som eit spørjeskjema basert på kommunen si handlingsplikt knytt til Rundskriv F – 1/2011, og med krav om dokumentasjon.

Kontrollen syner at kommunane nyttar tilskotet i samsvar med retningslinjene i rundskrivet. Kontrollen syner òg at kommunane har eit forbedringspotensiale til å nytte tildelingsbrev til både kommunale og private barnehagar, og følgje opp arbeidet særleg mot private barnehagar. Fylkesmannen vil informere og rettleie kommunane for å sikre eit meir systematisk arbeid på området.

Vi informerer årleg om kommunen si handlingsplikt knytt til rundskrivet og gjennomfører stikkprøvekontroll årleg.

Opplæring av unge asylsøkjjarar og barn av asylsøkjjarar (kap. 225 post 64)

Vi har kontrollert at elevar og tal på månader stemmer med lister tilsendt frå UDI. Eventuelle manglar og avvik er retta opp i dialog med kommunane før utbetaling av tilskotet. Fylket har fem kommuner som har mottak og dermed kan søkje om tilskot. Det er gjennomført stikkprøvekontroll med fire kommunar. Stikkprøvekontrollen er gjennomført våren 2014 ved innsending og kontroll av elevlister frå skulane. Kontrollen syner at det er samsvar mellom søknadsskjema frå kommunane, elevlistene frå skulane og skulelistene tilsendt frå UDI. Vi har levert tertialrapportar til Utdanningsdirektoratet med kommentarar til avvik på økonomifeltet.

Skule / utdanning

Tilskot til folkehøgskular

Fylkesmannen mottok årsrekneskapen for 2013 med revisjonsmelding frå dei fire folkehøgskulane i fylket. Alle skulane hadde fått rekneskapen godkjent av revisor. Vi rapporterte vidare til Utdanningsdirektoratet innan fristen 1. september.

Vi vurderer økonomikompetansen i embetet til å vere god. Vi nyttar økonomimedarbeidarar i embetet til å sikre kontrollen med rekneskapen til folkehøgskulane.

Tilskot til leirskuleopplæring

Fylkesmannen har saksbehandla søknadar om tilskot til leirskuleopplæring etter gjeldande retningslinjer og standard søknadsfristar for vår- og haustsemester. Vi sende i april ut informasjonsskriv til kommunane der vi gjer nærare greie for tilskotsordninga, prosedyre og søknadsfristar. I saksbehandlinga vår kontrollerer vi at søknadane legg ved faktura for opphald for minst tre overnattingar i samanheng. Eventuelle feil i talgrunnlag og utrekningar blir retta opp i tilskotsbrevet til kommunen. Tilskotsbrevet tek òg atterhald om kontroll med at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene og kommunens sjølvstendige plikt til å melde frå dersom grunnlaget for tilskotet ikkje stemmer. Vi har sendt detaljert tertialrapportering om bruk av tilskotet til Utdanningsdirektoratet. Dette året har det vore svært få feil eller manglar i søknadane. Gjeldande retningslinjer seier at "det kan foretas stikkprøvekontroller etter en vurdering av vesentlighet og risiko." Saksbehandlinga har ikkje avdekt vesentleg risiko for misleghald og det er derfor heller ikkje gjennomført stikkprøvekontrollar.

Kontrollansvar for tilskot til landslinjer (kap. 225 post 60)

Fylkesmannen har gjennomført formalia- og rimelegheitskontroll av elevlister frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er ikkje avdekt feil eller avvik for 2014.

Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen og grunnpoplæringen

Vi har utført alle pålagde oppgåver på dette resultatområdet i 2014.

32.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Resultatkrav

- Bidra til at kompetansetiltaka og etter- og vidareutdanningstilboda er gjort kjende for lokal barnehagemyndigheit, barnehageeigarar, skuleeigarar og skuleleiarar
 - Motivere for deltaking i desse tiltaka

- Bidra til auka kvalitet og kapasitet i sektorane gjennom utføring av oppdraga knytt til dei nasjonale satsingane, slik at dei nasjonale sektormåla vert nådd
- Læringsmiljøarbeid (nytt oppdrag):
 - Publisere Utdanningsdirektoratets utlysingstekst og motivere aktuelle søkjarar til å søkje midlar
 - Vurdere innkomne søknader og sende prioritert liste til Utdanningsdirektoratet

Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Slik vi ser det har vi nådd målsetjingane i oppdraga. For å gjere dei ulike tiltaka kjende og motivere til deltaking har vi nytta oss av møteplassane som er etablerte. Vi har også hatt ein del direktekontakt med einskildkommunar for å følgje opp og gje råd.

Det er mange satsingar skuleeigar får tilbod om å delta i. For å hjelpe skuleeigarane har vi diskutert å jobbe saman med dei for å få fram samanhengar og tiltak som skaper synergjar. Det har vore viktig å motivere skuleeigarane for ei planlagt kompetanseheving. Dette samarbeidet meiner vi å ha lukkast med.

Vi har jobba tett opp mot skuleeigarane i læringsmiljøprosjektet, og meiner å ha nådd måla for prosjektet.

Utdjuping av oppdrag og oppgåver

Barnehage

I 2014 fekk Sogn og Fjordane:

- 990 000 kroner i kompetansemidlar

- 679 000 kroner til KOMPASS

- 205 000 kroner til likestillingsarbeid

- 1 000 000 kroner til kompetanseheving, regional GLØD og fagsamlingar

- 422 500 kroner til PUB

Vi informerte om "kompetanse for framtidens barnehage" og føringane for kompetansemidlane i skriv til kommunane, på møte i Forum for barnehage og skuleutvikling, på utdannings- og oppvekstmøte og på konferanse for styrarar. Kompetansemidlane er fordelte på dei fire barnehage- og skuleregionane i fylket ut frå eit grunnbeløp, tal på barnehagar og tal på barn i regionen.

Det er utarbeidd ein felles mal for både kompetanseplanar og rapportering om bruk av tildelte midlar. Dette har gjort arbeid grunnlag for tildeling av midlar og i kontrollen med bruk av midlane. Innkomne kompetanseplanar syner at regionane har s

I 2014 delte Fylkesmannen ut FoU-midlar til to prosjekt i to barnehagar.

Vi vurderer at tildeling av midlar til konkrete prosjekt har ført til at barnehagane kan jobbe systematisk med tiltak over tid. Prosjektarbeidet har gitt den enkelte barnehage auka kunnskap og betre arbeidsmetodar på kommunane til å dele dette på konferansar og andre møteplassar vi har med kommunane.

Tema for den årlege styrarkonferansen var samhandling som strategi for pedagogisk leing i barnehagen. Konferansen hadde særleg merksemd på barnehagen sitt samfunnsmandat og på ulikskap i personalet som ressurs. Korleis kan barnehagemyndigheit, eigar og leiar bruke handlingsrommet, og sjå og ivareta mangfaldet som ein ressurs, i arbeidet med kvalitet og kompetanseutvikling? Det var om lag 125 styrarar og barnehagefagleg ansvarlege som deltok.

Barnekonferansen vart i år også gjennomført som ein tverrfagleg konferanse i samarbeid mellom barnehage og barnevern i embetet. Tema for konferansen var "omsorg for barn – felles ansvar" som problematiserte meldeplikta i barnehage/skule og samarbeidet mellom barnevern og barnehage/skule. Det var om lag 200 deltakarar frå ulike nivå i barnehage og skule, tilsette i barnevern, helsestasjon og PPT.

Konferansane er eit samarbeid mellom KS, Utdanningsforbundet, høgskulen og Fylkesmannen. Tilbakemeldingane syner at dette er viktige møteplassar for fagleg påfyll og erfaringsutveksling.

Likestilling i barnehage

Talet på mannlege tilsette i fylket låg i 2013 på 8,6 prosent, ein liten nedgang frå 2012. Talet for 2014 er

per januar 2015 ikkje tilgjengeleg i BASIL. Vi har eit tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og hadde ein felles likestillingsdag der studentar og mannlege tilsette i barnehagane var inviterte. Informasjon og haldningsskapande arbeid er viktig for å oppnå mål om endra kjønnsrollemønster blant barn. Dei mannlege tilsette i barnehagane gjev gode tilbakemeldingar på denne fagdagen. Dei får fagleg påfyll, men kanskje aller mest har vi skapt ein arena der dei kan møtast, drøfte erfaringar og utfordringar i kvardagen med andre.

Vi lyste ut prosjektmidlar til pedagogisk likestillingsarbeid, men fekk ingen søknader. Erfaringa vår er at pedagogisk likestillingarbeid ikkje vert vurdert som like viktig, eller har same merksemd som t. d. fagområda i rammeplanen. Tilbakemelding frå ein barnehage som hadde prosjektarbeid i perioden 2012-13 er at systematisk haldningsskapande arbeid i personalgruppa over tid, er avgjerande for korleis likestilling vert jobba med både i kvardagsaktivitetane og i arbeidet med fagområda.

Gutar som leikeressurs er eit nytt og populært tiltak i Sogn og Fjordane. Sju kommunar deltek i prosjektet som har fått stor merksemd i media, både i lokalaviser og NRK Sogn og Fjordane. Evaluering frå dei gutane som deltok syner at dei har fått god kjennskap til barnehagen som arbeidsplass, og til eit variert, krevjande og travelt yrke. Fylket har mange små kommunar med små barnehagar. Skal vi rekruttere fleire menn til yrket må vi nå dei ungdomane som bur her og tenke langsiktig. Vi vurderer "gutar som leikeressurs" som eit svært godt tiltak. Utfordringa vår er at tildelte midlar for 2015, ut frå vår vurdering, har for sterke sentrale føringar om kompetanseheving av assistentar og fagarbeidarar og lite til rekruttering og likestilling.

Fagbrev

I samarbeid med fylkeskommunen har vi sett i gang tilbod i to regionar, Sunnfjord og HAFS, knytt til praksiskandidatordninga. Totalt starta 39 assistentar hausten 2014 og vil ta fagbrev våren 2015. Hausten 2014 møtte om lag 60 personar på eit informasjonsmøte i regi av fylkeskommunen om ordninga. Samarbeidet med fylkeskommunen vil halde fram i 2015. Det skal gjerast ei kartlegging av kompetansen for dei assistentane som ønskjer å ta fagbrev. Ut frå denne kan vi lage tilbod både for dei som kan følge praksiskandidatordninga, og dei som manglar både full praksis frå barnehage og fag frå vidaregåande skule.

Grunnkompetanse for assistentar

Det er gjennomført kurs i grunnkompetanse for assistentar, over fem dagar med totalt 90 deltakarar. Tilbakemeldingane er, som i 2013, svært gode frå dei som har delteke i opplegget. Kommunane og regionane har følgd opp og gitt tilbakemelding på gjennomføring. Alle deltakarane har fått eit kompetansebevis. Kommunane har gjort ein stor innsats i å motivere og støtte dei assistentane som har gjennomført opplegget. Dei har fått eit fagleg løft, men ikkje mista tru på seg sjølve og inspirasjon til vidare kompetanseheving.

Regional GLØD

Vår utfordring i Sogn og Fjordane er mange små kommunar, små barnehageeiningar og ein avgrensa arbeidsmarknad som Sogn og Fjordane må rette innsatsen mot dei ungdommane vi har, og i tillegg styrke kompetansen for å behalde dei barneh

I 2013 var dispensasjon frå utdanningskravet på fire prosent, tal for 2014 er ikkje tilgjengelege enno. Søkjartalet til barnehagelærerutdanninga ved høgskulen i Sogn og Fjordane er stabil. Høgskulen legg, i tillegg til grunnutdanning, til rette for desentralisert etter- og vidareutdanning tilpassa lokale og regionale behov. Kommunane og regionane arbeider aktivt med å rekruttere til studietilbod. Rekrutteringskampanjen "kvardagsliv" vart teken godt i mot både i barnehagane og dei vidaregåande skulane i fylket. Vi hadde, som i 2013, ei utfordring med å få lokalavisene med i kampanjen. Med låg prosent dispensasjon frå utdanningskravet og arbeid med kompetansestrategien på andre område vedtok Forum for barnehage og skuleutvikling hausten 2014 at arbeidsgruppa for regional GLØD skal leggast ned.

Pedagogisk utviklingsarbeid – PUB

Tilbodet er gitt til regionane Sunnfjord og HAFS og går inn i høgskulen sitt prosjekt "lærande barnehagar". Forum for skule- og barnehageutvikling gav tilbakemelding om at det kunne bli vanskeleg å rekruttere både til PUB og KOMPASS og bad om at det vart gjort ei vurdering av om tilboda kunne samkøyrast som eit kollegabasert tiltak. Nye emneplanar og tett dialog med dei aktuelle kommunane gjorde at tilbodet ikkje er starta opp i 2014. Vi har søkt om overføring av PUB og KOMPASS-midlane til 2015.

Kompetanseløft for kommunane i rolla som barnehagemyndigheit

Vi har følgd opp prosjektet med tema knytt til myndighetsrolla på utdannings- og oppvekstmøte og regionale

samlingar. Målet er å auke kunnskap i rolla kommunen har som barnehagemyndigheit og arbeide systemisk med kvalitet både lokalt og regionalt. Vi opplever at kommunalsjefane har fått auka forståing og kunnskap om rolla som barnehagemyndigheit. Mange av dei står fram som tydelege leiarar av sektoren og er tett på styranane. Det regionale kvalitetsarbeidet vert følgt opp lokalt. Vår utfordring er å sikre ein raud tråd i innhaldet på alle aktuelle møteplassar.

Ressursar, kompetanse og måloppnåing

To rådgjevarar har hovudansvar for barnehagesektoren. Vi meiner at embetet har god kompetanse og tilstrekkeleg med ressursar for å løyse oppgåvene som ligg i oppdraget til beste for barn og tilsette i barnehagane i fylket. Tilbakemeldingane frå kommunane stadfestar dette. Vi meiner at vi har gjennomført tiltak i tråd med sentrale føringar og vurderer at måloppnåinga har vore god. Stram kommuneøkonomi mange stader gjer at barnehagane har fått redusert bruk av vikarar. I det vidare arbeidet med kompetansestrategien må vi difor legge til rette for meir kollegabasert kompetanseheving og nytte eksisterande planleggings- og kursdagar lokalt og regionalt. På den måten kan vi få statlege midlar omsett i handling, auke kompetansen og heve kvaliteten på barnehagetilbodet i kommunane.

Skule/utdanning

Kompetanse for kvalitet

Vi har følgt opp "kompetanse for kvalitet" i tråd med retningslinjene frå Utdanningsdirektoratet. Vi har brukt dei faste møteplassane og skrive til skuleeigarar for å gjere ordninga kjent.

Av 137 søknader godkjent av skuleeigar er det 95 lærarar som har fått stadfesta deltaking i ordninga (16 frå vidaregåande og 79 frå grunnskule). Av desse er det 64 deltakarar på vikarordninga og 31 deltakarar på stipendordninga.

Lokalt arbeid med læreplanar

To år på rad har vi informert om lokalt arbeid med læreplanar. Dette har skjedd på regelverksamlingane i 2013 og 2014, der fleire representantar frå Utdanningsdirektoratet har stått for det faglege opplegget. Målgruppa for samlingane er skulefagleg ansvarlege, skuleleiarar og PPT, og samlingane har hatt god påmelding.

Som ein del av det felles nasjonale tilsynet for 2014-17 har vi arrangert eigne dagsamlingar der vi har informert om Utdanningsdirektoratets rettleiingsmaterieil. Arbeid med lokale læreplanar er ein del av materiellet. Både skulefagleg ansvarlege, skuleleiing og PPT har delteke. Vi vil halde fram dette arbeidet også i 2015.

Ungdomstrinn i utvikling

Utviklingsrettleiarane i Sogn og Fjordane har fast informasjonsøkt i Forum for barnehage- og skuleutvikling. Dei gir òg informasjon på andre naturlege møtestader som vi har, og direkte til Fylkesmannen ved dialog gjennom året. Det vert lagt vekt på at erfaringar skal kome neste pulje til nytte.

I våre 26 kommunar er det 47 skular med ungdomstrinn. Av desse har seks kommunar delteke med 15 skular i pulje 1 av den skulebaserte kompetanseutviklinga. Tilbakemeldingane frå skuleeigarane i pulje 1 er at vi må bruke tid i starten til forventningsavklaringar og klargjering av roller. Det er avgjerande med forankring hjå skuleeigar og skuleleiar for at satsinga skal verte vellukka. Pulje 1 vert avslutta ved årsskiftet 2014/2015.

Hausten 2014 starta pulje 2. Her er det sju kommunar med ti skular. Tema skulane har valt ut er: Klasseleiing (tre skular), klasseleiing/lesing (fem skular), klasseleiing/rekning (éin skule) og rekning (éin skule).

SEVU-PPT

Etter avtale med kommunane og fylkeskommunen vart PPT-leiarane prioritert i oppstarten av SEVU-PPT i form av to samlingar (å to dagar) med mellomliggjande arbeid, dvs. ei samling i november 2013 og ei samling i februar 2014. På denne samlinga var PPT-leiarane saman med PPT-eigarane. PPT-leiarane vart prioriterte då desse vil vere sentrale med tanke på etter- og vidareutdanning og forankring på det lokale PPT-kontor og hos PPT-eigar. Mot slutten av 2014 vart det også arrangert ei felles samling for PPT-leiarar i Sogn og Fjordane og Hordaland i Bergen. PPT-eigarar i dei to fylka vart også inviterte til delar av samlinga. Fagleg ansvarleg var SePU, Høgskolen i Hedmark.

Når det gjeld deltaking frå PPT i vidareutdanning og leiarutdanning under SEVU PPT, er det for tida ein PPT-tilsett som tek vidareutdanning og fire PPT-leiarar som tek leiarutdanning. Det vil seie at 25 prosent av PPT-

leiarane i Sogn og Fjordane tek leiarutdanning. Vi meiner at fleire av PPT-tilsette frå Sogn og Fjordane bør ta vidareutdanning og håpar at tilbod om vidareutdanning eller leiarutdanning for PPT vert lagt til region vest i 2015.

Statped bestemte i 2014 at det for våren 2015 vert gjennomført eitt etterutdanningstilbod om fleirkulturalitet og eitt etterutdanningstilbod om fleirspråklegheit under SEVU-PPT i Sogn og Fjordane. Kwart av tilboda er lagt opp som tre dagsamlingar med mellomliggjande arbeid. Tilboda er i samsvar med etterutdanning som er etterlyst både av PPT og av skuleeigarane.

For å sikre koordinering av SEVU i region vest vart det i 2014 oppretta ei koordineringsgruppe mellom Fylkesmennene (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane) og Statped vest. Det vart gjennomført to møte i 2014. Det er ønskjeleg at UH-sektoren er representert i gruppa. I 2014 vart det også oppretta ei ressursgruppe opp mot Statped vest som består av tre PPT-leiarar (ein frå kvart fylke) og tre skuleeigarar (ein frå kvart fylke). Fylkesmannen har éin representant i gruppa.

Samla sett meiner vi at SEVU-PPT er godt forankra både lokalt i fylket og opp mot Statped vest.

Læringsmiljøprosjekt – målretta mot mobbing

Gjennom oppfølging av skular med "vedvarande høge mobbetal" har vi gjort Utdanningsdirektoratet sine tilbod kjende.

To skular og skuleeigarar har etablerte satsingar der vi har gitt tilskot for å forsterke desse. Ein skuleeigar er komen med i ordninga frå Utdanningsdirektoratet. Vi har brukt mykje tid og ressursar på å følgje opp skuleeigarar og skular som har vedvarande høge mobbetal.

32.6 Urfolk og nasjonale minoriteter

Vi har ikkje hatt aktivitet på dette resultatområdet.

Ressursrapportering

Vi har betalt ut kr 1.210.630,- i sensorhonorar i 2014.

Vi kan ikkje sjå at vi har vesentlege avvik når vi samanliknar 2013 med 2014.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 1 932 141,08	kr 83,95
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 2 571 599,34	kr 1 427 344,03
Økt kvalitet i barnehage og grunnopplæringa	kr 721 628,30	kr 497 830,06
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 5 225 368,00	kr 1 925 258,00

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi har fått inn 34 hendingsbaserte tilsynssaker i 2014. I alt 31 av desse har blitt realitetshandsama, og fire er avslutta utan oppfølging. Dette er ein liten auke frå året før. Ei av sakene gjaldt tilsyn med Bufetat. I tillegg var det åtte saker frå 2013 som ikkje var avslutta innan årsskiftet. Til saman blei 32 saker handsama ferdig i 2014, og sju blei ikkje avslutta innan årsskiftet.

I 19 av dei ferdige sakene har vi konkludert med lovbrøt. I dei fleste sakene har vi vurdert fleire lovheimlar. Fleire av sakene der det er konkludert med lovbrøt, viser alvorlege brøt på forsvarlegkravet.

Døme på vurderingstema i sakene er kravet til forsvarleg sakshandsaming, handtering av melding, gjennomføring av undersøking, kommunen si oppfølging av hjelpetiltak, oppfølging av barn som er plassert i institusjon og fosterheim, brøt på teieplikt og ettervern.

41.2 Planlagt tilsyn

Vi har gjennomført tilsyn som systemrevisjon med tre kommunale barneverntenester i 2014. Eitt av tilsyna blei gjennomført som læringstilsyn. Det tilsvarar kravet til landsomfattande tilsyn med kommunalt barnevern.

To av dei tre tilsyna gjekk inn i det landsomfattande tilsynet med det kommunale arbeidet med oppfølging av barn i fosterheim, initiert av Statens helsetilsyn. Det tredje tilsynet var eigeninitiert og tok føre seg oppfølging av hjelpetiltak.

Det vart i alle tilsyna funne brøt på krav som følgjer av lov eller forskrift.

Døme på lov og/eller forskriftsbrøt:

"Kommunen har ikkje god nok styring og kontroll med oppfølginga av det enkelte barn i fosterheim"

"Høyanger kommune sikrar ikkje god nok oppfølging og kontroll av det enkelte barn sin situasjon i fosterheimen"

"Sogndal kommune sikrar ikkje forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak"

Vi har gjennomført eit tilsyn på Sogn og Fjordane barn og familiesenter, der det blei konkludert med slikt lovbrøt:

"Sogn og Fjordane barn og familiesenter sikrar ikkje at tilkallingsvikarar legg fram politiattest før dei tek til i stillinga"

Fylkesmannen utførte 20 individtilsyn på barnevernsinstitusjonane i fylket i 2014. Dette tilsvarar 100 prosent av det som er lovpålagt. Halvparten av tilsyna var umelde. Ei avdeling ved Stiftelsen Klokkergården fekk grunngeven melding i 2014 som følgje av gjentakande for sein oversending av tvangsprotokoll med klage til oss. Dette medførte at dei aktuelle klagesakene ikkje fekk reell klagehandsaming, sidan vedtaka var tidsavgrensa og vedtaksperioden var gått ut eller hadde få dagar att då vi fekk saka til handsaming.

41.3 Klagesaker

I 2014 fekk vi to klagesaker på kommunal barnevernsteneste. Begge sakene blei ferdighandsama innan fristen, og før årsskiftet. Sakene gjeld avslag på ettervern og endring av hjelpetiltak. I den eine saka blei vedtaket til kommunen endra, og i den andre blei det oppheva og sendt attende til kommunen.

Vidare fekk vi 21 klager frå bebuarar på institusjon, og 18 av desse vart handsama innan årsskiftet. Av desse var 14 saker klage på enkeltvedtak med innskrenking i bruk av elektroniske kommunikasjonsmiddel, jf. rettighetsforskrifta § 24. I tre av sakene var det to eller fleire tilhøve som vart påklaga. Dei andre sakene gjaldt enkeltvedtak om urinprøvetaking etter § 25, ransaking etter § 16, avgrensing i retten til å bevege seg fritt innanfor og utanfor institusjonen etter § 22, beslaglegging etter § 17, halding i akutt faresituasjon etter § 14 og klage på behandling under motivasjonstur, jf. § 7.

I sju av klagene fekk klagaren medhald, og seks av desse sakene gjeld omgjerjing av enkeltvedtak om direkte inndraging av elektroniske kommunikasjonsmiddel etter § 24.

41.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har i 2014 overført fire saker til ein annan kommune på grunn av ugildskap.

Oppfølging av fristar:

Vi har hatt kontakt med sju kommunar i fylket for å få ei nærare klargjering av årsakene til fristoverskridingar. Det er sendt e-post til kommunar med manglande tiltaksplanar, tilsynsbesøk eller oppfølgingsbesøk for barn i fosterheim. I tillegg har vi hatt tett dialog med ein kommune som har sendt månadlege rapportar frå barnevernstenesta.

Resultatområde 73.1 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i N

Vi har i 2014 handsama 23 rettigheitsklager etter lov om sosial tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Ei klagesak vart avslutta etter 3,6 månader, dei andre sakene hadde ei sakshandsamingstid på mellom 0,2 og 2,8 månader. Dette gjorde at 96 prosent av sakene vart handsama innan 3 månader.

I 16 av sakene vart kommunen sitt vedtak stadfesta, medan vi i fem saker endra kommunen sitt vedtak. I to saker som gjaldt fleire tilhøve, stadfesta, oppheva og endra vi ulike delar av vedtaket. Alle sakene gjaldt stønad etter §§ 18 og 19 (økonomisk stønad), medan ei sak i tillegg gjaldt stønad etter § 29 (kvalifiseringsprogram).

Ved inngangen til 2015 hadde vi ti saker i restanse, noko som skuldast at om lag ein tredel av saksinngangen vår kom i fjerde kvartal.

Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i Nav

74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi har opna to tilsynssaker i 2014, som begge handla om økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving. Ei av sakene vart avslutta innan årsskiftet, med ei sakshandsamingstid på 3,4 månader. Vi konkluderte med lovbrot.

74.2 Planlagt tilsyn

Vi har gjennomført landsomfattande tilsyn med Kvalifiseringsprogrammet i kommunane Sogndal, Selje, Vågsøy og Gloppen. Vi fann avvik i Sogndal og Vågsøy. Tilsynet i Sogndal er avslutta, og vi følgde opp kommunen til dei hadde retta feila. Vågsøy kommune arbeider med retting og vi følgjer opp til tilhøva er i samsvar med lov og forskrift.

74.9 Andre oppdrag

Vi har ikkje gjennomført kartlegging på dette området i 2014.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenes

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Alle saker vert registrerte i Nestor og ajourført innan tidsfristar for rapportering. Fylkesmannen har hatt ein auke i hendingsbaserte tilsynssaker innan helse- og omsorg (helseseksjonen). Nestor viser at vi i 2013 handsama 96 saker, medan vi i 2014 var oppe i 124 hendingsbaserte tilsynssaker. Auken i saker har ført til lengre gjennomsnittleg sakshandsamingstid, som i fjor var på 4,3 månader. Lengre sakshandsamingstid heng også saman med endringar i pasient- og brukarrettslova § 7-4a om innsyns- og uttalerett for pårørande. Vi har hatt nokre samansette og kompliserte hendingsbaserte tilsynssaker som har gått ut over forventa sakshandsamingstid.

Omsorgstenester

Vi opna fem tilsynssaker på dette området i 2014, i tillegg hadde vi ei sak i restanse frå 2013. Vi har handsama tre saker i 2014. Det vart påpeika lovbrot i ei av sakene, gitt rettleiing i ei sak og ei sak vart avslutta utan merknad. Ei av sakene hadde ei sakshandsamingstid på over fem månader. Vi hadde tre saker i restanse ved inngangen til 2015.

82.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen leverte innan fristen 20.01 oversikt over planlagt tilsyn for helse- og omsorgstenester i samordna plan. Vi gjennomførte folkehelse- og omsorgstilsyn som systemrevisjon i tre kommunar. Tilsyn etter folkehelse- og omsorgslova var tema for landsomfattande tilsyn i 2014. Vi fann avvik i ein av kommunane.

Av eigeninitierte tilsyn på området har vi gjennomført sjølvmeldingstilsyn med legemiddelhandtering i bustader til utviklingshemma. Positive erfaringar med sjølvmeldingstilsynet gjorde at vi planla nytt sjølvmeldingstilsyn innan helseberedskap. Slutføringa av dette blir ikkje før i 2015.

Vi gjennomførte to tilsyn med rehabiliteringstilbod i kommunal sjukeheim. Vi fann avvik i ein kommune. I samband med det eine rehabiliteringstilsynet gjennomførte vi det vi kallar læringstilsyn, der fem kommunar i same region vart invitert med for å gjennomføre spesielt tilrettelagt eigenrevisjon på same område. Vi har vekta læringstilsynet med 0,5 poeng per tilsynskommune.

Av ressursomsyn måtte vi avlyse to eigeninitierte systemrevisjonar med rehabiliteringstilbod i sjukeheim, og vi måtte avlyse revisjon om førarkortforskrifta med to fastlegar. Vi har totalt gjennomført 12,5 tilsyn innan kommunale helse- og omsorgstenester.

I spesialisthelsetenesta gjennomførte vi systemrevisjon med legemiddelassistert rehabilitering og førarkortforskrifta som tema. Vi deltok også saman med Fylkesmannen i Hordaland på pilot for samhandlingstilsynet som er landsomfattande tilsyn i 2015. Vi gjennomførte to tilsyn i spesialisthelsetenesta i 2014.

Vi har i 2014 utført åtte individtilsyn med heimel i kommunehelse- og omsorgslova kapittel 9.

Vi har no arbeidd med læringstilsyn i tre år og oppsummerte i desember erfaringane med seks læringstilsyn i 32 kommunar i ein rapport til Statens helsetilsyn.

Kvalitative evalueringsdata syner at kommunane set pris på arbeidsforma og at det fører til forbetringar i styringssystemet. Kvantitative data som skildrar tenesteytinga, tyder på at kommunane har gjort endringar i arbeidsformer som har gitt betring i sjølve tenesteytinga.

Studien viser like god eller betre tenestekvalitet seks månader etter tilsyn i dei kommunane som hadde hatt læringstilsyn samanlikna med tenestekvalitet i kommunar som hadde vanleg tilsyn. Fylkesmannen sin ressursbruk er monaleg mindre ved gjennomføring av læringstilsyn. Samla sett tyder funna på at læringstilsyn er ei godt eigna arbeidsform som kan gi gode resultat på tenestyting, samstundes som Fylkesmannen si ressursutnytting er betre enn ved vanleg tilsyn.

82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukarrettighetslova m.fl.

Saker som gjeld pasient- og brukarrettslova § 4A

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har danna eit 4A-nettverk. Vi har møte ein til to gonger kvart år. Blant anna blir faglege problemstillingar diskutert. Eit av måla er å sikre så lik behandling av 4A-vedtak som mogleg i dei tre fylka.

Vi har i 2014 ikkje hatt undervisning for større grupper om 4A, men vi har hatt mykje rettleiing til helsepersonell på telefon.

Jurist og helsepersonell hjå Fylkesmannen har møte kvar veke der alle vedtak blir gjennomgåtte.

Sakene blir registrerte fortløpande i Nestor. Vi har motteke 36 vedtak i 2014. Dette er ein nedgang frå 2013 då det var over 50 vedtak. Ni vedtak varte over tre månader, og åtte av desse vart handsama innan tre til fire månader. Eitt vedtak blei handsama etter drygt fire månader. To vedtak, eitt i spesialisthelsetenesta og eitt i kommunen, blei oppheva. Vi har ikkje fått klage.

Andre saker etter pasient- og brukarrettslova

Fylkesmannen handsama i 2014 36 klager som gjaldt pasient- og brukarrettslova § 2-6 om rett til sjuketransport. Alle vedtaka vart stadfesta.

Vi handsama to saker om rett til nødvendig helse- og omsorgshjelp i kommunen, jf. pasient- og brukarrettslova § 2-1a. Det eine vedtaket vart stadfesta, medan det andre vart oppheva og sendt tilbake til kommunen for ny vurdering.

Vi fekk tre rettigheitsklager om andre helse- og omsorgstenester, der den eine gjaldt spesialisthelsetenesta. Saka gjaldt krav om retting og sletting i journal, jf. pasient- og brukarrettslova § 5-2. Vedtaket vart stadfesta.

Dei andre sakene vi handsama var kommunal helse- og omsorgsteneste, jf. § 4-1 om pasientens samtykke til helsehjelp. Vedtaket vart stadfesta. Den andre saka var todelt. Første del av klagen gjaldt rett til nødvendig helsehjelp, jf. pasient- og brukarrettslova § 2-1a, der vedtaket frå kommunen vart stadfesta. I same sak fekk pasienten medhald i klage om rett til individuell plan, jf. pasient- og brukarrettslova § 2-5.

Ifølgje tal frå Nestor vart 49 prosent av rettigheitsklagene i helseseksjonen handsama innan tre månader. Sakene som gjaldt rett på helse- og omsorgstenester, vart behandla innafor tremånadersgrensa. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for alle saker var 2,8 månader.

Omsorgssaker

Vi fekk inn 25 klagesaker på dette området i 2014 i tillegg til dei tre sakene i restanse vi hadde frå 2013. Vi handsama 17 saker, og ei sak vart vidaresendt til rett klageinstans. I 12 av sakene stadfesta vi heilt (11 saker) eller delvis (1 sak som omhandla både avlastning og omsorgsløn) kommunen sitt vedtak. Vi endra kommunen sitt vedtak om avlastningstiltak i den nemnde saka, og vi oppheva kommunen sitt vedtak i fire saker.

Sakshandsamingstida vart 3,1 månad i ei av sakene, elles vart alle sakene handsama innafor tre månader, med eit spenn frå 0,1 til 2,7 månader.

Vi hadde ti saker i restanse ved inngangen til 2015.

82.9 Andre oppdrag

Resultatområde 83 Folkehelse

Vi har ikkje behandla slike saker.

83.2 Planlagt tilsyn

83.3 Klagesaker

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 42 Familierett

42.1 Ekteskapsloven

I 2014 gav Fylkesmannen 196 separasjonsløyve og 146 skilsmisseyve. Vi får stadig fleire saker om separasjon og skilsmisse der ein eller begge partar ikkje er norske borgarar. Desse er meir arbeidskrevjande enn andre saker.

I 2014 kom det inn 525 brev, og vi sende ut 652 brev.

42.2 Anerkjennelsesloven

I 2014 har Fylkesmannen handsama 21 saker om godkjenning av utanlandsk separasjon eller skilsmisse og søknad om fritak for plikta til å dokumentere skifte ved skilsmisse eller død.

42.3 Barneloven

I 2014 har vi fått inn ei sak om fordeling av reisekostnader ved samvær etter barnelova § 44. Saka vart avslutta utan behandling. Vi har også rettleidd privatpersonar på området.

42.4 Veiledning og informasjon

Til brukarar som tek kontakt, informerer vi om reglane i barnelova og om oppgåvene til familievernkontora. Vi viser også til informasjon på internett og sender ut informasjonsmateriell ved behov.

Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilb

Vi har ikkje i 2014 gjennomført tilsyn eller anna form for kontroll med kommunane sitt tilbod innanfor dette området.

Vi har ikkje fått informasjon førre år som gav grunnlag for å undersøkje krisesentertilbodet nærare i 2014. Før sommarferien 2015 vil vi kartleggje området med stikk-kontrolltilsyn.

Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor

Det er ikkje gjennomført tilsyn eller anna form for kontroll med familiekontora i 2014. Det blei gjennomført tilsyn med begge kontora i fylket i 2013.

Resultatområde 45 Barn og unge

45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

Fylkesmannen rapporterer til departementet både ved kommunane si halvårsrapportering, om tildeling til kommunane og bruken av midlar til informasjon, samordning og anna kurs- og kompetanseheving. I tillegg har vi rapportert om kommunar vi er bekymra for og som vi følgjer særskilt opp.

Fylkesmannen har fullført siste prosjektåret i embetsprosjektet "sjumilssteget – til beste for barn og unge". Målet er å følgje opp FN's barnekonvensjon i kommunane i Sogn og Fjordane. Sjumilssteget skal medverke til at kommunane vert meir medvitne på oppvekstvilkår og styrkjer tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge. Sjumilsstegsarbeidet gjekk ved årsskiftet inn i den daglege drifta i embetet.

I medhald av barnevernlova § 23 fjerde ledd bokstav a skal Fylkesmannen sørge for at kommunane får råd og rettleiing. Vi har løyst denne oppgåva gjennom å:

- gi råd og rettleiing på telefon, e-post og i brev
- publisere nettartiklar om relevante tema, der vi ser det er trong for rettleiing og informasjon
- arrangere konferansen "rus og vald i nære relasjonar"
- delta på kommunesamlingar i regi av Bufetat to gonger per år
- arrangere samlingar om opplæring i undersøkingsaker og samtalar med barn (sjå pkt. 45.5)
- arrangere den årlege barnekonferansen over to dagar. Målgruppa er barnehagetilsette, barneverntilsette og andre, der vi første dagen har felles tema og den andre dagen deler deltakarane etter fagbakgrunn. Tema for barnekonferansen 2014 var "omsorg for barn, felles ansvar", og det var omlag 200 deltakarar.
- delta på barnevernleiarsamling, arrangert av kommunane, med tema som er aktuelle.
- arrangere "sjumilsstegkonferansen 2014", ein tverrfagleg konferanse for alle som arbeider med barn og unge i Sogn og Fjordane. Temaet var "samordna løft for folkehelse, psykisk helse, og medverknad for barn og unge". Det var om lag 250 deltakarar frå ulike tenester i kommunane.

45.2 Fritak for taushetsplikt

Saker om fritak for teieplikt gjeld søknader om fritak for tilsette innanfor fleire profesjonsgrupper. Totalt har vi i 2014 behandla søknader om fritak for teieplikt for 34 personar. Søknadane gjeld tilsette innanfor følgjande profesjonsgrupper:

- barnevern: 5 tilsette

- skule: 15 tilsette

- barnehage: 6 tilsette

- Nav: 1 tilsett

- helsepersonell: 7 personar

I 2014 samtykte vi til fritak frå den forvaltningsmessige teieplikta for 28 tilsette i forvaltninga. Ei sak gjaldt søknad om fritak frå den profesjonsmessige teieplikta for 2 sjukepleiarar og 2 hjelpepleiarar. Denne søknaden vart avslått då vi ikkje har heimel for å kunne fritta for profesjonsmessig teieplikt.

To søknader vart trekte etter rettleiing frå oss om at søkjar først måtte prøve å innhente samtykke i dei sakene gjaldt, før søknadane kom inn til oss.

Saksbehandlingstida er kort, og normalt blir dei behandla i løpet av eit par dagar.

Vi har elles lagt ekstra vekt på å oppdatere interne prosedyrar og sikre at vi har oppdaterte delegasjonsfullmakter frå aktuelle departement.

45.4 Biologisk opphav

Fylkesmannen har handsama tre saker der personar har bede om opplysningar om biologiske foreldre.

45.5 Nasjonalt opplæringstilbud i undersøkelsessaker

Vi har, saman med fylkesmennene i Hordaland og Rogaland, gjennomført ei dagssamling om nasjonalt opplæringstilbud i undersøkingsaker. Samlinga blei gjennomført i Bergen i november. Det var omlag 25 deltakarar frå Sogn og Fjordane.

Vidare har vi gjennomført tre regionale dagssamlingar i samarbeid med Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS), med samtalar med barn om vold og seksuelle overgrep som tema. Det var om lag 220 deltakarar fordelt på dei tre samlingane.

Tilbakemeldingane og evalueringa frå samlingane har vore gode, og deltakarane rapporterte stort utbytte. At vi klarte å samle deltakarar på tvers av fag, har vist seg å vere viktig for det tverrfaglege arbeidet.

45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Fylkesmannen har i 2014 tildelt 2,9 stillingar til kommunalt barnevern. I tillegg blei dei 13,9 stillingane som tidlegare har vore tildelt, vidareførte. Desse 16,8 stillingane blir vidareførte også i 2015.

I tillegg har vi tildelt midlar til kompetanshevande tiltak, på til saman 400.000 kroner til fire kommunar.

Vi følgjer opp satsinga gjennom rapportering og fortløpande kontakt med kommunane.

Resultatområde 46 Universell utforming

Planstrategiar og samfunnsdelen av kommuneplanar er vurderte, og vi har gjeve fråsegn i fleire av sakene. Vi har òg gjeve innspel om unviserell utforming i nokre arealplanar. Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen på området, og deltek saman med dei i ulike eksterne møte.

Fylkesmannen har samarbeid med fylkeskommunen om fleire prosjekt i kommunane, mellom anna universelt utforma uteområde og turveggar. Nokre kommunar har universell utforming som del av satsinga på trygge lokalsamfunn.

Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

47.1 Statsborgerseremonier

Vi arrangerte statsborgarseremoni søndag 27. april. Der kom 22 av 102 nye statsborgarar, frå 8 kommunar og 14 opphavsland. Dei hadde med seg familie og vener som gjester. I tillegg var ordførarane i heimkommunane invitert.

Seremonien vart gjennomført i lokala til Høgskulen i Sogn og Fjordane i Sogndal og inneheldt kulturinnslag, truskapsløfte, utdeling av gåvebøker, allsong og til slutt lunsj. Fylkesmann Anne Karin Hamre leidde seremonien. Stortingsrepresentant Bjørn Lødemel heldt gjestetalen, og Justin Mulindabigwi tala på vegner av statsborgarane.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMSF	1	21,5
Sum	1	

47.2 Bosetting av flyktningar

Vi har vidareført samarbeidet med KS, Nav og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet "felles innsats for inkludering og samfunnsdeltaking" kom som eit resultat av erfaringar vi gjorde oss i 2012. I 2012 prøvde vi i lag med Nav å gjennomføre ein konferanse på området, men på grunn av dårleg påmelding vart han ikkje gjennomført. Etter det årlege samarbeidsmøtet mellom Nav, KS, Fylkesmannen, IMDi og UDI sette vi i lag med Nav i gang ei prosjektgruppe. Vi har gjennomført to nettverkssamlingar for tilsette i kommunane som arbeider med busetjing av flyktningar. Busetjing av flyktningar har også vore tema på kommunekonferansen, som er eit samarbeid mellom KS og Fylkesmannen. Dette er også eit fast tema på dei årlege samarbeidsmøta vi gjennomfører. Målet med drøftinga er at alle aktørane skal ha grunnlag for påverknadsarbeid i sine ulike forum og kanalar.

47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

I 2014 har vi ikkje hatt klagar som gjeld introduksjonslova.

Vi har i tett samarbeid med Nav informert om krav til introduksjonsprogrammet i møte for rådmenn og ordførarar, og i møte med enkeltkommunar. Vi har gitt rettleiing til programrådgjevarar og lærarar i norskopplæring på deira samlingar, og vi har informert om tilsynet som Fylkesmannen gjennomfører på oppdrag frå Inkluderings- og mangfoldsdirektoratet. Vi har gjennomført tilsyn i tråd med oppdraget. Vi ser elles på

bakgrunn av erfaringar frå rettleiing og tilsyn, at behovet for rettleiing av kommunane er større enn vi har ressursar til å dekke.

47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Vi har gjennomført kurs i samarbeid med Vox, for lærarar som arbeider med norskopplæring for vaksne innvandrarar og asylsøklarar. Fylkesmannen har i lag med vaksenopplæringssentra i fylket arbeidd med eit etter- og vidareutdanningstilbod for alle lærarane i fylket. I alt 78 deltakarar søkte seg inn på dette studiet som starta 9. februar 2012. Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vox hadde det faglege ansvaret. I 2014 vart det gjennomført eksamen for deltakarane. For deltakarane som gjennomfører, vart studiet godkjent som 30 studiepoeng.

Vi har også lagt vekt på opplæring i nye digitale prøver. Her har vi hatt samlingar på regionnivå.

47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Fylkesmannen har sett i gang to dokumenttilsyn der tema var heilårleg og fulltids introduksjonsprogram.

Endeleg tilsynsrapportar vil vere ferdige i januar 2015.

Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering

Om intern forankring av oppdraget

Eit særleg koordinerande ansvar for likestillingsarbeidet er lagt til utdanningsavdelinga. Vi har laga eit samla oversyn over embetsoppdrag som gjeld likestilling på dei ulike sektorområda våre. Vidare er det utarbeidd rutinar som sikrar at likestillingsområdet vert vurdert i kommunale planprogram m.v., på linje med fagområdet universell utforming, jf. embetsoppdrag nr. 46.

Oppfølging og rettleiing av kommunane

Vi har vurdert planstrategiar og samfunnsdelen av kommuneplanar, og har gjeve fråsegn i fleire av sakene. Vi har òg gjeve innspel til om univserell utforming til nokre arealplanar. Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen på området universell utforming, og deltek saman med dei i ulike samanhengar.

Kommunane skal som arbeidsgjevar rapportere på tilhøva når det gjeld kjønnslikestilling. Kommunane skal også som arbeidsgjevar rapportere på *tiltak* når det gjeld kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne. Ein gjennomgang av kommunane sine årsmeldingar for 2013 syner at majoriteten av kommunane rapporterer statistisk på tal tilsette, bruk av deltidstillingar, leiarstillingar og lønsnivå – fordelt på kjønn. Høgt tal kvinnelege tilsette, i nokre høve opp mot 85 prosent av den totale arbeidsstokken, er eit gjennomgåande trekk ved kjønnsfordelinga i kommunane i fylket. Vidare finn vi eit tilsvarande lågt omfang på tal mannlege tilsette, særleg innan omsorgsyrka. Nokre kommunar legg i rekruttering vekt på tiltak for å betre fordelinga mellom kjønna, elles er det mange kommunar som kartlegg bruk av deltid for å få ned omfanget av ufrivilling deltid. Utjamning av eventuelle lønsskilnader mellom kjønna vert og trekt fram som tiltak.

Gjennom prosjektet sjumilssteget i 2012 til 2014 har Fylkesmannen hjelpt kommunane i arbeidet med å konkretisere FNs barnekonvensjon. Artikkel 23 om barn sin rett til eit fullverdig liv og tilgang til nødvendige offentlege tenester, er eitt av områda vi har arbeidd med. Prosjektet er no avslutta og vil bli vidareført gjennom den ordinære oppgåveløysinga i embetet. Fylkesmannen legg framleis vekt på å vere ein støttespelar for å sikre dei kommunale tenestene etter FNs barnekonvensjon.

Aktivitet på ulike sektorar

Verjemål

Sjølvråderett over eige er eit sentralt omsyn i verjemålslova. Dette kjem til uttrykk fleire stader i lova, til dømes i verjemålslova § 17 fjerde ledd som seier at born over 12 år skal høyrast før avgjerd, og § 20 andre ledd som set

vilkår om samtykke til oppretting av verjemål for vaksne.

Vi tek omsun til dei sentrale omsyna i regelverket. Mellom anna førsøker vi å leggje til rette for kommunikasjon på ein forståeleg måte i saker som involverer born og personar som på grunn av helsetilstanden har vanskar med å kommunisere. I saker som involverer einslege mindreårige asylsøkjjarar må vi ofte leggje til rette for kommunikasjon ved bruk av tolk.

Vi forsøker alltid å gjere individuelle vurderingar for å sikre involvering og medverknad for den saka direkte gjeld, i alle saker på verjemålsområdet.

Landbruk

I strategien for bygdeutviklingsmidlane frå Landbruks- og matdepartementet prioriterer vi kvinnelege søkjarar og kvinneretta tiltak. Dette gjeld til dømes ved etablering og utvikling av nye næringar. Kvinner kan få inntil 75 prosent støtte til såkalla mjuke investeringar (etablerarstipend og bedriftsutviklingstiltak) og 60 prosent (maks kr 200 000) i etablerartilskot ved generasjonsskifte på gardsbruk. Tilsvarende støttesatsar for menn er 50 prosent og maksimalt kr 150 000 ved generasjonsskifte. Av desse midlane gjekk 50 prosent av løyvinga til arbeidsplasser for kvinner. Denne type prioriteringar har vi hatt i fleire år og det fører til at kvinnelege søkjarar og kvinneretta tiltak får ein større del av midlane.

Fylkesmannen har i samarbeid med Innovasjon Norge tilsett ein prosjektleiar for å utvikle "Inn på tunet"-satsinga og følgje opp den fylkesvise handlingsplanen. Hovudmålet er å utvikle kvalitetssikra og samfunnsnyttige velferdstenester med garden som arena. I 2014 har vi arbeidd med informasjon mot kommunane, landbruksnæringa, høgskulen, IPT-bedrifter, nettverksbygging og kvalitetssikring. Arbeidet vert gjort i tett samarbeid med referansegruppa for prosjektet som har representantar frå Fylkesmannen (landbruk, utdanning, helse og sosial), fylkeskommunen, Innovasjon Norge, NAV, KS, Bondelaget, tilbydarnettverket. Naustdal kommune har fått støtte gjennom "Inn på tunet"-løftet og er i ferd med å avslutte prosjektet sitt. Førebels er det ikkje starta konkrete tilbod. Hovudgrunnen er at kommunen ikkje ser økonomisk rom til å starte opp utprøving.

Barnehage

Hausten 2014 gjennomførte vi på initiativ frå Senter for kunnskap og likestilling (KUN) ein fagdag om to-språklege barn i barnehagen. Det deltok personale frå barnehagar, helsestasjon og PPT. KUN skal vere Fylkesmannen sitt faglege ressurscenter på området, og fagdagen kom som eit resultat av eit dialogmøte mellom Fylkesmannen og KUN i 2013.

I 2013 var tal mannlege tilsette i barnehagane i fylket 8,6 prosent. Det er ein liten nedgang frå 2012. Talet for 2014 er per januar ikkje tilgjengelege i BASIL. Vi har eit tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og hadde ein felles likestillingsdag der studentar og mannlege tilsette i barnehagane var inviterte. Informasjon og haldningsskapande arbeid er viktig for å oppnå mål om endra kjønnsrollemønster blant barn. Dei mannlege tilsette i barnehagane gjev gode tilbakemeldingar om fagdagen. Dei får fagleg påfyll, men kanskje aller mest har vi skapt ein arena der dei kan møtast, drøfte erfaringar og utfordringar i kvardagen med andre.

Gutar som leikeressurs er eit nytt og populært tiltak i Sogn og Fjordane. Sju kommunar deltek i prosjektet som har fått stor merksemd i media, både i lokalaviser og NRK Sogn og Fjordane. Evaluering frå dei gutane som deltok, syner at dei har fått god kjennskap til barnehagen som arbeidsplass, og at det er eit variert, krevjande, men travelt yrke. Fylket har mange små kommunar med små barnehagar. Skal vi rekruttere fleire menn til yrket må vi nå dei ungdomane som bur her, og tenke langsiktig.

[Om gutar som leikeressur i barnehagen](#), NRK Sogn og Fjordane 29.04.2014

[Erfaringar frå prosjektet om gutar som leikeressurs i barnehage Årdal kommune](#), Sogn Avis 07.07.2014

Helse

Fylkesmannen har delteke på samling for kommunar med asylmottak, arrangert av IMDI. Tema var i første rekke korleis vi kan førebygge tvangsekteskap, førebygging av kjønnslemlesting og oppfølging av dei som har vore utsette for kjønnslemlesting. To gonger i haust har vi har teke opp aktuelle handlingsplanar og tiltak, på kompetansehevande kurs for helsestasjons- og skulehelsetenesta og for personell som arbeider på Nav og i barnevern.

Utfordringar

Gjennomgangen av kommunane sine årsmeldingar viser at enkelte kommunar har laga ein eigen plan eller

retningslinjer for å fremje likestilling og hindre diskriminering, men fleirtalet av kommunane har ikkje rapportert om aktivitet eller tiltak som gjeld etnistiet eller nedsett funksjonsevne.

Vi har prøvd å etablere eit kompetansehevande nettverk om førebygging av tvangsekteskap og kjønnslemlestingor. Målgruppa har først og fremst vore helsepersonell i kommunar som er vertskommunar for statlege asylmottak. Vi har ikkje lukkast så langt.

Vi lyste ut prosjektmidlar til pedagogisk likestillingsarbeid i barnehagen, men vi fekk ingen søknader. Erfaringa vår er at pedagogisk likestillingsarbeid ikkje vert vurdert som like viktig eller har same merksemd som til dømes fagområda i rammeplanen. Tilbakemelding frå ein barnehage som hadde prosjektarbeid i perioden 2012-2013, er at systematisk haldningsskapande arbeid i personalgruppa over tid, er avgjerande for korleis likestilling vert jobba med både i kvardagsaktivitetane og arbeidet med fagområda.

"Gutar som leikeressurs" vurderer vi som eit svært godt tiltak. Utfordringa vår er at tildelte midlar for 2015, ut frå vår vurdering, har for sterke sentrale føringar til kompetanseheving av assistentar og fagarbeidarar og for lite til rekruttering og likestilling.

Ressursrapportering

Vi har ein auke i ressursbruken innanfor dette departementsområdet når vi samanliknar 2013 og 2014.

Avviket finn vi på resultatområde 410 og 450. Hovudårsaka til avviket er at vi i 2014 har fått heilårsverknad av den auka tildelinga på barnevernsområdet. I 2013 brukte vi interne ressursar for å utføra oppgåver på prosjektmidlar fram til vi fekk på plass nye personar som kunne løyse oppgåvene. I 2014 vart denne tildelinga redusert.

Prosjektmidlane vi fekk i 2014 fullfinansierte ikkje ei heil stilling. Resterande stillingsprosent er belasta drift. Vi gjorde og ei ny fordeling på resultatområde på prosjektmidlane i 2014. I 2014 var heile prosjektet ført på resultatområde 450. Deler av oppgåvene på prosjektet har vore knytt til tilsyn. Frå 2014 belasta vi resultatområde 410 med deler av kostnaden på dette prosjektet.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Tilsyn og klagebeh. etter barnevernloven	kr 692 588,94	kr 280 038,94
42 Familierett	kr 185 481,45	kr 0,00
45 Barnevern	kr 1 230 762,56	kr 133 183,97
47 Integrering av innvandrere	kr 184 817,27	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 2 759,10	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 120 398,20	kr 75 817,34
Sum:	kr 2 416 807,00	kr 489 040,00

Justis- og beredskapsdepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

51.2 Vergemålsloven og utlendingsloven kap. 11 A

I fullmaktsbrevet frå Justis- og beredskapsdepartementet 03.02.2014, vart det sett resultatkrav for Fylkesmannen sine oppgåver på verjemålsområdet i 2014. I fullmaktsbrevet blir vi bedt om å rapportere om følgjande i årsrapporten til Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

- vurdering av måloppnåing og resultatkrav
- tilstand og særlege risikomoment i den lokale verjemålsforvaltninga
- tal på saker som gjeld heilt eller delvis fråtaking av rettsleg handleevne og som blir sendt tingretten. Det

skal rapporterast om utfall av sakene dersom dette er kjent på rapporteringstidspunktet.

Nedanfor følgjer vår vurdering av måloppnåing for dei ulike resultatkrava på verjemålsområdet for 2014.

Ei forsvarleg beredskapsordning for hasteoppnemningar av verjer og representantar

Fylkesmannen har i løpet av 2014 lagt vekt på rekruttering av fleire verjer og representantar. Vi har annonsert etter verjer i lokalavisene i fylket og gjennomførte ti verjesamlingar hausten 2014. Fleire nye verjer og representantar vart rekrutterte i samband med tiltaka. Ved utgangen av 2014 hadde vi om lag 25 tilgjengelege faste verjer. Vi prioriterer saker som gjeld behov for hasteoppnemning av verjer, og klarer stort sett å behandle desse sakene fortløpande etter kvart som dei kjem inn. Vi meiner difor vi har klart å etablere ei forsvarleg beredskapsordning for hasteoppnemning av verjer.

Vi har hatt litt større utfordringar med å rekruttere nok representantar for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Årsaka til dette er at vi har hatt få saker med behov for hasteoppnemning, og at vi har mangla personar med erfaring og kompetanse i slike saker. I løpet av 2014 har fleire personar og verjer meldt interesse for å ta på seg slike oppdrag, og fleire har etter kvart fått erfaring på området. Vi vurderer difor at vi har ei forsvarleg beredskapsordning for hasteoppnemning av representantar.

Ein trygg kapitalforvaltning

I løpet av 2014 har vi brukt mykje ressursar på arbeidet med å få full oversikt over finansielle egedelar tilhøyrande personar under verjemål (både vaksne og mindreårige). I tillegg har vi lagt vekt på å sikre at vi får overført alle finansielle egedelar som skal forvalta av Fylkesmannen etter føresegnene i den nye verjemålslova med tilhøyrande forskrifter.

I arbeidet har vi tatt utgangspunkt i rekneskapsoversiktene vi fekk frå dei kommunale overformynderia for første halvår av 2013, og vi har sett i gang eit systematisk arbeid for å sikre overføring av midlane som tidlegare vart forvalta av dei kommunale overformynderia. Dette har vist seg å vere eit meir omfattande arbeid enn forventa, og vi er enno ikkje kome i mål med arbeidet. Men vi har likevel god oversikt over midlane som skal overførast, og vil halde fram med arbeidet til vi er sikre på at alle midlane er overførte. Oppfølgingsarbeidet omfattar også andre finansielle egedelar enn kontante midlar, til dømes verdidokument som skal oppbevarast av Fylkesmannen. Her har vi oversikt så langt vi kan stole på at vi faktisk har fått overført dei dokumenta vi skal frå kommunane.

I 2014 skulle verjene for første gong oppfylle rekneskapsplikta for andre halvår av 2013 etter reglane i den nye verjemålslova. Arbeidet med mottak, kontroll og oppfølging av verjerekneskapa viste seg å bli ressurskrevjande. Vi fekk inn svært mange rekneskapsdokument i løpet av første tertial 2014, og vi hadde ikkje moglegheit for å gå gjennom og kontrollere desse etter kvart som dei kom inn. Vi sette derfor inn ekstra ressursar for hjelp til arbeidet sommaren 2014, og byrja eit systematisk arbeid for å sikre at vi fekk inn nødvendige rekneskapsdokument i alle aktuelle saker. Vi gjennomførte kontroll av dei utvalde verjerekneskapa frå Statens sivilrettsforvaltning innan utgangen av september 2014. Ut over dette har vi lagt vekt på å følgje opp saker der det har vore manglar ved verja si oppfyljing av rekneskapsplikta. Ved utgangen av året har vi framleis aktive oppfølgingssaker som gjeld manglar ved verjerekneskapa for andre halvår 2013.

Ettersom vi framleis har enkeltsaker der vi ikkje har fått inn fullstendig verjerekneskap for andre halvår 2013, har vi ikkje nådd målsetjinga om å ha ei fullstendig oversikt over kapitalforvaltninga i alle verjemålssakene. Men vi har likevel kunnskap om kva saker dette gjeld, og jobbar for å kome i mål med dette arbeidet så snart som mogleg.

Eit resultat av arbeidet er at vi har identifisert mange saker der verjene disponerer kapital tilhøyrande personar under verjemål som overstig grensa for når Fylkesmannen skal forvalte midlane. Hausten 2014 sette vi inn ekstra ressursar og starta ei systematisk oppfølging av desse sakene. Vi har sendt brev til verjene i dei aktuelle sakene med informasjon om vilkåra for forvaltning av verjemålsmidlane, samstundes som vi har bedt verjene om å fylle ut og returnere skjema for oppretting av kapitalkonto. Dette har vist seg å vere eit omfattande arbeid, der vi har brukt mykje tid og ressursar på å svare på spørsmål frå verjer, mottak og ekspedisjon av skjema for bestilling av kapitalkonto, og deretter sende brev til verjene med informasjon om kontonummer og overføring av midlar. Men vi har etablert eit godt system for oppfølging, og vurderer at vi har lagt eit godt grunnlag for å kome i mål.

I tillegg til oppfølgingsoppgåvene ovanfor, har behandling av søknader om bruk av kapital på vegner av personar under verjemål, vore prioriterte saker hos oss. Vi vurderer at vi har fått på plass gode rutinar for å sikre ei forsvarleg behandling av sakene. Etter kvart som vi har teke i bruk ARVE for saksbehandling i større og større grad, skjer i hovudsak alle utbetalingane frå kapitalkontoane vi disponerer gjennom ARVE/Agresso. Men framleis kan det i enkeltsaker oppstå behov for å nytte reserveløysinga for utbetaling av kapital.

Tilfredsstillande tilgjengelegheit for brukarane

Vi har hatt stor og jamn pågang av telefonar frå både verjer og andre for spørsmål på verjemålsområdet. Dette gjeld både generelle spørsmål og spørsmål om problemstillingar i enkeltsaker. Etersom vi er førstelinje for saker på verjemålsområdet, har vi prioritert å leggje til rette for å vere tilgjengelege.

Vi har etablert ei telefonvaktordning. Dei aller fleste som forsøker å nå oss per telefon, får svar same dag, eller seinast dagen etter. Vi vurderer det slik at vi har ei ordning som sikrar tilfredsstillande tilgjengelegheit for brukarane.

Hausten 2014 arrangerte vi ti verjesamlingar i fylket, der om lag 250 verjer og andre interesserte melde seg på. Vi gjennomførte også i juni 2014 ei samling for dei faste verjene våre.

Erfaringane så langt tyder på at det er behov for god tilgjengelegheit på verjemålsområdet heile året, også i samband med høgtider og sommarferiar. Pågangen frå verjer og andre har hittil vist seg å vere stor og stabil gjennom heile året.

Tilfredsstillande handtering av godtgjersle til verjer og representantar

Vi har prioritert løpande handsaming av søknader om godtgjersle frå verjer og representantar, særleg søknader om timebasert godtgjersle frå advokatar og faste verjer.

Etter kvart som det har kome sentrale avklaringar og praksis for handtering av saker om godtgjersle, har vi fått på plass ei tilfredsstillande handtering av sakene. Dette gjeld også utbetaling av godtgjersle via Direktoratet for økonomistyring (DFØ).

Sikring av at verjemålsapplikasjonen ARVE inneheld relevant og rett informasjon

Ved utgangen av 2014 blir i hovudsak alle verjemålssaker i Sogn og Fjordane behandla i ARVE, og vi har etablert rutinar for å sikre at alle saker og opplysningar fortløpande blir registrerte i ARVE.

Som følgje av problema med ARVE, etablerte vi ved oppstart i juli 2013 ei mellombels reserveløysing som eit alternativ for behandling av saker på verjemålsområdet. Mot slutten av 2014 har vi sett inn ekstra ressursar for å etterregistrere alle opplysningar i ARVE. Arbeidet blir slutført 1. kvartal 2015. Oversikta på området per dato er likevel god, då vi fører ei løpande manuell oversikt over alle sakene.

Vidareutvikling av den lokale verjemålsmyndigheita, mellom anna å sikre nødvendig kompetanse, etablere hensiktsmessige rutinar for arbeidet og effektiv styring

Ansvar for oppgåvene på verjemålsområdet er lagde til juridisk avdeling hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Omfanget av saker og oppgåver på verjemålsområdet har ført til at ressursbehovet samla sett har auka gradvis sidan oppstart. Dette gjeld både saksbehandling og administrative oppgåver. Ved utgangen av 2014 arbeidde fire saksbehandlarar fulltid med saker og oppgåver på fagområdet, og det blir no brukt interne ressursar til administrative oppgåver tilsvarande omlag eitt årsverk. Vi har også hatt ein person i eit tre månaders engasjement, og tre sommarvikarar for hjelp til konkrete oppryddings- og oppfølgingsoppgåver. Samla sett har vi forsøkt å nytte alle tilgjengelege ressursar på verjemålsområdet mest mogleg effektivt, for å innfri resultatkrava i embetsoppdraget.

I løpet av 2014 har vi lagt vekt på å sikre at saksbehandlarane har nødvendig kompetanse, men vi vil bruke noko meir tid på å vidareutvikle denne kompetansen. Vi har også prioritert å delta på begge fagsamlingane i regionnettverket som vi er ein del av. Samlingane har vore svært nyttige for faglege avklaringar og erfaringsutveksling mellom embeta. Det er også positivt at Statens sivilrettsforvaltning sine avgjerder i klagesakene er tilgjengelege gjennom Lovdata. Dette har medverka til raske faglege avklaringar.

Vi har også jobba aktivt for å få på plass gode interne rutinar for arbeidet på verjemålsområdet. Vi har etablert ei telefonvaktordning, og vi har utarbeidd interne rutinar for behandling av ulike sakstypar. Vi har eit tett samarbeid med administrasjonsavdelinga om viktige administrative oppgåver (økonomi, sentralbord og postmottak/arkiv). Gode rutinar er avgjerande i den krevjande situasjonen vi er i for å sikre ei god oversikt og mest mogleg effektiv behandling av sakene på verjemålsområdet.

Fylkesmannen fører ei manuell oversikt over alle sakene på verjemålsområdet (restanseliste). Lista gir oss god oversikt over sakene, og dannar grunnlaget for prioritering og fordeling av saker. Vi har faste møte kvar fjortande dag, der vi gjer opp status og blir samde om prioriteringar framover. Vi har også ei intern kvartalsvis rapportering

til embetsleiinga, og arbeidsmøte ved behov. Vi vurderer at vi har lagt til rette for ei effektiv styring av verjemålsområdet.

Tilstand og særlege risikomoment i den lokale verjemålsforvaltninga

Samla sett vurderer vi at tilstanden i den lokale verjemålsforvaltninga er god. Dette skuldast i hovudsak at vi har bygd opp meir kompetanse og fått på plass gode rutinar og system for saksbehandling og møte med publikum.

Tal på saker som gjeld heilt eller delvis fråtaking av rettsleg handleevne og som blir sendt tingretten

Vi har førebels ikkje hatt saker som gjeld heilt eller delvis fråtaking av rettsleg handleevne, til behandling hos tingretten. Vi har sett i verk saksbehandling for å vurdere mogleg fråtaking av rettsleg handleevne i nokre saker, men alle desse sakene har løyst seg ved at det har blitt oppretta verjemål utan fråtaking av rettsleg handleevne.

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMSF	0	0
Sum	0	0

51.3 Forliksrådene

I 2014 har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved tre tilfelle oppnemnt setjemedlemmar til to ulike forliksråd for eitt enkelt høve, jf. domstollova § 59. Vi har også gitt rettleiing ved spørsmål kring forliksråda. Vi har ikkje hatt tilsynssaker i løpet av året.

51.5 Tomtefesteloven

Vi har ikkje hatt saker etter tomtefestelova i 2014.

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

Vi har handsama 404 saker på rettshjelpsområdet i 2014. Dette talet inneheld også restansane som vart overførte frå 2013. I tillegg har vi handsama 59 saker for Kontrollkommissjonen. Ved årsskiftet hadde vi ein restanse på 21 saker.

Talet på innkomne saker i 2014 har gått ned samanlikna med 2013. Vi fekk inn 458 saker i 2013, mot 397 i år. Tala inkluderer ikkje restansane som vart overført frå eitt år til det neste. Vi har sendt kvartalsvise rapportar til Statens sivilrettsforvaltning i tråd med embetsoppdraget. Rapportane inneheld detaljerte opplysningar om sakstypar og kor mykje vi har utbetalt i salær i løpet av året.

I 2014 har vi fått 13 klager på rettshjelpsområdet. Ei av klagene tok vi til følgje, medan to av klagene vart trekte før dei vart realitetshandsama. Ti av sakene vart sende til Statens sivilrettsforvaltning for klagehandsaming. Klageinstansen har stadfesta åtte av vedtaka, medan to vedtak vart omgjorde.

Ein av sakshandsamarane deltok på det årlege rettshjelpsseminaret i regi av Statens sivilrettsforvaltning.

52.3 Navneloven

Vi har ikkje hatt klagesaker på dette området i 2014.

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

Embetet har tre faste årsverk som er dedikert til arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Ein av medarbeidarane slutta i løpet av året, og det gjorde at det var tilsvarende redusert kapasitet i om lag fire månader i 2014.

Vi hadde styringsdialogmøte med DSB 27.11. I referatet etter møtet går det fram to punkt vi skal følge opp:

a) DSB anbefaler FMSF å vurdere antall årsverk dedikert til samfunnssikkerhetsarbeidet.

Som nemnt brukar vi i utgangspunktet tre faste årsverk på samfunnstryggleik og beredskap. I tillegg er embetsleiinga tett involvert i området, og vi nyttar ressursar frå leiargruppa, IT-drift og kommunikasjon både under kriser og i øvingar. På den andre sida har beredskapseininga også ansvar for oppgåver under Kongehuset, men her har det vore liten ressursbruk siste åra.

Samla meiner vi at vi legg inn meir ressursar i beredskapsarbeidet enn dei tre faste årsverka vi tek utgangspunkt i. Ut frå tildelinga til embetet i 2015 har vi ikkje rom for å leggje inn fleire faste ressursar på området. Likevel arbeider vi jamleg med å heve nivået på beredskapsarbeidet i embetet, ved å involvere tilsette som i utgangspunktet har andre arbeidsoppgåver.

b) DSB ber FMSF holde trykket oppe i innføring av nytt gradert samband så dette blir innført og tatt i bruk i henhold til planen.

Vi har installert ustyret for det graderte sambandet, men har fått beskjed om at det kan ta noko tid før formell godkjenning er på plass. Så langt vi veit skuldast ikkje dette manglande oppfølging frå oss. Elles ventar vi på tilbod om kurs som er tilpassa fylkesmennene.

53.1 Oversikt over risiko og sårbarhet

Fylkes-ROS vart ferdigstilt og publisert i april 2013. Fylkesberedskapsrådet var ein viktig medspelar i arbeidet med analysen, og med å lage ein oppfølgingsplan. Status og oppfølging av planen har sidan vore fast tema på møta i fylkesberedskapsrådet. Det vesentlege av tiltak i planen er følgt opp.

Utanom etatane og organisasjonane i fylkesberedskapsrådet, var fleire kommunar og ein del regionale og nasjonale aktørar (t.d. Fjord1, Avinor og Norkring) involvert i arbeidet med analysen.

For Fylkesmannen er fylkes-ROS ein viktig del av grunnlaget for vår eiga beredskapsplanlegging. Analysen er òg svært nyttig som grunnlag for informasjon og presentasjonar om samfunnstryggleik. Fylkes-ROS vert brukt som eit viktig kunnskapsgrunnlag for val av scenario for øvingar i fylket.

53.3 Samfunnsplanlegging

Ein av hovudstrategiane for samfunnstryggleiksarbeidet vårt er å bidra til trygg arealforvaltning. Vi legg vekt på å rettleie kommunane om korleis dei kan ivareta omsynet til risiko og sårbarheit på ein best mogleg måte.

Vi rettleier kommunane om korleis arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap kan integrerast i planarbeid, og i den kommunale verksemda elles. Møtestader for dette er t.d. rettleiingsmøte, konferansar og høyringsfråsegner til konkrete planar.

Vi samarbeidde med NVE om eit planseminar over to dagar, der tema var "naturfare, klimaendringar og arealplanlegging". I alt 22 av 26 kommunar deltok på seminaret. Desse problemstillingane vert jamleg tekne opp med kommunane i tilknytning til konkrete plansaker, til dømes gjennom møta i planforum.

Samfunnstryggleik er fast tema i fråsegnene våre ved oppstart av planar. Vi har gått gjennom alle kommuneplanane, og hovudtyngda av reguleringsplanane, som har vore på høyring. Vi har varsla og nytta motsegn i dei tilfella vi har meint at samfunnstryggleiksomsyn har vore vesentleg sett til side.

Vi nytta motsegn mot tre kommuneplanar (arealdelen) fordi ROS-analysen har hatt manglande eller mangelfulle vurderingar av ulukkesrisiko, risiko for brann og klimaendringar. Dette er tema som òg går igjen i mange av merknadene som vi har hatt til planar som har vore på høyring.

I fråsegner til oppstartvarsel for planar seier vi alltid at konsekvensar av klimaendringar må vere ein del av risiko- og sårbarheitsanalysen, og at vi vil kunne bruke motsegn dersom planen ikkje syner kva vurderingar som er gjorde. Vi har tidlegare laga ei sjekklister for korleis omsynet til klimaendringar kan integrerast i ROS-analysen. Denne vart oppdatert i 2014 og er gjort tilgjengeleg for kommunane.

I alt 18 av 26 kommunar opplyser å ha utarbeidd mål og strategiar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap (ifølgje DSB si kommuneundersøking for 2014). Tolv kommunar har formulert mål og strategiar for samfunnstryggleik og beredskap i kommuneplanen. Resten har gjort dette i andre styrande dokument, som kommunedelplan eller temaplan for samfunnstryggleik og beredskap.

I alt 14 kommunar opplyser å ha laga plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskapsarbeidet. Alle kommunane har ein beredskapsplan for handtering av uønskte hendingar.

Vi har rettleidd kommunane om korleis dei kan gjennomføre heilskapleg ROS-analyse, og om statlege forventningar til arbeidet. Arenaer for rettleiing har vore konferansar, møte og fråsegner til overordna planar i kommunane. Vi har medverka på oppstartsmøte for arbeidet med heilskapleg ROS-analyse i alle kommunar som har ønskt vår deltaking. Det har òg vore eit naturleg tema i rettleiingsmøta vi tilbyr kommunane i etterkant av tilsyn, og vi gjennomførte fem slike møte i 2014. Heilskapleg ROS-analyse har òg vore tema i samband med evalueringar av uønskte hendingar, og i samband med beredskapsøvingar.

53.4 Tilsyn

Vi hadde tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i fem kommunar i 2014. Tema var sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15, og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Vi fann avvik under fire av tilsyna.

I samband med tilsyna meiner vi å ha sett tydelege positive resultat av læringsnettverket som vi gjennomførte for ni kommunar i 2012 og 2013.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Beredskapsforberedelser og regional samordning

Det årlege møtet i fylkesberedskapsrådet vart halde i februar. Tema var m.a. omorganiseringane i politiet, brannvesenet og dei prehospitala tenestene i heleføretaket. Sambandsberedskap vart òg teke opp, både utbygginga av naudnett og tiltak for å redusere sårbarheita ved bortfall av ordinært samband. Andre viktige tema var dei førebelse erfaringane etter storbrannen i Lærdal, og tryggleik i vegtunnelar. Rådet gjekk òg gjennom status i tiltaksplanen for oppfølging av fylkes-ROS.

Vi har delteke i arbeidet med å få på plass avtalar om helseberedssamarbeid mellom Helse Førde og kommunane. Avtalane vil vere eit viktig grunnlag for det praktiske samarbeidet om beredskap mellom dei to nivåa i helsevesenet. Tema i prosessen har m.a. vore varsling, øvingar og samarbeid om krisehandtering ved bortfall av kritisk infrastruktur.

Vi har gjennomført ulike tiltak for å rettleie kommunane i arbeidet med beredskapsførebuingar og -planverk. Ved alle tilsynsmøta har vi lagt inn eit rettleiingsmøte i tillegg. I juni hadde vi ein eigen CIM-dag for kommunane. Vi arrangerte eit kurs i krisekommunikasjon for ordførarane i september, og i november samarbeidde vi med Helsedirektoratet om ein øvings- og seminar dag. Dei fleste kommunane deltok på denne.

Gjennom KDS har vi god dialog med kraftnæringa, og vi har m.a. delteke på møte i Kraftforsyningens beredsskapsorganisasjon (KBO) i fylket.

Vi er pilotfylke i prosjektet "Førsterket ekom", og har samarbeidd godt med Post- og teletilsynet om gjennomføringa av tiltaka.

Forsvaret (HV) og dei frivillige organisasjonane er blant medlemmane i fylkesberedskapsrådet. Vi har god dialog med Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK), og hadde m.a. foredrag på DNK sin nasjonale brukardag i april.

54.2 Fylkesmannens beredskapsarbeid

Vi har vore tungt involvert i handteringa av fleire uønskte hendingar i løpet av året (sjå pkt. 55.1), og vi har formidla ei rekkje varslingsmeldingar til kommunane og andre aktørar.

Beredskapsplanen er ajour. Vi gjer oppdateringar i CIM etter kvart som det skjer endringar i kontakt- eller nøkkelpersonar i kommunane, eller hjå andre av samarbeidsaktørane våre. Tilsette i embetet som har roller og oppgåver i kriseorganisasjonen, har kompetanse i bruk av CIM som er tilfredsstillande for å kunne ivareta dei aktuelle arbeidsoppgåvene.

Vi har jobba med innføringa av det nye graderte sambandet, og vi har følgd opp forventingar og krav etter kvart som vi har fått dei frå Forsvaret.

Vi har oppnemnt kontaktperson til å bistå Kystverket med miljøfagleg kompetanse i tilfelle akutt forureining.

54.4 Øvelser

Store delar av Fylkesmannen sin beredskapsorganisasjon var med på øvings- og seminar dagen for kommunane, som vi i november skipa til i samarbeid med Helsedirektoratet. Mange av dei mest sentrale aktørane i fylkesberedskapsrådet deltok òg, og var nyttige medspelarar i diskusjonane under øvingssekvensane.

Vi er medlem av det regionale øvingsutvalet (leidd av politiet). Vi har vore ein aktiv pådrivar for å forbetre strukturen i utvalet sitt arbeid, m.a. gjennom å få på plass ei nytt og tydelegare mandat.

Fylkes-ROS ligg til grunn for val av scenario for både øvingar i regi av øvingsutvalet, og øvingar som vi har arrangert sjølv. Gjennom både fylkesberedskapsrådet og øvingsutvalet har vi vore pådrivar for å få inn funn og tilrådingar frå evalueringar etter reelle hendingar og øvingar som øvingsmoment og -mål. Det gjeld t.d. organiseringa og samvirket i leiinga av krisehandteringa, og utfordringar knytt til vanskelege sambandsforhold.

Vi har gjennomført samarbeidsmøte med distriktssjefen i Siviltforsvaret, og har vore ein pådrivar for å utnytte kompetanse og ressursar i Siviltforsvaret til å støtte øvingsaktivitetar i kommunane.

Gjennom øvingsutvalet deltek vi i arbeidet med å lage og oppdatere den fleirårige planen for samvirkeøvingar, og vi har ein intern plan for våre øvingar for kommunane.

Involveringa i fleire reelle uønskete hendingar i løpet av året har i seg sjølv vore gode øvingar for kriseorganisasjonen i embetet, og øving i samvirke mellom Fylkesmannen og etatane og organisasjonane i fylkesberedskapsrådet. Utanom diskusjonsøvingane for kommunane i november, var siste øving som Fylkesmannen og fylkesberedskapsrådet deltok i saman, i oktober 2012 (øving Orkan i regi av NVE).

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Håndtering av uønskete hendelser

Vi har lenge hatt ein heller låg terskel for å involvere oss i ekstraordinære hendingar som skjer i fylket, eller på andre måtar har regionale konsekvensar. Over tid har nok det gjort at kommunane, regionale beredskapsaktørar og media tek raskt kontakt med oss når det skjer uønskete hendingar. Vi har gode erfaringar med å kalle saman fylkesberedskapsrådet, eller deler av det, som ein del av krisehandteringa.

Brannen i Lærdal i januar var den mest omfattande hendinga som vi var involvert i i 2014. Det har òg vore omfattande arbeid med oppfølginga av hendinga i ettertid, både gjennom evaluering av krisehandteringa og prosessen knytt til det økonomiske oppgjeret. Vi har òg hatt mange spørsmål om å dele erfaringane våre frå hendinga (møte, konferansar, kurs m.v.). Andre hendingar som kravde mykje arbeid var terrortrusselen (juli), ekstremvêret Lena (august) og flaumen i Indre Sogn i oktober, der vassmassane tok seks hus og tre bruer i Flåm.

Utfall av ekom i ulike delar av fylket har gjentekne gonger kravd oppfølging (varsling, rapportering m.v.) frå oss.

I dei litt større hendingane har dei viktigaste oppgåvene vore å støtte kommunane si krisehandtering, og å vere bindeledd for informasjon mellom naudetatane og andre. Vi har òg vore initiativtakar til breie, tverretatteleg evalueringssprossar etter fleire av hendingane. Vi har teke initiativ til ei systematisk oppfølging av funn og tilrådingane frå fleire større evalueringar (brannen i Gudvangatunnelen, trippeldrapet på Valdresekspressen og brannen i Lærdal). Vi har samarbeidd med politiet, Helse Førde og alarmsentralen om dette.

Talet på varslingar er veldig høgt, særleg frå jordskredvarslingstenesta og flaumvarslingstenesta i NVE. Vi meiner at det er ein reell fare for at systemet for styresmaktvarsling vert svekka av ein "ulv-ulv"-effekt, og har teke opp dette med både NVE og DSB.

Mange av varslingane og handteringa av uønskte hendingar har skjedd utanom ordinær kontortid (kveldar og helger). Dette krev at dei tilsette er tilgjengelege og villige til å stille opp, og påfører òg embetet auka kostnader i form av overtidsbetaling.

Vi har fått mange gode tilbakemeldingar på måten som vi har handtert oppgåvene på.

Vi brukar aktivt krisestøtteverktøyet CIM i krisehandteringa, både til loggføring, varsling og rapportering. Rapportering til nasjonale styresmakter er gjennomført når dette er pålagt, eller når vi har funne det nødvendig.

Ressursrapportering

På resultatområde 512 verjemål har det vore ein stor auke i ressursbruken. Årsaka til dette er at 2014 var første heile driftsåret. Bemanninga har gjennom året auka for å klare å handtere alle oppgåvene som skal løysast. Vår vurdering er at ressursbruken vil auke i 2015 når vi får heilårsverknad av årsverka vi har på området.

Fri rettshjelp differanse 300.000

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 1 501,00	kr 3 709 525,33
52.1 Fri rettshjelp	kr 495 635,88	kr 20 135,83
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 760 390,72	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 719 854,08	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 409 682,20	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 3 400,00	kr 0,00
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 2 390 463,00	kr 3 729 661,00

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Resultatområde 60 Ledelse, virksomhetsstyring og administrasjon

60.1 Helhetlig ledelse og virksomhetsstyring

Heilskapleg og strategisk leiing

Vi gjennomførte tre felles leiarmøte mellom avdelingsleiarane og mellomleiarane i 2014, etter idé frå Fylkesmannen i Hordaland. I desse møta legg vi vekt på saker som gjeld budsjett, personal og årsplanlegging. Elles har vi faste leiarmøte for leiargruppa annankvar måndag.

I september gjennomførte vi ei felles leiarsamling med Fylkesmannen i Hordaland og Rogaland. Tema for samlinga var korleis vi kunne samarbeide opp oppgåveløysinga framover. Arbeidet skal evaluerast hausten 2015.

Risikovurderingar

I 2014 reviderte og risikovurderte vi mål- og strategiplanen vår. Rapportering som gjeld embetsprosjekt, avdelingsprosjekt og verksemdkritiske område, har vi som sak i leiarmøtet kvart kvartal. Dei utvalde verksemdkritiske områda følgjer vi opp vidare i 2015. Vi ser at vi framleis brukar ein del tid på risikovurderingane våre, og vi er nok ikkje komne heilt i mål med korleis vi skal arbeide med dette. Det er ikkje lett å finne ein balanse mellom tidsbruk og nytteverdi. Samstundes opplever vi at Riksrevisjonen etterspør dokumentasjon av risikovurderingar på stadig fleire område, med tilvising til reglementet om økonomistyring i staten. Oppdraget vårt på området er generelt formulert i tildelingsbrevet. Vi meiner det vil vere føremålstenleg om oppdraget vert meir konkret. Vi vil leggje til at vi sjølvsgatt alltid har eit blick både på korleis vi løyser

oppgåvene våre, og kva som fungerer bra og mindre bra i organisasjonen, utan at vi brukar den meir omfattande systematikken for risikovurderingar.

Læring og erfaringsutveksling på tvers

Vi gjennomfører årleg to store samlingar der alle tilsette er inviterte, ei samling tidleg på sommaren og ei i november. Dei siste åra har svært mange tilsette delteke. I desse samlingane legg vi vekt på å erfaringsutveksling og læring på tvers. I 2014 laga vi gruppearbeid om arbeidslyst og korleis arbeide vidare med tidstjuvane. Vi ser at vi har stor nytte av dei tilbakemeldingane frå dei tilsette.

I 2014 har vi halde fram med tiltak for å få til betre samarbeid på tvers av avdelingane. Resultat frå medarbeidarundersøkinga i haust viser lita endring på svar om samhandling på tvers og kjennskap til arbeid utanom eige fagområde. Vi meiner likevel at vi har att for å legge til rette for samhandling på tvers, og kjem til å halde fram arbeidet. Døme på tiltak er felles avdelingsmøte og lunsjmøte med innhald som høver for alle.

60.2 Mangfold og likeverd

Vi reviderte den lokale IA-avtalen i 2014. Den nye avtale er gjeldande til 2018.

Målet er at sjukefråværet i embetet skal vere under 4 prosent. I 2014 var det 3,4 prosent medan det var 4.12 prosent i 2013. Vi nådde såleis målet i 2014, og vi gjennomførte desse tiltaka:

Vi brukar bedriftshelsetenesta aktivt, både i førebygging og i oppfølging av sjukemelde. I 2014 gjennomførte BHT helsekartlegging av alle tilsette. Rapporten er ikkje klar enno, så oppfølgingstiltak er ikkje avklara. Vi oppmodar tilsette om å vere fysisk aktive, og har hatt tilbod om felles trening ein gong i veka der embetet dekkjer kostnadane til instruktør og hall. Vi refunderer også ein del av treningsavgifta til dei som har medlemskap i treningssenter e.l.

I 2014 har vi hatt fleire sosiale arrangement som er med å på å auke trivsel og bidra til eit godt arbeidsmiljø. Mellom anna har vi hatt personalsamling, julebord, matlagingskurs og deltaking på diverse lokale idrettsarrangement. Sjukefråvær er elles tema både i AMU og i leiargruppa kvart kvartal.

I den lokale IA- avtalen har vi ikkje eigne måltal for integrering av medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Hovudmålsettinga vår er å legge til rette for at alle tilsette skal kunne halde fram i arbeid, heilt eller delvis. Både den tilsette sjølv og leiar har ansvar for tilpassing av arbeidsmengda. Stillingsprosent er lagt inn som eit fast spørsmål i malen for medarbeidarsamtale, og skal vurderast årleg. Tilsette med mellombles redusert arbeidsevne får permisjon utan løn, der målet er å kunne gå opp att i full stilling på sikt.

Vi har mål om at gjennomsnittleg avgangsalder er minimum 65 år. Det var ingen tilsette som gjekk av med AFP eller alderspensjon i 2014. Vi har ein livsfasepolitikk ved å ha fleksibilitet for alle tilsette, noko som og kjem seniorane våre til gode. Vi har difor valt å ikkje avtale ekstra fridagar for seniorane, eller ha andre tiltak som er retta spesielt mot denne gruppa. I medarbeidarsamtalen blir tilsette over 60 år spurde om kva dei meiner er viktig for å halde fram i jobben fram til pensjonsalder. Dei får og tilbod om senior- eller pensjonskurs i regi av Statens pensjonskasse.

I løpet av 2014 hadde vi tre personar i arbeidspraksis, der to av desse var under 30 år. Dette har vore praksisplassar i samarbeid med NAV, med personar som hadde behov for å prøve ut arbeidsevna si. I IA- avtalen har vi fastsett mål om å alltid å ha minst ein person i arbeidspraksis. Vi opnar opp for fleire prakiskandidatar dersom det er praktisk mogeleg, og vi har relevante oppgaver for vedkommande.

Vi hadde ein lærling som fullførte fagbrevet sitt i desember 2013, men vi har ikkje hatt lærling i 2014. Vi planlegg å ta inn ein IKT-lærling i 2015.

Lønn

		Kjønnsbalanse			Lønn	
		m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)
Embetsledelse/direktør	2014	50,0	50,0	100	100	90,9
	2013	50,0	50,0	100	100	91,7
Seksjonssjef/ass. direktør	2014	62,0	38,0	100	100	114,9
	2013	71,0	29,0	100	100	110,4
Saksbehandler I	2014	56,0	44,0	100	100	99,2
	2013	65,0	35,0	100	100	102,1

Saksbehandler II	2014	25,0	75,0	100	100	101,5
	2013	34,0	66,0	100	100	99,7
Kontorstillinger	2014	0,0	0,0	0	100	99,9
	2013	38,0	62,0	100	100	103,2
Fagarbeiderstillinger	2014	0,0	100,0	100	100	100,0
	2013	0,0	100,0	100	100	100,0
Unge arb.takere inkl lærlinger	2014	0,0	0,0	0	100	0,0
	2013	100,0	0,0	100	100	0,0
Totalt i embetet	2014	38,6	61,4	500	100	100,6
	2013	51,1	48,9	700	100	100,4

Deltid

		Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
		M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2014	11,0	89,0	40,0	60,0	7,0	93,0	22,0	78,0
	2013	13,0	87,0	86,0	14,0	27,0	73,0	25,0	75,0

Ansatte

2014	Ledere med personalansvar			Medarbeidere			Lønn	
	M%	K%	Totalt	M%	K%	Totalt	M%	K/M i %
FMSF	54,5	45,5	11	35,0	65,0	120	100	91,8

60.3 Informasjonssikkerhet og IKT

IKT-seksjonen vår har i 2014 vore aktive i arbeidet med IKT og informasjonstryggleik. Embetet har løpande oppdatert IKT-tryggleiksinstruksen. Alle IKT-løysingar vi er med på å etablere, vert ROS-analyserte. Mellom anna blir behandling av personopplysingar vurdert. Som i 2013 gjennomførte embetet eigen tryggleiksdag i samarbeid med sikkert.no, der vi hadde føredrag frå Datatilsynet.

Vi har vore aktive i arbeidet med lisensteljing, og er representert i eiga gruppe som samordnar arbeidet. Vi er òg representert i arbeidet med ny IKT-strategi for KMD. Tre personar har delteke i driftsgruppene knytt til FMHE/FRI og drift av sentrale løysingar.

60.4 Embetsspesifikke oppdrag på IKT-området

Status

FM-nett og alle embetsvise intranett vart i 2014 levert frå Portalprosjektet til Trippelnett. Arbeidet med å flytte alle nettsider til ny publiseringsløysing (EPiServer) vart som planlagt gjennomført innan 31.12.2014, og publiseringsløysinga Digimaker er no fasa ut.

Vi har starta førebuingsarbeidet for komande versjonsoppgradering av fylkesmannen.no, som vil sikre at løysinga Trippelnett baserer seg på felles systemversjon med identiske brukargrensesnitt.

Fylkesmennes skjemaavtale med More er erstatta med Prokom, og alle More-skjema vart tekne ut av produksjon innan 31.12.2014. Det er informert om dette, og alle embeta har fått tilbod om opplæring i nytt skjemaverktøy.

Driftsavbrot

Trippelnett har i 2014 hatt ei oppetid på 99,62 %. Normale driftsrutinar har vore følgde, og talet inkluderer varsla nedetid i samband med planlagt vedlikehald og oppgraderingsarbeid. Vi arbeider systematisk med tryggleiksarbeid, og har i 2014 ikkje hatt nedetid som følgje av svikt i tryggleiken.

Gjennomførte og planlagde aktivitetar

Flytting av nettsider til EPiServer vart som planlagt gjennomført innan 31.12.2014, og vi har starta opp førebuingsarbeidet for komande versjonsoppgradering av fylkesmannen.no. Trippelnett vil nytte styret i fylkesmennes kommunikasjonsforum som referansegruppe for dette arbeidet, som vi vonar vert fullført innan utgangen av andre kvartal 2015.

Nye fylkesmannen.no vil dra fordel av utviklingsarbeidet som tidligare er utført på prosjektsider, intranett og FM-nett. Oppgraderinga vil samstundes sikre at framtidig drift, forvaltning og vidareutvikling av løysinga Trippelnett

vert handtert på felles systemversjon med identisk brukargrensesnitt.

Difi utførte hausten 2014 eit prøvetilsyn av universell utforming på fylkesmannen.no. Vi ser det som viktig at nettstaden er best mogleg tilpassa ulike målgrupper, og vil difor innarbeide funn og tilrådingar frå prøvetilsynet i den føreståande oppgraderinga av fylkesmannen.no.

Difi har samstundes varsla at dei frå 2015 vil kvalitetsvurdere både offentlege nettstader og innhaldet i digitale tenester. Vi ser difor svært positivt på at KMD har etablert ei eiga arbeidsgruppe for digitale tenester. Vi ser på det som ei vidareføring av Portalprosjektet, og vonar at det gir både enklare tilgang til eksisterande tenester og etablering av nye digitale løysingar.

Vi har også redaktøransvaret for innhald og nyhende på fylkesmannsportalen. Kjernetekstane på portalen blir fortløpande oppdaterte, anten på eige initiativ eller etter innspel frå embeta. Nokre gonger har det vore nødvendig å gjere større endringar i tekstar og struktur. I slike tilfelle har vi trekt inn styret i kommunikasjonsforum og/eller sendt nye tekstar på høyring i alle embeta. Framsida på portalen blir oppdatert med nyhende ein eller fleire gonger i veka.

Utfordringar

Trippelnett har ansvaret for å etablere lulesamiske kjernetekstar. Dette har vist seg å vere ei utfordrande oppgåve på grunn av avgrensa fagmiljø innan lulesamisk. Vi viser til rapportering per august 2014 med eigen statistikk for bruken av samiske språk.

Etter fleire krevjande år med til dels store avvik mellom forventningar frå embeta og kapasiteten vår på Trippelnett, ser talet på saker til vårt støttesystem ut til å ha normalisert seg i løpet av 2014.

Når det gjeld ressurstilgang er det frå både KMD og vår side ønskjeleg at vi i 2015 i større grad konkretiserer og samstemmer oppgåveporteføljen med tildelingssummar og faktiske kostnader. Etter vår vurdering er det ikkje knytt særskilte tekniske utfordringar til drift og forvaltning av tenesta Trippelnett.

Føreståande versjonsoppgradering av fylkesmannen.no vil verte arbeidskrevjande for Trippelnett, men det vil samstundes opne for å kunne ta i bruk nye løysingar og meir fleksible funksjonar på nettstaden. Nye løysingar for biletbehandling, blogg og diskusjonsforum er nokre av dei moglegeheitene vi vil sjå på i 2015.

Vi har publisert embetsoppdraget for 2015 i ny løysing, og ønskjer også å etablere nye løysingar for ressursrapportering og årsrapport. Vi ventar på tilbakemelding frå KMD om korleis dette skal arbeidast vidare med.

Resultatområde 61 Samordning og modernisering i kommunene

61.1 Kommunerettet samordning

Dei faste fellesmøta vi har hatt med kommunane dei siste åra, vart i 2014 endra til møte med kommunane om kommunereforma. Alle 26 kommunar fekk tilbod om at Fylkesmannen kom og presenterte kommunereforma for kommunestyret. Vi gjennomførte 17 slike møte hausten 2014. I tillegg vart nokre møte sett opp på nyåret 2015.

I tillegg til dette har vi møtt kommunane enkeltvis ved behov. Vi ser føre oss at vi på sikt vil ta opp att møteforma der vi samlar tre til fem kommunar og tek opp overordna problemstillingar til felles diskusjon, to gonger kvar valperiode. Så lenge kommunereforma er i full gang, har verken vi eller kommunane kapasitet til denne typen møte.

Den tverrfaglege interne gruppa for samordning av informasjon og felles tiltak i samhandlinga med kommunane (kommunegruppa) har i 2014 hatt tre møte. Gruppa har ansvar for at det interne kommunebiletet (tverrfagleg overordna informasjon om kvar kommune) er oppdatert, arrangerer den interne kommunedagen og evaluerer samhandlinga med kommunane.

Vi har to faste kontaktmøte per år med KS i tillegg til den løpande kontakten.

Fylkesmannen gjennomførte den årlege kommunekonferansen 19. og 20. mai. Hovudtema for konferansen var næringsutvikling, bulyst og framtidens kommunestruktur.

Haustsamling for rådmennene i samarbeid med KS, måtte avlysast på grunn av stengde vegar som følgje av skred.

Fylkesmannen har faste leiarmøte med Nav og statleg leiargruppe.

Forsking og utviklingsprosjektet *Rapporteringskrav mot kommunane: eit nedanfrå og opp prosjekt* vart starta opp i 2013. Samarbeidspartar i prosjektet er Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, KS, Nav, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning. Målet er fornying og effektivisering i dagens rapporteringsregime.

61.2 Modernisering i kommunene

I 2014 delte vi ut til saman 5,5 mill. kroner av skjønnsmidlane til omstilling og fornying i offentleg sektor. Vi hadde to utlysningar, og det kom inn til saman 37 søknader til ulike prosjekt. Elleve av søknadene fekk ikkje midlar av di dei ikkje kom inn under kriteriana for tildeling. Vi prioriterte søknader innanfor:

- digital forvaltning
- samfunnsutvikling og lokaldemokrati, til dømes innanfor interkommunalt planarbeid, folkehelse, samfunnstryggleik og beredskap, integrering, rekruttering og velferdsteknologi
- etikk, styrka eigenkontroll og heilskapleg styringssystem
- tverrfagleg samarbeid mellom tenester for barn og unge

Fylkesmannen har oppretta eit arbeidsutval for arbeidet, der KS-leiaren i fylket er med som rådgjevar. Vi krev 50 prosent eigenfinansiering frå kommunane ved tildeling av midlar. Vi legg vekt på at kommunane spreier informasjon om ulike prosjekt som har fått fornyingsmidlar. Prosjekt har blitt omtalte og presenterte i møteplassar med kommunane.

Fram til og med 2013 samarbeidde vi med fylkeskommunen om tildelingar, der fylkeskommunen la inn regionale utviklingsmidlar i ein felles søknadsprosess. Etter at fylkeskommunen fekk vesentleg reduserte midlar til disposisjon i statsbudsjettet, trekte han seg ut av samarbeidet.

Eit prosjekt kalla meldingsløftet er kanskje det viktigaste resultatet av tildelingane av fornyingsmidlar i fylket siste åra. Meldingsløftet inneber at alle kommunar i fylket utvekslar pasientopplysningar elektronisk mellom legekontor, helse- og omsorgssektor og helseføretak. Både Riksrevisjonen og kontrollkomiteen i Stortinget har i 2014 kritisert at landet ligg eit stykke bak den nasjonale målsetjinga om å få meldingsutvekslinga på plass. I Sogn og Fjordane var prosjektet slutført i juni 2014. Prosjektet fekk i perioden 2007 til 2013 i alt 3 830 000 kr i tildeling, der fornyingsmidlane frå Fylkesmannen utgjorde 565 000 kr. Resten var regionale utviklingsmidlar frå fylkeskommunen. Alle kommunane i fylket var gjennom KS med på søknadene. IT-forum Sogn og Fjordane stod for prosjektansvaret med hjelp frå Vestlandsforskning.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Vi har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representerte. Føremålet med gruppa er å samordne Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane, og å samordne tilsyn frå andre tilsynsetatar med tilsyn frå Fylkesmannen. Vi har nytte av å utveksle erfaringar mellom avdelingar i embetet og mellom Fylkesmannen og andre tilsynsetatar ut over å samordne tilsynsaktivitet.

Kvart andre år i januar månad legg vi opp til utvida koordineringsmøte, der vi inviterer dei eksterne tilsynsetatane Mattilsynet og Arbeidstilsynet. I tillegg deltek sekretariata for kontrollutvala i kommunane. Kvart år møter vi sekretariata for kontrollutvala i kommunane.

På nettsida vår legg vi ut tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar. Ein gong i halvåret sender vi brev til alle kommunane med oversyn over tilsyn, forvaltningskontrollar, rettleingsmøte og andre møte med kommunane. Mattilsynet og Arbeidstilsynet får kopi av brevet.

Vi har eit godt samarbeid med dei andre tilsynsetatane, men det er ei utfordrande oppgåve å få til god koordinering og samordning av all tilsynsverksemd retta mot kommunane.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

I 2014 godkjende vi budsjett og økonomiplan for sju Robek-kommunar. I tillegg har vi gått gjennom budsjett og økonomiplanar for dei 19 andre kommunane.

Vi har handsama tre lånesøknader frå interkommunale selskap og seks kommunale garantisøknader. Alle desse vart godkjende. Vi har ikkje behandla saker om vedtekter for kraft og heimfallsfond.

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Ved utgangen av 2014 var Vik, Bremanger, Årdal, Lærdal, Selje, Askvoll og Høyanger registrerte i Robek-registeret. Dei tre siste kom inn i løpet av året. Selje vart innmeld etter kommunelova § 60 nr. 1 bokstav c og d, Askvoll etter bokstav d og Høyanger etter bokstav b.

Fylkesmannen har i 2014 hatt åtte møte med kommunar der økonomi var tema. Dette kjem i tillegg til den løpande kontakten vi har med alle kommunane i fylket.

Under rapporteringa til Kostra for 2014 følgde økonomimedarbeidarane tett opp kommunane. Kommunar som hadde mangelfull innrapportering, fekk påminningar anten per e-post eller ved telefonkontakt. Kostraskjema vart fordelte mellom avdelingane, og det vart knytt kontaktpersonar til dei ulike skjema.

Vi har eit eige økonominettverk i fylket, der økonomisjefar og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane i fylket deltek. Kommunerevisjonen er også godt representert i nettverket. I 2014 hadde nettverket *ei* samling. Tema var mellom anna kommunereforma, økonomiplanlegging og økonomistyring der ny rettleiar for økonomiplanen vart gjennomgått. I tillegg er statsbudsjettet, revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposisjonen faste tema på samlingane. Økonominettverket har eit eige område på nettsidene våre:

<http://fylkesmannen.no/SognogFjordane/Kommunalstyring/Kommuneøkonomi/Økonominettverket/>

Skjønnsmidlar 2014

Samla ramme for skjønnsmidlar i 2014 var 77,9 mill. kroner. Av dette delte vi ut 32 mill. kr som kompensasjon for auka sats for arbeidsgivaravgift og 6 313 000 kr som fornyingsmidlar. Resten, 39 587 000 kr, fordelte vi til kommunane ut frå ei vurdering av vanskeleg økonomi, frie inntekter og utgiftsbehov til språkdeling, ressurskrevjande tenester og anna.

Resultatområde 63 Kommunalrett, forvaltningsrett, kommuneinndeling og valg

63.1 Kommunalrett

Vi har gitt generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål. Det har særleg vore spørsmål om habilitet, i tillegg til organisering, innkalling og votering i kommunale organ. Vi har ikkje fått klager etter kommunelova § 60d fjerde ledd.

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMSF	3	2	1	0	0	0	2	0
Sum	3	2	1	0	0	0		

63.3 Kommuneinndeling

Vi har ikkje i 2014 behandla saker etter inndelingslova.

63.4 Valg

I 2014 har vi rettleidd kommunane i eit par spørsmål som gjaldt tolking av vallova. Vi har også lagt ut aktuell informasjon om val på nettstaden vår.

63.5 Forvaltningslovens og offentleglovas anvendelse i kommunesektoren

Vi har i 2014 behandla sju klagesaker som gjaldt manglande dokumentinnsyn etter offentleglova. To av klagen vart tekne til følgje. I tillegg hadde vi ei sak som vart avslutta utan vedtak, sidan underinstansen gav innyn medan saka var under klagebehandling. Vi fekk også åtte klager på manglande eller sein behandling av innsynskrav i underinstansen. Fem av desse klagen gjaldt same kommune.

Vi har behandla ei klagesak som gjaldt krav om dokumentinnsyn etter forvaltningslova. Klaga vart teken til følgje.

Resultatområde 66 Planlegging, bolig- og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Vi har handsama 113 byggjesaker i 2014. Talet var 116 for 2013. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for 2014 var 99 dagar per sak. Talet for 2013 var 90.

I 2014 fekk vi inn 66 saker frå eige fylke, medan talet på setjesaker var 40. Ved årsskiftet 2014/2015 hadde vi ein restanse på 23 saker, mot 30 ved årsskiftet 2013/2014.

IKT-seksjonen vår er i dialog med Kommunal- og moderniseringsdepartementet om vidareutvikling av SYSAM-løysinga. Vi har spelt inn praktiske erfaringar, utfordringar og behov til arbeidet.

Vi var ikkje innanfor fristen på tre månader saksbehandlingstid per 31.12.2014. I 2014 har vi hatt 50 saker over denne fristen. Blant desse sakene fordelte overskridinga seg slik:

- Avslutta innan 16 veker: 8 saker
- Avslutta innan 20 veker: 15 saker
- Avslutta innan 25 veker: 15 saker
- Avslutta innan 30 veker: 5 saker
- Avslutta innan 35 veker: 7 saker

Forlenging av saksbehandlingsfrist

Vi har avtalt fristforlenging i medhald av plan- og bygningslova § 21-8 i to saker. Behandlingsfristen vart einseitig forlenga av klageinstansen på grunn av "særlige tilfeller" i 16 saker. Vi har ikkje hatt saker i 2014 der vi har forlenga behandlingsfristen på grunn av undersøking på berrmark.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Vi har ikkje i 2014 fått klagesaker etter plan- og bygningslova kap. 16 eller søknader om samtykke til oreigning etter oreigningslova. Vi har heller ikkje fått søknader om førehandsovertaking. I spørsmål om oreigning har vi har rettleidd både kommunar og privatpersonar.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven og lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder

Vi har ikkje hatt slike saker i 2014.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	
Sum	0	0		

66.5 Planlegging og geodata

Plan- og dispensasjonssaker

Totalt fekk vi på høyring totalt 531 plan- og dispensasjonssaker i 2014. Ein del mindre dispensasjonssaker prioriterte vi ikkje å gje fråsegn til. Vi handsama totalt 484 saker i 2014.

Plangruppa har i år høgt prioritert rettleiing, informasjonsarbeid og kompetanseheving for kommunane. Mange kommunar arbeider med å revidere kommuneplanen, og vi har hatt eit vesentleg meirarbeid knytt til dette (inkludert deltaking i planforum). Vi har i 2014 brukt mykje ressursar på offentleg høyring av fleire kommuneplanar og kommunedelplanar.

Vi har eit godt tverrfagleg samarbeid på planområdet i embetet. Det er plangruppa på miljøvernavdelinga som koordinerer innsatsen. Frå 2015 får vi på plass fast plankoordinator.

Vi har fremja motsegn mot ti planar og klaga på fire dispensasjonsvedtak i 2014. Vi fremjar motsegner berre når det er vesentlege konflikter med nasjonale eller regionale interesser.

Vi har rapportert tala på behandla klagesaker tertialvis gjennom SYSAM-løysinga.

Resultatområde 68 Samepolitiske hensyn

Resultatområde 69 Partistøtte

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for drift, forvaltning og vidareutvikling av den elektroniske løysinga <http://partistotte.no>. Portalen har vore i drift sidan 25. november 2013, og 2014 var første driftsår.

All tilgang til portalen skjer ved at ein identifiserer er seg via ID-Porten. I løpet av januar månad var det om lag 2400 partilag på kommune- og fylkesnivå som hadde bede om rolle i portalen. Dette er eit godt resultat på den korte tida portalen har vore i drift.

Vi har ansvar for utbetaling av partistøtte til alle fylkes- og kommuneparti, og til ungdomsparti i fylka. I 2014 vart det utbetalt 117,8 mill. kroner i statstilskot til 2709 parti på kommune- og fylkesnivå. Tilsvarende tal for 2013 var 2780 parti og 119,8 mill. kroner. Rådata frå utbetalingane vert publisert på data.norge.no.

Frå 1. desember 2014 vart dei sentrale politiske partiorganisasjonane og dei sentrale ungdomsorganisasjonane oppretta i portalen. Dei kan då søkje om statstilskot i portalen på same måte som kommune- og fylkespartia. Dette fungerte greitt.

I lag med SSB og KMD gjennomførte vi informasjonsmøte 12. september 2014 for dei sentrale politiske partia. Vi orienterte om utbetaling av tilskot, erfaringar med portalen så langt og om utviklingsplan for portalen.

Alle fylkesmennsembeta og Partilovnemnda (medrekna revisorutvalet) er brukarar av løysinga. I tillegg kjem alle partilag som ønskjer å søkje om eller få utbetalt statstilskot.

Vi har rapportert til KMD om utvikling og status. Det er halde fem møte i 2014.

Ressursrapportering

I 2014 fekk vi KMD som nytt overordna departement, og det har ført til at ressursbruken har endra seg og nye resultatområde har kome til.

Resultatoområde 600 har erstatta resultatoområde 950. På resultatoområde 600 har vi i 2014 brukt meir ressursar enn i 2013. Årsaka til dette er at vi hadde fleire vakansar på stillingar i 2013 enn i 2014, vi bygde om Statens hus, vi lyste ut fleire stillingar enn i 2013, og gjennomførte samtidig nokre investeringar i samsvar med langtidsplanen for embetet.

604 kom til som nytt resultatoområde, og har vorte brukt til drift av Fritt Rettsråd og Trippelnett som er dei landsdekkande tenestene vi har ansvar for. Bruk av resultatoområde 604 skal redusere forbruk på resultatoområde 910. Når vi ser dei to resultatoområda i samanheng har vi brukt meir ressursar i 2014 enn i 2014 totalt sett. Årsaka til dette er drift av to publiseringsløysingar på Trippelnett.

Resultatoområde 620 kommuneøkonomi viser eit lægre forbruk i 2014 samanlikna med 2013. Vi har brukt mykje ressursar på kommunereforma i andre halvår 2014. Vi brukte interne ressursar for å dekke desse oppgåvene i påvente av nyrekruttering. Det har medført redusert forbruk på resultatoområde 620, og eit auka forbruk på resultatoområde 699.

Resultatoområde 660 viser ein vesentleg auke i ressursbruk. Årsaka til dette er at frå 2014 vart resultatoområde 121 og 660 slått saman til 660.

Resultatoområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 25 761 816,77	kr 0,00
Embetspesifikke landsdekkende oppgaver (f.eks. FRI og trippelnett)	kr 8 299 604,10	kr 0,00
62 Kommuneøkonomi	kr 502 279,82	kr 0,00
66 Planlegging, bolig- og bygningsrett	kr 4 161 749,70	kr 0,00
Andre oppgaver under KMD	kr 796 474,44	kr 328 511,28
Sum:	kr 39 521 924,00	kr 328 511,00

Arbeids- og sosialdepartementet

Resultatoområde 73 Sosiale tjenester

73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Vi har behandla 96 prosent av klagesakene etter sosialtenestelova innan tre månader.

Vi har gjennomført tilsyn med Kvalifiseringsprogrammet i fire kommunar.

Vi har arrangert ein fagdag for Nav-kontora om økonomisk stønad og ein om tenesta opplysning, råd og rettleiing. I tillegg har vi både vår og haust gitt tilbod om innføring i sosialtenestelova og forvaltningslova for nyttilsette i Nav. Andre tilsette i Nav har også vore velkomne på desse opplæringane.

Fylkesmannen er alltid, så langt det let seg gjennomføre, med på leiarsamlingane Nav Sogn og Fjordane har med Nav-leiarane. Her har vi ansvaret for delar av programmet og nyttar høvet til å ta opp ulike tema som vi meiner det er nødvendig eller nyttig å informere om eller drøfte. Døme er saksbehandling av søknader om sosiale tenester, Kvalifiseringsprogrammet og tenesta opplysning, råd og rettleiing. I tillegg har vi formidla resultat og erfaringar frå tilsyn som vi har gjennomført på desse områda.

73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Rådgevarar hjå Fylkesmannen og hjå Nav Sogn og Fjordane har hatt eit tett og godt samarbeid kring felles kompetanseplan for Nav-kontora. På denne måten sikrar vi at alle satsingsområde vert presenterte og gjort kjende for dei tilsette. Vi sikrar også samordning og koordinering. Vi har hatt samarbeidsmøte minst ein gong i månaden. I tillegg deltek Fylkesmannen på alle leiarsamlingar i Nav.

I fellesskap arrangerer Fylkesmannen og Nav Sogn og Fjordane ein gong i månaden fylkesdekkande fagdagar for Nav-kontora. Her tek vi opp sentrale tema som gjeld både kommunale og statlege tenester i Nav.

Fylkesmannen og Nav fylke har samarbeidd tett med å implementere Veiledningsplattformen i Nav-kontora. Vi har delteke aktivt ved å bidra med personell i grupperettleinga. Vår rådgjevar hadde hausten 2014 ansvar for rettleiing av tre grupper med rådgjevarar frå tre Nav-kontor.

Fylkesmannen har ytt tilskot til Nav-kontor i samband med deltaking på "Mulighetskonferansen i Nav 2014". Åtte Nav-kontor søkte og fekk tilskot.

I lag med Høgskulen i Sogn og Fjordane har vi arrangert tverrfagleg konferanse i rettleiing med 110 deltakarar frå ulike fagfelt.

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Fylkesmannen og Nav fylke har felles kompetanseplan for Nav-kontora, og har arrangert fagdagar om lag ein gong i månaden. «Arbeidsevnevurdering», «Kvalitet i brukarmøtet» og «Tiltak og verkemiddel» er døme på tema vi har hatt på slike fagdagar for Nav-kontora.

Rådgjevarar frå Fylkesmannen og Nav fylke har hatt møte om lag ein gong per måned for å planleggje samlingar og styrke samarbeidet.

Kvalifiseringsprogrammet har vore tema på leiarsamling i Nav, og erfaringar frå tilsyn er presenterte der.

Vi har gitt alle Nav-kontor tilbod om rettleiing og gjennomgang av saksporteføljen.

Kvalifiseringsprogrammet er del av opplæringa i sosialtenestelova som vi tilbyr alle nytilsette i Nav. Vi har gjennomført slik opplæring vår og haust. Også meir erfarne rådgjevarar ved Nav-kontora har delteke.

Vi stimulerte Nav-kontora til deltaking på Mulighetskonferansen i Nav ved at vi gav kontora tilskot for å dekke reise og opphald for tilsette som deltok.

Elles viser vi til kvalitativ årsrapportering sendt Arbeids- og velferdsdirektoratet 06.01.2015.

73.4 Økonomisk rådgivning

Fylkesmannen har i samarbeid med regionkontakta vår på området arrangert grunnkurs over to dagar. Det var 22 deltakarar på kurset.

For å stimulere Nav-kontora til deltaking på den nasjonale konferansen "Penger til besvær", gav vi tilbod om tilskot til reiseutgifter og konferanseavgift ved deltaking. Ti kontor nytta tilbodet og deltok. Tre personar som arbeider i interkommunale prosjekt deltok også. I forkant arrangerte vi ein fagdag saman med Fylkesmannen i Troms for deltakarane frå våre to fylke. Vi hadde ulike innlegg frå fylka, frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, Helsetilsynet og frå Sør-Trøndelag. Vi har også arrangert ein fagdag her i fylket med 47 deltakarar. Tema her var forebygging av økonomiske vanskar.

Alle Nav-kontor deltok i fagleg forum for økonomisk rådgjeving. Det har vore fire regionale nettverk i fylket, som har ulik møtefrekvens med frå to til seks møte i året. Nettverka har samarbeid med namsmennene, og vi dekkjer eventuelle utgifter til møtelokale.

Fylkesmannen har engasjert ekstern konsulent som Nav-kontora kan ringe til for å få rettleiing i gjeldssaker. Han tilbyr også besøk i kontora for å gi opplæring og rettleiing. Konsulenten har dessutan delteke på nokre møte i dei regionale nettverka. Han har arbeidd 98 timar i 2014.

Tre interkommunale prosjekt har fått midlar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet til samarbeid om gjeldsrådgjeving. Dette er eitt prosjekt i Nordfjord (seks kommunar) og to i Indre Sogn (tre kommunar + tre kommunar). Vi har lagt til rette for erfaringsdeling mellom prosjekta. I tillegg har vi stimulert to nye kommunar til interkommunalt samarbeid. Desse vart interesserte i å starte, men sidan det ikkje lenger er mogeleg å få midlar til slike prosjekt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet er det tvilsamt om prosjekt blir realisert.

73.5 Boligsosialt arbeid

Det er fem kommunar som har fått tildelt tilskot til bustadsosialt arbeid i Sogn og Fjordane. Desse er Årdal, Eid, Naustdal, Flora og Vik.

Internt i embetet samarbeider vi om tildeling av tilskot på rus-, bustadsosialt- og barnefattigdomsområdet. For å kunne følge opp alle kommunar på ein tilfredsstillande måte, inviterte vi kommunar som hadde tilskotsmidlar på nemnde område til ein dag med erfaringsutveksling mellom kommunane. Husbanken og kompetansesenteret Bergensklinikkene deltok i tillegg til 15 av kommunane i fylket.

I lag med Husbanken er dei tre største kommunane i fylket, Førde, Flora og Sogndal, inviterte til å delta i Husbanken sitt Velferdsprogram for bustadsosialt arbeid. Fylkesmannen sit i styringsgruppa for arbeidet, og sikrar gjennom det at kommunane med dei største utfordringane på bustadområdet legg vekt på arbeidet.

For at alle kommunar skal kjenne til tilskotsordninga og dei statlege føringane på bustadsosialt arbeid, har det vore tema på samling for NAV-leiarar og nettverk for dei som arbeider med flyktningar i kommunane. Vidare gir vi råd og rettleiing på telefon og ved oppfølging av tilskotsordningane generelt.

73.6 Barn og unge

Det er to kommunar som har fått tildelt tilskot til arbeidet mot barnefattigdom i Sogn og Fjordane. Desse er Høyanger og Flora.

Ved tildeling av midlane blir levekårsutfordringar og Kostra-tal lagde til grunn. I tillegg vurderer vi den lokale kunnskapen om utviklinga i arbeidsmarknaden i kommunane.

Internt i embetet samarbeider vi om tildeling av tilskot på rus-, bustadsosiale- og barnefattigdomsmidlar. For å kunne følge opp alle kommunar på ein tilfredsstillande måte, inviterte vi kommunar som har fått tilskotsmidlar, til ein dag med erfaringsutveksling mellom kommunane. Husbanken og kompetansesenteret Bergensklinikkene deltok i tillegg til 15 av kommunane i fylket. Til samlinga inviterte vi òg ein kommune som hadde fått tilskot frå Barne- og likestillingsdirektoratet til integrering av unge asylsøklarar.

Vi har informert om den breie satsinga på samling for Nav-leiarar og i vårt arbeid med flyktningekonsulentar. Prosjektet Ungdom i Svevet er gjort kjent ved å dele ut rapporten om arbeidet til alle kommunar, og Sjumilssstegsatsinga er òg ein del av dette arbeidet hjå oss.

Ressursrapportering

Innanfor resultatområde 739 og 740 har vi gjort ei intern omfordeling i 2014 samanlikna med 2013. Kvifor?

Total ressursbruk innanfor resultatområda på 700 viser same nivå som 2013, og vi vurderer det difor slik at vi ikkje har vesentlege avvik.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 87 312,55	kr 425 792,77
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 780 234,83	kr 273 144,08
Tilsyn etter lov om sosiale tj. i NAV	kr 184 468,48	kr 182 634,77
Andre oppgaver under ASD	kr 0,00	kr 98 510,91
Sum:	kr 1 052 015,00	kr 980 082,00

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberedskap

Vi har prioritert arbeid i samsvar med embetsoppdrag.

76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten

Fylkesmannen har ei brei kontaktflate mot helseføretak, kommunar og kommunale helsearbeidarar. Vi er engasjert i opplysningsarbeid om samhandlingsreforma der vi tek for oss lovgrunnlag og praktiske konsekvensar

for kommunane. Målgruppene er fleire typar helsepersonell, kommuneadministrasjon, politikarar og frivillige lag og organisasjonar. Vi har hatt møte med einiskildkommunar og med grupper av kommunar, og halde konferansar for alle kommunane i fylket.

Vi har hatt to konferansar for leiarar i helse og sosialsektoren. Psykisk helse og levevaneendring er døme på tema. Vi har også hatt møte spesielt retta mot legar (sjukeheimsmedisin, helsestasjonsmedisin, samfunnsmedisin).

I dette arbeidet har vi nær kontakt med samhandlingskoordinatoren for Vestlandet med arbeidsstad hjå Fylkesmannen i Hordaland. Samhandlingskoordinator og fylkeslege har i år besøkt ei nyoppretta eining for kommunalt akutt døgnopphald (KAD) for erfaringsutveksling og informasjon. Tidlegare har vi besøkt to andre KAD-einingar.

Fylkesmannen har også støtta og samarbeidd med Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt om ein lokal erfaringskonferanse om kommunalt akutt døgnopphald på Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane. Overlegane ved mellom anna KAD i Nordhordland, Fagernes og Jæren la her fram korleis drifta av KAD kan leggest opp.

Helse Førde og kommunane i fylket har etablert ein formell struktur for samarbeidet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta gjennom Koordineringsrådet. Fylkesmannen har ei observatørrolle i dette organet, og deltek aktivt.

Forum for helse, omsorg og folkehelse er ein arena for samarbeid med utgangspunkt i KS sin samarbeidsstruktur. Forumet er breitt samansett av representantar frå:

- * Sogn og Fjordane fylkeskommune
- * Høgskulen i Sogn og Fjordane
- * KS ved representantar for dei fire regionråda i fylket og representantar frå rådmannsutvalet og sekretariatet
- * Brukarrepresentant
- * Fylkesmannen si helse og sosialavdeling
- * Samhandlingskoordinator for Vestlandsregionen
- * Nav
- * Helse Førde

Eit av måla med forumet er å samordne informasjon på tvers av nivå og etatar. Tema på møta har i særleg grad vore å kome med innspel til folkehelseplanen for fylket. Her er til dømes psykisk helse og levevaneendring sentrale tema.

Vi har gjennom samarbeid med Helse Førde, KS, kommunane og andre lagt til rette for at innføringa av meldingsløftet i samhandlingsreforma har vorte godt organisert. Meldingsløftet vart slutført for fylket i juni 2014, slik at vi har på plass digital utveksling av pasientopplysningar mellom helse- og omsorgssektor, legekontor og helseføretak. Organisasjonsforma for meldingsløftet vert brukt vidare i arbeidet med nye prosjekt på feltet velferdsteknologi.

Fylkesmannen deltek også i andre samhandlingsforum mellom helseføretaket og kommunane, som til dømes temamøte mellom aktuelle kommunar (rehabilitering). Fylkesmannen følgjer med på dei andre samhandlingsprosjekta i fylket. For å få til erfaringsutveksling har desse vore presenterte på ulike leiarsamlingar, samlingar for kommunar og for legar.

76.3 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten

Kvalitetsarbeid er tema på nettverksamlingane for leiarar i helse- og omsorgstenestene som vi held to gonger i året. Internkontroll er eit viktig tema.

I 2014 har vi arrangert to læringsstilsyn. Læringsstilsyn går ut på at Fylkesmannen gjer systemrevisjon i ein tilsynskommune medan fleire nabokommunar gjer eigenkontroll på same tema i sine kommunar. Vi arrangerer felles før- og ettermøte for å dele erfaringane, og vi opplever at kommunane som gjer eigenkontroll hevar kvaliteten. Fem kommunar har hatt læringsstilsyn om barn i fosterheim. Fem kommunar har hatt læringsstilsyn om rehabilitering i sjukeheim.

Vi har no arbeidd med læringstilsyn i tre år og oppsummerte i desember erfaringane med seks læringstilsyn i 32 kommunar i ein rapport til Statens helsetilsyn.

Kvalitative evalueringsdata syner at kommunane set pris på arbeidsforma og at ho fører til forbetringar i styringssystemet. Kvantitative data som skildrar tenesteytinga, tyder på at kommunane har gjort endringar i arbeidsformer som har gitt betring i sjølve tenesteytinga.

Studien viser like god eller betre tenestekvalitet seks månader etter avslutta tilsyn i dei kommunane som hadde hatt læringstilsyn, samanlikna med tenestekvalitet i kommunar som hadde vanleg tilsyn. Fylkesmannen sin ressursbruk er monaleg mindre ved gjennomføring av læringstilsyn. Samla sett tyder funna på at læringstilsyn er ei godt eigna arbeidsform som kan gi gode resultat på tenestyting, samstundes som Fylkesmannen si ressursutnyttinga er betre enn ved vanleg tilsyn.

Fylkesmannen sitt nettverk for sjukeheimslegar hadde vårmøte om smertebehandling og medikamentreduksjon hos demente og haustmøte om nyresvikt hos eldre. Møta samla om lag 20 sjukeheimslegar.

Fylkesmannen tok i 2014 initiativ til oppstart av forum for helsestasjonslegar. Eitt møte er arrangert med hovudtema overvekt og spiseforstyrningar hos barn og unge.

Fylkesmannen arrangerte smittevernkonferanse også i 2014. Dette er dels av omsyn til sjølve smittevernet, men det er òg eit tiltak for å byggje det samfunnsmedisinske nettverket i fylket. Smittevernkonferansen er tverrfagleg og engasjerer mange legar. Hovudtema var NOIS (Norsk overvåkningssystem for antibiotikabruk og helsetjenesteassosierte infeksjoner), retningsliner for antibiotikabehandling og kommunale smittevernplanar basert på ei kartlegging gjort av Fylkesmannen. Vidare presenterte vi aktuell epidemiologisk oversikt over smittevernutfordringane i fylket og eksempel på praktisk smittevernarbeid i kommunane. Etter søknad har Helsedirektoratet gitt bidrag til denne konferansen.

Fylkesmannen og Helse Førde har hatt eitt kontaktmøte om vidare samarbeid om avvikssaker i spesialisthelsetenesta.

Vi heldt i haust ei godt besøkt IPLOS (Individbasert pleie- og omsorgsstatistikk)-samling.

76.5 Felles digitalt nødnett

Naudnettet er ikkje innført i fylket og innføringa er no venta i slutten av 2015.

I samarbeid med Helse Førde og Helsedirektoratet har vi som førebuing tidlegare delteke på fleire møte med kommunane om endringar i legevaktordning og legevaktsentralar, og om førebuing til bruk av naudnettsamband i akuttmedisinske tenester.

76.6 Helseberedskap og smittevern

Fylkesmannen har gjennomført smittevernkonferanse i samarbeid med Helse Førde og Helsedirektoratet. På konferansen var tema blant anna NOIS og retningsliner for antibiotikabehandling. Smittevern har vore teke opp på fleire møte med helsepersonell.

Vi har innhenta oppdatert personelloversikt over smittevernlegar i alle kommunar og kommuneoverlegar i aktuelle kommunar, i samarbeid med beredskapsavdelinga hjå Fylkesmannen. Den innhenta informasjonen er registrert i CIM.

76.7 Personell og kompetanse

Kompetanseløftet 2015

Alle kommunane har rapportert på Kompetanseløftet 2015, resultat- og plantal. Mange av kommunane rapporterte ikkje innan fristen slik at purrerunde vart nødvendig.

I alt 25 av dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane søkte om og fekk tildelt midlar frå tilskotsordninga for Kompetanseløftet 2015. Tilskotet har vorte nytta til å delfinansiere ulike utdanningar, både grunnutdanningar og vidareutdanning, og ulike prosjekt for rekruttering og kompetanseheving. Delar av tilskotsmidlane vart også dette

året nytta til utvikling av nye utdanningstilbod i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen. Omfanget av søknadene utgjorde om lag det doble av tilskotsramma for 2014.

Utviklingscenteret i Sogn og Fjordane har gjort ein stor innsats med å få med mest alle kommunane i fylket på ABC-opplæring. Vi har samarbeidd med Utviklingscenteret for sjukeheimar og heimetenester og Helse Førde om Pasienttryggleiksprosjektet. Det er gjennomført læringsnettverk med kommunane i 2014. Totalt 9 kommunar med 14 team har delteke. Det er planar om å halde fram med nye læringsnettverk i 2015. Ein tilsett hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennomført opplæringsprogrammet "Helse og omsorg i plan".

Turnusplassar for fysioterapeutar er skaffa i samsvar med behov. Kvaliteten på turnusplassane vurderer fysioterapeutkandidatane som god. Talet på plassar er nokonlunde stabilt, men i 2014 var det behov for å få ein kommuneplass meir enn tidlegare år. Det er mangel på turnusplassar i sjukehus. Vi har pressa ekstra på Helse Førde HF for at dei skal ta imot fire kandidatar på Sentralsjukehuset.

76.8 Rettsikkerhetsarbeid

Pasient- og brukarrettslova § 4A

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har danna eit 4A-nettverk. Vi har møte ein til to gonger kvart år. Eit av måla er å sikre så lik behandling av 4A-vedtak som mogeleg i dei tre fylka.

Vi har i 2014 ikkje hatt undervisning for større grupper om 4A, men vi har hatt mykje rettleiing til helsepersonell på telefon.

Jurist og helsepersonell hos Fylkesmannen har møte kvar veke der alle vedtak blir gjennomgåtte.

Sakene blir registrerte fortløpande i Nestor. Vi har fått inn 36 vedtak i 2014. Dette er ein nedgang frå 2013 då det var over 50 vedtak. Ni vedtak varte over tre månader, og åtte av desse vart handsama innan tre til fire månader. Eitt vedtak blei handsama etter fire til fem månader. To vedtak, eitt i spesialisthelsetenesta og eitt i kommunen, blei oppheva. Vi har ikkje fått klage.

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester kapittel 9

I alt 17 personar har vedtak på tiltak som gjeld tvang eller makt. Vedtak og enkeltmeldingar blir registrerte på Nestor fortløpande, og er alle behandla innafor fristen.

Vi har faste samarbeidsmøte med Vaksenhabiliteringa to gonger årleg, der vi utvekslar erfaring og samarbeider om ulike problemstillingar. Vi har òg eit fagleg nettverk i lag med fem andre fylkesmenn der vi møtest om lag ein gong årleg.

Vi gjennomførte sju individtilsyn i 2014, der to tiltak var nye. I tillegg gir vi råd og rettleiing til både foreldre og tilsette i kommunane. Det har ikkje vore gitt anna opplæring i år. Opplæring er utsett til rundskrivet er klart.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Saker om fritak for teieplikt gjeld søknader om fritak for tilsette innanfor fleire profesjonsgrupper. Totalt har vi behandla søknader om fritak for teieplikt for 34 personar i 2014. Søknadane gjeld tilsette innanfor følgjande profesjonsgrupper:

- barnevern: 5 personar
- skule: 15 personar
- barnehage: 6 personar
- Nav: 1 person
- helsepersonell: 7 personar

Fylkesmannen samtykte til fritak frå den forvaltningsmessige teieplikta for 28 tilsette i forvaltninga i 2014. Ei sak gjaldt søknad om fritak frå den profesjonsmessige teieplikta for 2 sjukepleiarar og 2 hjelpepleiarar. Denne søknaden vart avslått då vi ikkje har heimel for å kunne fritta for profesjonsmessig teieplikt.

To søknader vart trekte etter rettleiing frå oss om at søkjaren først måtte forsøke å innhente samtykke frå dei sakene gjaldt, før søknadane kom inn til oss.

Saksbehandlingstida i desse sakene er kort, og normalt blir dei behandla i løpet av eit par dagar.

Vi har elles gjort ein ekstra innsats for å oppdatere interne prosedyrar og sikre at vi har oppdaterte delegasjonsfullmakter frå aktuelle departement i desse sakene.

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	34	
Sum	34	

77.3 Særfradrag

Vi har handsama tre særfradragssaker i 2014. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid er 25 dagar. Ei av avgjerdene våre vart klaga på. Helsedirektoratet gav ikkje skatteytaren medhald i klagen.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	3	25
Sum	3	

77.4 Førerkortsaker

Fylkesmannen sende 216 meldinger til politiet med tilråding om inndraging av førarkort fordi helsekrava til førarkort ikkje var stetta.

I 2014 handsama vi 499 søknader om dispensasjon, med slikt utfall:

- 296 personar fekk dispensasjon
- 112 stetta helsekrava slik at det ikkje var grunnlag for ein dispensasjon
- 63 søkarar fekk avslag på søknaden sin
- 28 fekk delvis dispensasjon (avslag på minst ein førarkortklasse)

I alt 140 saker er ulike rådgjevings- og rettleiingssaker til fastlegar, spesialistar, Statens vegvesen, politiet og andre.

Alle sakene vert registrerte i Trafikk-systemet slik at Helsedirektoratet kan ta ut heil- og halvårsstatistikk. Vi rapporterer også førarkortsakene kvart kvartal til leiarmøtet i embetet.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	851	20
Sum	851	

77.5 Pasientjournaler

Vi har ikkje hatt saker på dette området.

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMSF	0

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

For å ivareta mellom anna folkehelseomsyn i planarbeidet har Fylkesmannen gitt uttale til ulike planar og planprogram frå kommunar og fylkeskommunen. Fylkesmannen har oppretta ei tverrfagleg plangruppe med representantar frå alle avdelingane i embetet. Grappa drøftar felles problemstillingar og innspel frå dei ulike avdelingane der folkehelseomsyn i planarbeid har vore eitt tema. Vi gir innspel først og fremst til planstrategiar, planprogram, kommuneplanane sin samfunnsdel, men og til arealdelen når vi har kapasitet. Arbeidet er tverrfagleg og vi har godt samarbeid mellom helse- og sosial avdelinga og utdanningsavdelinga på dette området. Gjennom sjumilsstegprosjektet har dette utvikla seg positivt. Omsyn til barn og unge og oppveksttilhøve, likestilling og integrering er sentrale tema for begge avdelingane.

Tiltak for å styrke skulemiljøet er utsett til 2015. Helsedirektoratet og andre sentrale aktørar hadde vanskar med å avvikle alle planlagde samlingar hausten 2014, og vi vart samde om ei utsetjing av den planlagde satsinga med krafttak for eit betre arbeidsmiljø for elevane.

Vi har hatt to samlingar der forvaltning av alkohollova har vore tema. Vi hadde skjenkekontroll som eige tema på konferanse for kommunane i fylket i november. Ansvarleg alkoholhandtering var tema på ein annan dagssamling i november, der seks kommunar deltok med ansvarspersonar for oppfølging på området.

Vi har delteke på Helsedirektoratet sine samlingar for folkehelserådgjevarar om oversiktsarbeidet og andre relevante tema for dette arbeidet.

83.1 Folkehelsearbeid

Fylkesmannen har gitt fråsegn til alle kommunale planstrategiar, planprogram og samfunnsplanar som vert lagt fram for oss, med tilvising til folkehelselova og ny plan- og bygningslov. Vi legg vekt på å gje råd til kommunane om at dei må skaffe seg oversiktsbilete over faktorar som fremjar og skader helsa i befolkninga. Vi legg og vekt på kravet til tverrfagleg vurdering i planarbeidet, og syner til krav om å skaffe overiktsbilete over faktorar som påverkar helsetilstanden i befolkninga.

Oversiktsarbeid for helsetilstand og faktorar som påverkar helsetilstanden, både negative og positive, har vore tema på fleire arenaer både for kommunane og fylkeskommunen. Det var tema på samhandlingskonferansen for helse og omsorgspersonell i april, på samling for folkehelsekoordinatorane i juni og for koordinatorane i sjumilsstegsatsinga saman med folkehelsekoordinatorane i september 2014.

Vi har ikkje hatt eigne samlingar med kompetansehevande tiltak for å følgje opp kartlegging av godkjenning av skular i tråd med forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Vi hadde planlagt å ha konferanse om krafttak for å styrke arbeidsmiljø for elevar i eit folkehelseperspektiv. Dette arrangementet vart flytta til 2015, grunna kapasitetsmangel på foredragshaldarar frå Helsedirektoratet og andre sentrale aktørar hausten 2014.

Vi har gjort nye retningslinjer kjende på våre nettsider, både på framsida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og på avdelingssidene til utdanning og helse- og sosial. Vi har òg sendt ut lenke til kartleggingsresultata over godkjenningstatus og kommunalt tilsyn med miljøretta helsevern frå Helsedirektoratet.

Vi har i fleire samlingar informert om krav til kompetanse i forvaltning av alkohollova. Vi hadde skjenkekontroll som eige tema på konferanse for kommunane i fylket 4. til 5. november 2014. Ansvarleg alkoholhandtering var tema på dagssamling i november, der seks kommunar deltok med ansvarspersonar for oppfølging på området.

Vi har gjennomført tilsyn med folkehelsearbeidet i tre kommunar i fylket. Tilsynet var spissa mot kommunen sitt arbeid med jamleg oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar.

I 2014 har vi ikkje hatt klagesaker om miljøretta helsevern.

Fylkesmannen har ikkje hatt klagesaker etter alkohollova.

Folkehelsearbeidet og folkehelselova har vore tema i Forum for helse, omsorg og folkehelse. Forumet er sett saman av representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, Nav, Helse Førde, samhandlingskoordinator, Fylkesmannen og representant frå brukarutvalet. Folkehelsearbeidet vart belyst frå ulike aktørar og ståstader, og lovkrava i folkehelselova vart løfta fram spesielt i planarbeidet. Fylkesmannen

har delteke i to samlingar for folkehelsekoordinatorar som fylkeskommunen har arrangert. Vi har informert om nye retningslinjer og strategiar på området frå Helsedirektoratet. Forumet for helse-, omsorg og folkehelse har vore sentral aktør for å kome med innspel til den regionale planen for folkehelse, og har hatt gruppearbeid om dette fleire gonger siste halvåret.

Fylkeskommunen er i gang med å utarbeide regional plan for folkehelse. I forkant vart det utarbeidd eit oversiktsdokument som har vore presentert både på felles arenaer med fylkeskommunen og på samlingar som vi har hatt ansvar for.

Vi har samarbeidd tett med fylkeskommunen på folkehelseområdet, også når det gjeld oversiktsarbeidet.

«Verdas tobakksfrie dag» 31. mai vart markert rundt om i fylket av kommunane ved helsesøstrer, vidaregåande skular og tannhelsetenesta. Fylkesmannen har etter søknad delt ut midlar til kommunane Høyanger, Førde, Vågsøy og Stryn, og til arbeidsgrupper som har nytta midlane til tiltak i ungdomskule og vidaregåande skule.

Mindre tobakksbruk er framleis eitt av satsingsområda til folkehelsegruppene ved dei vidaregåande skulane. Vi har gitt råd og rettleiing i samband med nye retningslinjer etter tobakkskadelova. Vi har fått spørsmål om tobakksfrie inngangsparti, tobakksfrie skular og skuleområde og om lovtolking for internatskular med eldre elevar.

FRI-programmet

Sogn og Fjordane var i november 2014 på topp blant fylka med del påmelde FRI-programmet. Av elevane på ungdomsskuletrinnet var 86 prosent påmelde.

Vi har dei siste åra delt ut ein pris til ungdomsskular som har meldt på alle klassane til programmet. I 2014 delte vi ut 10 000 kroner til Kvåle skule i Sogndal. Kriterium for å søkje om midlar er at dei har med alle ungdomsskuleklassane i FRI-programmet.

Vi har gitt tilbod om eit dagskurs om ernæring for tilsette i helse- og omsorgstenesta. Tre av kommunane i fylket har hatt slike kurs. Dette var eit samarbeid mellom Fylkesmannen og Luster vidaregåande skule. I 2014 har det og vore tilbod om kurs i ernæring for tilsette i kantinen i vidaregåande skule. Her er det lagt stor vekt på bruk av meir fisk, meir grovt mjøl og meir frukt og grønt.

Førebygging av rusproblem, vald og overgrep var hausten 2014 tema på ein stor konferanse med over 120 deltakarar. Tidleg intervensjon og førebygging var sentrale tema.

Resultatområde 84 kommunale helse- og omsorgstjenester

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Fylkesmannen har gode kontaktpunkt med legar utanfor sjukehus basert på kommunekontakt, nettverk for samfunnsmedisin, smittevernkonferanse og tilsynslegeforum (sjukeheim) og helsestasjonsforum.

Det er ei aukande interesse for samfunnsmedisin i fylket. Fylkesmannen har eit eige nettverk for legar i samfunnsmedisinsk arbeid. I tillegg har vi samarbeidd med Legeforeninga om å etablere rettleiingsgrupper i samfunnsmedisinsk vidareutdanning for legar. Det er to aktive rettleiingsgrupper i samfunnsmedisin med til saman 24 deltakarar, 20 prosent av alle fastlegar.

Samfunnsmedisinsk møte for legar vart også i år arrangert over to dagar for å gi rom for både formell og uformell kontakt mellom kommunelegane. Møtet var eit samarbeidsprosjekt mellom dei to utdanningsgruppene og Fylkesmannen. Hovudtema i år var legerekuttering i utkantstrok. Elles var samfunnsmedisinsk leing og psykososialt støttarbeid i lokalsamfunnet tema.

Vi arrangerte smittevernkonferanse også i 2013. Dette er dels av omsyn til sjølve smittevernet, men også eit tiltak for å bygge det samfunnsmedisinske nettverket i fylket. Smittevernkonferansen er tverrfagleg og engasjerer mange legar. Hovudtema var Norsk overvåkingssystem for antibiotikabruk og helsetjenesteassosierte infeksjoner (NOIS), antibiotikabruk og kommunale smittevernplanar basert på ei kartlegging gjort av Fylkesmannen.

Det etablerte nettverket for sjukeheimslegar samlar om lag 20 deltakarar to gonger årleg. I år var temaa smertebehandling, medikamentreduksjon hjå demente og nyresvikt hos eldre. I tillegg til hovudtema blir det lagt til rette for erfaringsutveksling mellom sjukeheimslegane.

Vi har også etablert forum for helsestasjonslegar. Der har vi halvårlege møte over ein dag med undervising i relevante tema og overføring av eigne erfaringar mellom kommunane. I 2014 var overvekt og spiseforstyring hos barn og unge hovudtema.

Vi gjorde ei kartlegging av rekrutteringa og stabiliteten av fastlegar i fylket i januar 2014 og publiserte denne i helse-, omsorgs- og barnevernmeldinga. Det er framleis rekrutteringsvanskar i fleire kommunar. Det er også problem med å få legar til å bli verande i fylket. Det kom fram av kartlegginga at 16 prosent av fastlegane er vikarar, ein femdel har vaktfritak og nær ein tredel er over 55 år. Ny kartlegging vert gjort i 2015 og vil verte publisert.

Saman med Fylkesmannen i Rogaland og Hordaland gjennomførte vi ei omfattande kartlegging og samlevurdering av legevakttenesta i dei tre fylka. Resultatet vart ein rapport som er sendt til Helsedirektoratet. Konklusjonane er:

- Legevaktslegane er svært viktige i den akuttmedisinske kjeda utanfor sjukehus. For å halde ved like legane sin kompetanse innan akuttmedisin, må tenesta organiserast slik at legevaktslegane blir naturlege deltakarar i akuttmedisinske situasjonar.
- Vi meiner at fleire kommunar bør vurdere å innføre bakvakt for legevaktslege, ikkje minst av beredskapsomsyn.
- Legevaktteneste, akutthjelpar og ambulanseteneste er viktig for innbyggjarane og sentrale i beredskapen i kommunane. Ved akuttmedisinske hendingar skal dei fungere som ei samla kjede. Desse tenestene skal fungere saumlaust og må i større grad vurderast samla.
- Sentralisering av legevaktordningane har gitt grunnlag for betre kvalitet. Samtidig har sentralisering fleire stader ført til lengre utrykkingstid for legevaktslege og lengre reisetid for dei som sjølve oppsøker legevakta. Framlegg til forskrift om krav til organisering av kommunal legevaktordning kan bidra til ytterlegare sentralisering. Denne utviklinga må ein vurdere fortløpande.

Nytt legevaktnummer er planlagt innført frå våren 2015. Vi har delteke i førebuinga av innføringa ved å informere kommunar og legar i ulike forum.

Gjennom samarbeidet med Helse Førde har vi også i 2014 arrangert to kurs i akuttmedisin for legar.

Fylkeslegen rettleier sær oppgåva til ein legestudent som gjer ein studie på samarbeid mellom distriktsmedisinarar og lokalsjukehus i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

I tillegg til den direkte kontakten med fastlegane har vi møtepunkt med kommunane der legetenesta er tema. Vi har mellom anna teke for oss fastlegeforskrifta. Vi utarbeider også tilstandsanalyse der vi viser dimensjonering av legetenesta i sjukeheimane for kvar kommune. Vi viser korleis kommunane dekkjer oppgåvene i førebyggjande arbeid i helsestasjon og skule, som mål på dimensjoneringa av bemanninga her.

Samhandlingskoordinator og fylkeslege har besøkt ei nyoppretta eining for kommunalt akutt døgnopphald for erfaringsutveksling og informasjon.

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Fylkesmannen har årlege møte med Vik fengsel og kommunen om helsetilbodet til innsatte. Fengselet har mange utanlandske statsborgarar i varetekt, og fengselshelsetenesta har utfordringar i kommunikasjonen med desse. Tolk vert nytta. Fylkesmannen følgjer med på samarbeidsavtalene fengselet og kommunen har med tannhelsetenesta og spesialisthelsetenesta, og vi er med på å drøfte det tverrfaglege samarbeidet. Utfordringar for fengselet og fengselshelsetenesta er press på legevakt og rutinar rundt legemiddelassistert rehabilitering.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Fylkesmannen har delteke på samling for kommunar med asylmottak arrangert av Integrerings og mangfoldsdirektoratet (IMDi). Tema var i første rekkje korleis vi kan førebyggje tvangsekteskap, førebygging av kjønnslemlesting og oppfølging av dei som har vore utsette for kjønnslemlesting.

Vi har hatt desse handlingsplanane som tema to gonger i haust på kompetansehevande kurs for helsestasjons- og skulehelsetenesta, og for personell som arbeider på Nav og i barnevernet.

Fylkesmannen har òg prøvd å ta initiativ for å få i gang eit nettverk for kompetanseheving blant helsepersonell i vertskommunar for statlege asylmottak. Det har ikkje lukkast så langt.

84.8 Forebyggende helsetjenester

Fylkesmannen i 2014 har hatt merksemd på forebyggjande helsetenester i fleire samanhengar.

Det er oppretta forum for helsestasjons- og skulelegar for å styrkje deira arbeid og engasjement i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Vi har hatt tema om forebyggjande helsetenester oppe på samling for helsesøstrer og anna helsepersonell.

På ulike konferansar har vi gjort kjent nytt vaksinasjonsprogram for rotavirus og meningokokkvaksine for helsesøstrer og leiarnettverk.

Bemanninga i helsestasjon og skulehelseteneste i kommunane er om lag den same som tidlegare. Ein av dei store kommunane har fått styrka skulehelsetenesta i vidaregåande skule med ei ekstra stilling. Ellers har det så langt vi kjenner til ikkje skjedd store endringar i samband med auken i statsbudsjettet. Mange kommunar slit med dårleg økonomi, og det er vanskeleg å få prioritert nye stillingar som det ikkje er øyremerkte midlar til. Fylkesmannen har delt ut midlar til forebygging av uønskte svangerskap og abort. Vi har og støtta opplysning og opplæring i arbeid for å forebygge kjønnslemlesting og tvangsekteskap.

Ni kommunar i fylket har sett i gang frisklivssentralar. I tillegg startar ein kommune opp med frisklivssentral i februar i 2015 og endå ein har planar om å starte opp i løpet av første halvår 2015. Det er etablert eit meistrings- og frisklivsarbeid i tre av sentralane. Fleire av desse kommunane har òg etablert gode ordningar for tidleg intervensjon og oppfølgingstilbod til personar med kroniske lidingar. Fylkesmannen har på fleire samlingar hatt oppe tema og orientert om frisklivssentralar. Vi har hatt ei dagssamling med erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i frisklivssentralane i fylket.

84.11 Tannhelse

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med tannhelsetenesta i fylket.

Tannhelsetenesta samarbeider med Fylkesmannen om markering av Verdens tobakksfrie dag.

Tannhelsetenesta har òg kontakt med Fylkesmannen for å utvikle samarbeidet med pleie- og omsorgstenesta i kommunane om ernæringsiltak. Dessutan har tannhelsetenesta saman med barnevernet utvikla tiltak og kartleggingsverktøy for å forebygge vald og overgrep.

Ein representant for tannhelsetenesta har infomert på konferanse for leiarar i helse- og omsorgstenesta om tilbod og kven som tilhøyrrer prioriterte grupper i tannhelsetenesta.

84.12 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Fylkesmannen har i 2014 ført tilsyn med rehabilitering av slagpasientar i to kommunar. I tillegg har vi hatt læringstilsyn med seks kommunar, inkludert ein av dei kommunane som hadde systemrevisjon.

Alle kommunane har oppretta koordinerande eining og har ein kontaktperson på dette området. Tilsyna avslørte at sjølv om ei slik eining er etablert, har ho ikkje ei organisatorisk forankring og plassering som gjer at ho fungerer i samsvar med målsettinga og lovkrava.

Vårt inntrykk er at mange kommunar er vortne flinke å tilby individuell plan. Det er likevel ikkje godt nok innarbeidd hjå alle tenestene i kommunane. Ikkje alle som har rett på tilbod om individuell plan, får eit slikt tilbod. Dei får heller ikkje alltid tilbod om koordinator, verken i kommunehelsetenesta eller i spesialisthelsetenesta.

Eit overordna perspektiv på rehabilitering og bruk av individuell plan var i april tema på leiarnettverk for helse- og omsorgsleiarar.

84.13 Omsorgsplan 2015/2020

I 2014 har vi utvikla samarbeidet og samhandlinga med andre aktørar i fylket som har ansvar og oppgåver på helse og omsorgsfeltet. Målgruppene er ofte dei same, og føremålet er at vi skal møte kommunane meir samordna.

Vi har gjennomført konferanse om velferdsteknologi og innovasjon i helse- og omsorgstenestene i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Målgruppa for konferansen var mellom anna leiarar og tilsette i helse- og omsorgstenestene. Fylkeslegen nytta møteplassen til å presentere statistikk som synte resultat og utfordringar i helse- og omsorgstenestene i fylket. Denne "fylkeslegens time" vart også nytta til å løfte fram aktuelle tema frå Omsorgsplan, mellom anna om nasjonal kartlegging av tilbodet til demente.

Saman med KS og Helse Førde arrangerte vi våren 2014 samhandlingskonferanse og leiarnettverk for leiarar i helse og omsorgstenestene saman med KS og Helse Førde HF. Tema på denne samlinga over to dagar var mellom anna:

- sjukdomsbyrde i den norske befolkninga
- epidemiologi og sosiale skilnader i helse
- rehabilitering og strakshjelp i kommunane
- utviklinga i helsetenesta, sett i lys av fylket og landet

Forum for helse-, omsorg- og folkehelse er ein møteplass for mellom andre leiarar i kommunane, høgskulen, KS, fylkeskommunen, brukarar og Fylkesmannen. Denne møteplassen blir nytta til å ta opp aktuelle tema innan helse, omsorg og folkehelse. Mellom anna har kompetanse og rekruttering i helse- og omsorgssektoren vore tema dette året.

Vi har delteke på Helsedirektoratet sine kontaktmøte om Omsorgsplan 2015/Omsorg 2020. Samarbeidet med Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester fungerer godt, og vi har delteke på møte i fag- og samarbeidsrådet. Vi har også delteke og bidrege på regional samling med utviklingssentera og regionalt senter for omsorgsforskning då samlinga vart arrangert i Sogn og Fjordane dette året.

Ut frå det vi kjenner til, er det framleis lite utbygging av nye sjukeheimar og omsorgsbustader i fylket. I 2014 har vi delteke på eitt møte med Husbanken og ein kommune om eit kommunalt sjukeheimsprosjekt.

Informasjon om ulike tilskotsordningar som er retta mot helse- og omsorgstenestene i fylket, har vi lagt ut på nettsidene våre. Vi har sendt ut skjema til alle kommunane i fylket i den nasjonale kartlegginga av tenestetilbodet til demente, og sendt svara vidare til Aldring og helse.

84.14 Psykisk helse og rus

Fylkesmannen har i 2014 forvalta tilskot til etter- og vidareutdanning i rusarbeid. Tre kommunar søkte og fekk tilskot. Sju kommunar har fått tilskot til utvikling og utprøving av samhandlingsmodellar på rusfeltet, medan 14 kommunar har fått tilskot til kommunalt rusarbeid.

Rusfagleg forum er eit veletablert forum som har to samlingar over to dagar vår og haust. Dette er eit forum for alle som arbeider innanfor rusfeltet i fylket. Spesialisthelsetenesta er med i planlegginga saman med høgskulen, Helse Førde, KoRus Vest, rusettervernet og kommunerepresentantar. Invitasjon går ut til ei brei målgruppe i kommunane, i tillegg til brukarorganisasjonar, Nav og politiet.

Tema for samlinga våren 2014 var rusmisbruk og psykisk lidelse (ROP), og korleis forstå og behandle ROP-vanskar. Dette var ei dagssamling.

Hausten 2014 arrangerte vi konferansen Rus, vald og overgrep i nære relasjonar. Denne samlinga gjekk over to dagar og hadde om lag 130 deltakarar.

I 2014 har vi arrangert kurs i Motiverande intervju (MI), både grunnkurs og MI 2 kurs, begge over to dagar og med stor interesse. Vi har òg i samarbeid med KoRus arrangert opplæring for nøkkelpersonar innan MI, og starta nettverk for desse i fylket.

Vi arrangerte nettverksamling for alle tilskotskommunane i fylket. Dette gjaldt bustadsosialt arbeid, samhandlingsmodellar, kommunalt rusarbeid og barnefattigdom. Husbanken var invitert og deltok på samlinga.

Vi har to til tre gonger i året eit samarbeidsforum som vi kallar Ressursgruppe rus. Her deltek representantar frå Helse Førde, KoRus, høgskulen, Rusettervernet, kommunane og Fylkesmannen. Vi har hatt to slike møte i 2014.

Våren 2014 vart det i samarbeid med Kompetansesenter rus arrangert samlingar for kommunane om brukarplan.

Det vart i juni arrangert ein jubileumskonferanse innan rusbehandling i samarbeid med fylkesmennene i Hordaland og Rogaland, KS og Helse Vest RHF. Konferansen gjekk over to dagar med over 250 deltakarar. Fylkesmannen bidrog med reiseutgifter for dei kommunane som ønskte å delta. Berre to kommunar og ein brukarorganisasjon deltok.

I samarbeid med KoRus Bergen har vi i september stått bak ei todagarssamling omimplementering av ROP-retningslinjene her i fylket.

Saman med Fylkesmannen i Hordaland og KoRus Bergen har vi hausten 2014 stått bak ei samling om oppfølging for skriving av ruspolitiske handlingsplanar.

Fylkesmannen har forvalta tilskot til vidareutdanningar i psykisk helsearbeid og i psykososialt arbeid med barn og unge. Dei fleste studentane tek vidareutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Vi deltek i referansegruppa for fagplanen for vidareutdanninga i psykososialt arbeid med barn og unge. Fylkesmannen samarbeider med avdelingane for helsefag og samfunnsfag for å gi innspel til utforminga av vidareutdanningane.

Vi har formidla kontakt mellom Sintef og kommane i fylket i samband med rapportering IS-24/2014.

Vi har godkjent rapportering i samsvar med IS-8/2013.

Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

85.1 Abort og steriliseringsnemndene

Vi har peika ut nye medlemmar til abortnemnd og steriliseringsnemnd i fylket.

85.3 Lov om transplantasjon

Antall saker

Embeter	Antall
FMSF	0
Sum	0

85.5 Kosmetisk plastiskkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	
Sum	0	

85.8 Behandling av klager etter psykisk helsevernloven

Fylkesmannen handsama i 2014 i alt 22 klagesaker etter psykisk helsevernlova. Sakshandsamingstida var inntil to dagar. Til samanlikning hadde vi 13 klager i 2013.

85.9 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevernet

Fylkesmannen har handsama ein dispensasjonssøknad om fagleg ansvarleg for vedtak etter psykisk helsevernlova. Vi har ikkje hatt andre dispensasjonssøknader.

Vi har rapportert til HELFO om godkjende poliklinikkar og fagstillingar som gir rett til refusjon, jf. rundskriv IK-15/2001 frå Statens helsetilsyn.

85.10 Kontrollkommisjonsoppgaver

Fylkesmannen har oppnemnt medlemmar til kontrollkommisjonane og sendt kopi av oppnemningane til Helseledningskontoret. Vi har godkjent og betalt ut godtgjersle for møte- og reiseverksemd i kommisjonane, og arkivert dokument frå kommisjonane.

85.11 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Vi har ikkje hatt slike saker.

Ressursrapportering

Vi har betalt ut 1 934 698 kr til kontrollkommisjonen for psykisk helse i 2014.

Det er ingen vesentlege avvik mellom total ressursbruk innanfor departementsområdet når vi samanliknar 2013 og 2014.

Dersom vi ser på ressursbruken innanfor dei ulike resultatområda på HOD sitt område finn vi interne omprioriteringar. Vi har i 2014 hatt ei satsing på folkehelse samanlikna med 2013, der vi mellom anna gjennomførte tre tilsyn. Vi har brukt noko mindre midlar på kommunale helse- og omsorgstenester, og tilsvarande meir på kvalitet og samhandling. Årsaka til denne omfordelinga er at vi i 2014 har vorte meir medvitne på bruk av resultatområda, og meiner no at vi brukar dei slik vi kjem til å gjere framover.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 3 116 839,52	kr 0,00
83 Folkehelsearbeid	kr 680 160,14	kr 0,00
83.1 Folkehelsearbeid generelt	kr 5 621,00	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 2 142 138,77	kr 498 146,90
85 Spesialhelsetjenesten	kr 50 531,07	kr 1 688 769,12
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 1 302 600,43	kr 0,00
Andre oppgaver under HOD	kr 127 831,52	kr -0,03
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 7 425 722,00	kr 2 186 915,00

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Vi har hatt ei sak i 2014. Der stadfesta vi vedtaket frå Statens vegvesen om stenging av avkjørsle.

91.2 Konesjon til anlegg og drift av taubaner

Sakene er behandla i samsvar med oppdraget. Vi har gitt konsesjon til sju baner, tre av desse til nye anlegg. Dei fleste gjeld baner i skianlegg. Vi har ikkje hatt klagesaker.

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

92.1 Apostiller

Vi utførte 566 apostiller i 2014.

92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Vi har ikkje hatt slike saker til handsaming i 2014. Fylkesmannen i Hordaland handsamar sakene som gjeld Hordaland og Sogn og Fjordane.

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

I 2014 vart det utbetalt 606 564 kroner i statstilskot til registrerte og uregistrerte trussamfunn, mot 373 892 kroner i 2013. Kulturdepartementet omgjorde i 2014 eige vedtak om statstilskot 2012 til Florø Islamisk Senter. Utbetalt beløp i 2014 omfattar derfor også etterbetaling av 141 400 kroner i statstilskot for 2012.

Statstilskot 2014 er utbetalt til:

- Eritreiske Ortodokse Tewahedo Kirke Abune Teklehaymanot i Sogndal, 93 medlemmar
- Filadelfia Stryn, 18 medlemmar
- Florø Islamisk Kultursenter, 353 medlemmar
- Førde Islamske Senter, 224 medlemmar
- Førde Pinsemenighet, 32 medlemmar
- Kristkyrkja i Florø, 43 medlemmar
- Kristkyrkja i Førde, 27 medlemmar
- Nordfjord bibelsenter, 15 medlemmar
- Pinsekirka Filadelfia, Florø, 57 medlemmar
- Pinsekyrkja Sion, Sandane, 86 medlemmar
- Pinsemenigheten Filadelfia, Stadlandet, 71 medlemmar
- Pinsemenigheten Sion Luster, 16 medlemmar

I 2014 fekk vi søknad om statstilskot frå to nye, uregistrerte trussamfunn:

- Eritreiske Ortodokse Tewahedo Kirke Abune Teklehaymanot i Sogndal
- Sogn Islamic Center

Vi avslo søknaden om statstilskot frå Sogn Islamic Center.

Pinsemenigheten Sion Luster er etter eige ønskje blitt sletta frå registeret vårt.

I 2014 fekk vi ingen klager på fastsett statstilskot. Vi fekk heller ingen klager på kommunale tilskot.

I 2014 fekk vi ingen søknader om registrering av trus- eller livssynssamfunn. Forstandaren i eitt trussamfunn har slutta. Vi har fått ein søknad om godkjenning av ny forstandar. Vi har bedt om tilleggsopplysningar til søknaden.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

Fylkesmannen behandla 36 søknader om oskespreiing i 2014, mot 24 søknader i 2013. Vi innvilga 33 og av slo tre søknader.

Fylkesmannen behandla ingen søknader om privat gravplass i 2014.

Fylkesmannen behandla i 2014 ingen klager på kommunale enkeltvedtak på området.

Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

I 2014 behandla vi ti søknader om dispensasjon frå regelen om at utsalstader skal halde stengt på helgedagar, det same som i 2013. Vi godkjende åtte søknader i 2014, mot ni i 2013.

I 2014 behandla vi ein søknad om å få fastsett forskrift om at ein kommune skal reknast som typisk turiststad. Framlegg til forskrift vart sendt på høyring. Saka vart ikkje ferdigbehandla i 2014.

Andre

Ressursrapportering

Når vi samanliknar resultatområde 910 med 2013 og 2014, er det store avvik. Årsaka til dette er at resultatområde 910 no er delt, og vi førte mykje av kostnaden i 2014 på 604. Når vi ser dei to resultatområda i samanheng, finn vi eit høgare forbruk i 2014 enn i 2013. Årsaka til dette er ei ekstratildeling til Trippelnett på grunn av drift av to publiseringsløysingar.

Resultatområde	Kapittel 0525 Fagdep.
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 1 983 736,78 kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 2 875,44 kr 0,00
Sum:	kr 1 986 612,00 kr 0,00